

Soga om garden og slekta

Grethe Steinsland Solt

Docostory Ltd, including its stockholders, and/or employees, and/or representatives is not responsible for any of the content of this book, including its correctness and/or reliability and/or the extent of its exactness and/or effect, and will not bear any of the consequences, either direct or indirect, including damage, loss, sorrow that might be incurred to any person due to the publication of the book therein. The book contents are documentation of the author/s' memories, experiences, viewpoints, and opinions which are expressed through his/ their personal point of view and are set forth solely under the author/s' responsibility and they could not be deemed as a representation of an opinion made by the Docostory Ltd.

Design by Laura Gryncwajg

Printed in Israel 2019

Docostory Ltd. Publishing
34, Bar-Ilan, Ra'anana
Tel. +972-9-7419471
Fax. +972-9-7464867
www.docostory.com



Steinsland Gardsnummer 25, bruk nr 3

I dag og i morgon

Eg er berre ein gneiste
av den store eld.
Og som eg kveiktest i myrkret,
skal eg slokna ein kveld.

Eg er den bylgja som brusar
i denne stund,
med nye fødest og fyllest
og gamle sig i blund.

Eg er det bladet som blakrar
i denne vår.
Du skal skjelva i stormen
eit anna år.

Eg er den vakande, eigande,
det auga som ser,
den dropen som no speglar
himmelens vér.

Eg lever og gløder,
veit ikkje kvi -

Verdi med blomar og kvende
er i dag mi.

Du skal eiga all venleik
på denne jord
når eg longo er burte
og kvorvne mine spor.

Olav H. Hauge. (Frå debutsamlinga Glør i oska 1946)

Innholdsliste:

Føreord	7
1. Steinsland	9
2. Nils Stålby - Karolinen i Samnanger, samandrag av Atle Austestad si bok	15
3. Nils Nilson Kvitingen (1730 - 1788)	20
4. Peder Nilson (Kvitingen) Gjerde (1763 - 1844)	22
5. Peder Pederson Gjerde (1799 - 1892) "Bø-Per'n"	25
6. Knut Pederson (Gjerde) Steinsland (1829 -1896)	30
7. Peder Andreas - Per - Knutson Steinsland (1871 - 1949)	54
8. Hans Johan Stensland. (1894-1945)	86
9. Konstanse Stensland (1896-1986)	93
10. Kristine Steinsland Rein (1898-1976)	102
11. Johannes Pederson Steinsland (1902-1924)	109
12. Ole Bertin Pederson Steinsland (1905 - 1979)	112
13. Berit Steinsland Larsen	158
14. Sverre Steinsland	169
Kjelder	224



Føreord

Garden på Steinsland kom inn i vår slekt 1870. Sidan har fire generasjonar budd her. Ideen om å samle og skrive ned kunnskapen om garden og dei ulike generasjonane, "slo rot" då eit nytt eigarskifte/generasjonsskifte stod for døra. Ei tid prega av refleksjon, kjensler, tankar og samtalar knytta til det som hadde vore, og det som skulle koma. Likeså utfordringa med å finne den beste løysinga for alle partene involverte.

Sjølv var eg 2 år då familien flytta frå Samnanger til Matre i Masfjorden, der eg vaks opp. Men det var hyppige besøk til besteforeldra på Steinsland, og sommerferien var obligatorisk for å hjelpa til med slåttan. Hopping i "Russekråa" og bading i "Erikafjera", med medbrakt bolle frå bakaren, er gode minner. Litt mindre "gøy" var all hesjinga, såtinga og brøyinga, i motsetnad til "å hoppa i høyet" eller få sitja på lasset, då tørrhøyet skulle køyrast inn!

"Bestå" og "Besten" på Steinsland vart sett stor pris på, dei einaste besteforeldra me hadde. Å skriva om dei, likeins om oldeforeldre og tippoldeforeldre og forfedrene før det, har gitt ny kunnskap og innsikt i egne røter, ei reise i tid eg har verdsett å få vera med på!

Sjølvsagt er det deler som manglar i dei ulike historiene, håpet er at eg likevel har greid å gje eit verdig innblikk i nokre av utfordringane, sorgene og gledene til dei som opp gjennom åra har hatt tilknytning til Steinsland gard nr. 25, bruk nr 3!

Når eg viser til kjelda "munnleg tradisjon", er dette stort sett bygd på far min, Sverre Steinsland, sitt imponerande minne. Full liste over alle kjelder på slutten av boka; Med stor takk til alle!

Atzmon, desember 2018.

Grethe Steinsland Solt

1 • Steinsland

Garden Steinsland ligg i Midthordland, i Samnanger kommune, ein av nabokommunene til Bergen -aust for byen. Samnangerfjorden er ein nordleg arm av Bjørnafjorden. Fjordarmen vider seg ut i botnen og ein av plassene her er Steinsland. Namnet "Samnanger" har tydinga "samnernes fjord". Samnerne var namnet på ei germansk folkegrein, "anger" er det norrøne ordet for fjord.



*Samnangerfjorden sett frå Gullfjellet.
Steinsland er ei av bygdene i botnen av fjorden. Foto: Svanlaug Steinsland.*

Namnet "Steinsland" er/var nok etter fleire sær store og synbare steinar i området. Skrivemåtane har variert; "Steinslandi", "Steinsland", "Stensland", "Stenlandt", "Steensland" Dette er godt illustrert på bilete frå Debyalbumet/ fotosamlinga til Samnanger historielag.



Steinsland, våningshus og løe på bruk nr. 6, nabo til bruk 3. Omkring 1905.

Foto: Jacob Deby.

Det er funne fleire fornminne på Steinsland. Det siste funnet (2018) var ein flintsigd. Sigden er truleg mellom 3500 - 4000 år gamal (yngre steinalder) og eit teikn på tidleg jordbruk i bygda.

At det ein gong var kongsgard på Steinsland, og det før Harald Hårfagre si tid, vitnar sagnet om slaget i Herfangen om, der Steinslandskongen sloss med Vossakongen.

Det var fortald at kongen hadde hestane sine i hestehagen på Haga, og kalvane var inngjerda på Gjerde. Så det er ingen tvil om att det har budd folk på Steinsland frå urgamal tid!

Frå gamalt av hadde kvar gard sitt eige bumerke. Ein grafisk forma figur, enkle strekar uten faste farger som vart brukt som kjenneteikn. Bumerka var enkle å gravera/rissa, og brukt til å merke gjenstander, bruksting, bufe og bygninger. Likeså kunne det brukast som underskrift av dei som ikkje kunne skriva. Bumerket var personleg, men kunne og følga ei slekt eller ein gard gjennom generasjonar.



Bumerket til Steinsland

Det var på Steinsland eit av dei få drapa i Samnanger skjedde, i år 1654! Ingen som har vakse opp her, har unngått å høyre sagnet om denne ugjerninga. Samandrag frå bygdeboka:

"Det var ein mann på Steinsland for lenge sidan som heitte Anfinn. Han hadde ein dreng som heitte Askjell og dei var dødsens fiendar, for drengen låg inne med kona hans Anfinn.

Ein dag dei to var åleine, bar det so til at dei kom i slagsmål, og drengen vart drepen.

Anfinn gøymde liket. Om natta rodde han over fjorden og grov det ned ved Fleisjane, ein stad som fekk namnet Askjellhola. Sidan var det aldri rolig der om nettene, det ropte og skreik, og lys blafra. Alle som for forbi om natta vart svært skremde.

So var det ein dag lenge etter, at han Anfinn låg og kvilte middag. Då tala han i søvne: "Dei seier alt fer vetast, men at eg drepte drengen min, det fer no aldri nokon vita."

Folk høyrde dette, og det kom fram kvifor drengen var blitt borte. Liket hans vart funne og lagt i kristna jord. Sidan var det rolig i Askjellshola. Anfinn vart landlyst, og heldt seg løynd i ei ur i Åsalia. Kona bar mat til han, men det var ofte for lite og han måtte ut om nettene for å finna meir. So hende det, ein vintersdag, at han var uten mat. Det låg nysnø og is på fjorden, og om natta tok han veggen over isen. Fara etter han viste tydeleg at ved Haukanes odden hadde han gått gjennom isen, men at han greidde kava seg opp att, og kom seg forbi Klubben og inn på Reistadvikane. Der gjekk han opp på Notaholmen, og inn i eit notahus. Våt og trøtt, hadde han balla seg inn i ei not som var der og lagt seg til å sova. Men det vart for kald ei seng, om morgonen vart han funnen ihjel frossen... "

Så langt sagnet. Fakta fortel, at på vårtinget i år 1654, stod Olav Steinsland, og ikkje sonen Anfinn, anklaga for å ha drepe drengen sin, som heitte Isak Lauritzon, og ikkje Askjell...

Utan å gå i detaljer, men under rettsaka kjem det fram at det var Anfinn som var uven med drengen, men det var faren, Olav, som var sett med den drepte like før han vart funnen med "sundskoren strupe".

Det var Olav Steinsland som vart dømd til å rømme landet "før natt og dag var lidne", og missa all si eige. At han ikkje vart dømd til døden, kom av at ingen hadde sett sjøve drapet.

Ein kan lura på om det verkeleg var Olav Steinsland som var drapsmannen? Kanskje han tok på seg skylda, for å berga sonen? Og kva er sant i "sagnet"? Var det Olav som enda sine dager ihjel frossen på Notaholmen?



Notaholmen, foto des.2018, G.S.

Frå ca. 1400 til 1660-talet var Steinsland ein del av eigedomen/godset til Munkeliv Kloster, ei tid eit av dei rikaste klostera i Norge, med hovedbygningen på Nordnes i Bergen.

Etterpå var Steinsland i eige av Matrone Else Pedersdotter, enkja til herr. Jens Hoffmann, til ho selde i 1689 til Ingjald Hansson Gjøen. Videre gjekk plassen i arv til sonen, Hans Ingjaldson, Lundarvik, som var lensmann i Os. I 1711 får sonesonen Hans Hansson, skøyte på garden Steinsland. Han og kona Brita Olavsdr Gjeravik, busette seg her allerede frå 1706.

Sidan gjekk garden i arv i denne slekta, alt medan garden/jorda vart stadig meir og meir oppdelt. (Til dømes bruk 1, 5, 6 og 7 var/er frå denne ætta).

I 1810 vart ein del av Steinsland selt til Gert Hendrik Meyer frå Bergen, av Ingjald Hansson Steinsland, og det er denne delen, bruk nr. 3, som blir interessant for oss.

I korte trekk: Anders Kristoffersen vart so leiglending her - sonen Peder Andersson får skøyte - han sel til Mikkel Larson - som igjen sel til Johannes Bårdson Steinsland.

Det var av Johannes Bårdson og kona Malena Ingjardsdotter Knut Pederson Gjerde (min tippoldefar), kjøpte Steinsland bruk nr. 3, skøyte 28. April 1873. Som skikken var tok han namnet etter garden, og vart no Knut Pederson Steinsland.

Frå Middelalderen og fram mot 1800-talet, var tradisjonen på Vestlandet at husa på dei ulike gardstuna låg samla, med jordbruksarealet rundt - såkalla "Klyngetun". Det var først under utskiftingene på midten av 1800 talet at "Klyngetunet" vart oppløyst. Gardane vart flytta ut som frittliggjande enkelte bruk, med den samla jorda omkring. Alle måtte ha sin del av både den gode og dårlige jorda, likeså måtte tilgangen til sjøen fordelast. Resultatet vart ofte lange, små teigar som strekte seg ned mot fjera, og dette er gardene på Steinsland eit godt døme på.

Denne jordutskiftinga, som gav ny teigdeling og nye grenser mellom gardene, skjedde på Steinsland i 1878.

Før historia om livet til Knut Pederson Steinsland, og dei vidare generasjonene som budde på garden, litt om den tidlegare slekta, kven dei var og kor dei heldt til...

Vanlegvis på den tida gjekk ein ikkje så langt etter ektemaken, ofte berre til nabohuset eller dei næraste bygdene/plassane. Iallfall var det sjeldan ein gifta seg utanfor

kommunen. Den "praktiske" sida av ekteskapsavtalen, likeså att det skjedde mellom "jevnbyrdige" var viktig.

Tippoldeforeldra til Knut Pederson Steinsland var mellom dei få som braut alle desse "reglane", og den dramatiske historien om rikmannsdottera frå Samnanger som gifta seg med den svenske krigsfangen kom inn i slekta!

2 • Nils Stålby - Karolinen i Samnanger, samandrag av Atle Austestad si bok

Nils Person var fødd på Smedby 30.mai 1696 i Medåker Sokn (ca 20 mil vest for Stockholm) Foreldra hans var gardbrukaren Per Nilsson Smedby (1636-1712) og Karin Eriksdotter Smedby (1660-1734). Det svenske etterleddet -by har same tydinga som det norske -grend eller -tun.

Nils var den nest yngste av 7 søsken. Per Nilsson Smedby, far til Nils var 24 år eldre enn mora, og var 60 år då Nils var fødd. I 1712 døde faren, og bror til Nils, Olof, tok over garden. Kanskje tilværet som dreng på broren sin gard ikkje var den mest ettertrakta? Iallfall, i februar 1715, då høve til å bli soldat med eige torp (lite jordstykke) melde seg, slo han til. At han laug på alderen for å bli godtatt - sa han var 20 år då han berre var 18 - vart ikkje lagt merke til. Stålboge er namnet på soldattorpet han fekk tildelt, og det blir no namnet hans.



Bilete frå Wikipedia ; norsk modell av ein karolinsk soldat.

Norge var i union med Danmark, styrt av kong Fredrik 4. på denne tida. I Sverige rådde kong Karl den 12., som med god grunn er kalla "Sveriges store krigarkonge". I desember 1715 kom han heim til Sverige etter 15 år med krigsoperasjonar i Europa. Med ein gong han var komen heim begynte han å mobilisera igjen, planen var å angripe Danmark. Men etter at han mottok informasjon om den danske hærens motstandskraft ombestemte han seg, og angreip Norge der han trudde forsvarsevna var svakare.

Februar 1716 gjekk dei svenske troppene til angrep på Norge med nesten 8000 mann, og ein av soldatene i det Västmanland regimentet, 1. bataljon, var den 19 år gamle Nils Stålboge/Stålby.

Det svenskane ikkje visste, var at norske "spionar" hadde fått nyss om angrepsplanane, og 14000 norske soldater var mobilisert og klare til kamp.

Fem månader seinare, i juli 1716, var det svenske nederlaget eit faktum og Karl den 12. og arméén hans drog heim att til Sverige. Det store gjennombrøtet for Norge kom i slaget i Moss 23. april 1716, der 100 svenske soldater miste livet og alle dei overlevande svenske soldatane vart tekne til fange, i alt 522. Ein av krigsfangene var Nils Person Stålby.

Ordren frå kong Fredrik 4. om å sende alle fangane til Jylland i Danmark kom for seint, for den norske militærleiinga hadde alt begynt å senda dei ut til norske byar og stift.

"Vår" Nils var ein av krigsfangene som vart sendt vestover. Lange dagsmarsjer, der dei passerte Ringerike og Valdres, gjekk over Filefjell og kom ned til Lærdal. Derifrå sjøveien ut Sognefjorden og sørover til Bergen, nærare bestemt Bergenshus festning.

Meininga var at dei svenske krigsfangane skulle plasserast ut i kjøpstaden Bergen og i skipreidane i Søndre Bergenshus amt (dvs. Hordaland fylke) for å gjera arbeid til erstatning for dei norske soldatene som gjorde krigsteneste. To av drengene til storbonden Peder Hansson Tysse hadde meldt seg frivillig til militærteneste, og han fekk no tildelt ein av dei svenske krigsfangane som gratis arbeidshjelp. Slik kom Nils Persson Stålby til Samnanger.

Sist i mellomalderen var det mange av gardane i Samnanger gods som tilhørde Lysekloster i Os. Då kongen selde ut klostergodset etter reformasjonen, vart dette godset ofte kjøpt opp av embetsmenn eller rike byborgarar som fekk eigedomsretten til

mange gardar samtidig. Denne eigedomsretten kunne gå i arv gjennom generasjonar. Dette er grunnen til at Peder Hansson Tysse i 1708 kom til å eiga heile eller partar i gardane Ytre-Tysse, Børdal, Høysæter, Svendsdal, Grønsdal, Kvitingen, Tveit og Tveiterås i Samnanger - i tillegg til garden Hope i Fusa. Han eigde og sagbruket ved Tysse-elva og halvparten av saga ved Aldselva.

Per Hansson var fødd 1668 og var einebarn. Far hans, Hans Rasmusson, var prest i Fusa og mora var embetsmanndottera Anna Loss, dotter til Jens Loss, sokneprest i Os - og frå mora var det han arva gardane i Samnanger og Fusa.

I 1700 gifta han seg med Marita Knutsdotter Ådland. Same året vart dottera deira, Anna, fødd. Ho var 16 år då den svenske krigsfangen kom til gards.

Det var harde kår for Nils i Samnanger, med hard arbeid frå morgon til kveld. Men han var sterk og ung, vant til fysisk arbeid. Verre var det å vera den som symboliserte fienden. Hån og spott var nok dagleg kost. Situasjon vart ikkje bedre av at kongen hans, Karl den 12. igjen angrep Norge i eit nytt felttog i 1718.

Krigen tek slutt då Karl den 12. blir skoten og døyir desember 1718 ved Fredriksten festning i Fredrikshald. Krigsfangane på begge sider vart då fri til å reisa heim.

Per Tysse hadde lært å setja pris på "fangen" sin. Sagnet fortel om ein dugande arbeidskar, stor og sterk, men lettleva og munter. Det var og mangel på unge menn etter all krigføringa, så Nils vart tilbydd gode vilkår om han ville bli verande.

Nils Stålby tok imot tilbudet, men hovedgrunnen til det var nok kjenslene hans for Anna Pedersdotter, for venskap og kjærleik hadde utvikla seg i løynd mellom dei to.

Sommaren 1719 var Anna budeie på setra ved Smådalsvatnet saman med tenestejentene. Men det var utrygt for bjørn i skogen, og den våpenkyndige Nils var med for å passa på. Seint på hausten 1719 var det ingen tvil lenger, Anna var med barn og Nils skulle verta far.

Peder Tysse vart rasande. Det var skammeleg nok at dotter hans var med barn uten å vera gift, at syndaren var ein simpel dreng gjorde det endå verre. Heilt utoleg var det at den vertande faren hadde bakgrunn som svensk krigsfange! Tradisjonen fortel at Anna og mora Marita måtte gå imellom så ikkje Peder i blindt raseri drap Nils.

Utbrotet til Peder Hansson Tysse enda med at Nils Stålby fekk ordre om forlata garden på minuttet.

Då Peder sende Nils frå garden, hadde han ikkje rekna med Anna og reaksjonen hennar. Ho ville ikkje leva lenger utan Nils, og foreldra skjøna ho meinte alvor med trusselen om å kasta seg i Tysseelva.

Raseriet til Peder hadde lagt seg, og med fare for å mista både Anna og barnet, let han seg overtale å senda bud til Nils om å koma tilbake og gifta seg med Anna.

Dei vart trulova/"lyst" for 17 desember, og 6 Januar 1720 vart det inngått ekteskap mellom Nils Stålby og Anna Pedersdotter i kyrkja på Ådland.

Sagnet fortel at på sjølve bryllaupsdagen angra Peder Tysse på avtalen, og meinte igjen at svensken ikkje var verdig dotter hans. Då brudgommen kom ut or stabburet der han hadde henta den ferdigpynta brura, vart han møtt av Peder med ladd og løfta gevær. Nils gjekk då roleg beint på Peder og sa:

"Skjuta bare du om du tror det hjälper något. Jag har stått för skått förut"




Segna fortel vidare at Peder Tysse frå den augneblinken fekk eit nytt syn på brudgommen. Han tok Nils i handa og sa:

"No skal du vera velkommen som svigerson min, for no har eg sett at du er ein mann og ikkje ein redd stakkar- sjølv om du vart teken til fange i krigen!"

Den same segna fortel at Nils og Anna fekk fleire gardar i bryllaupsgåve av Peder, men sanninga er at dei berre fekk bygsla garden hans på Tveit... Anna og Nils fekk 8 born, 5 jenter og 3 gutar. Dei budde heile ekteskapet sitt på Tveit. Først i 1732 fekk dei skøyte på garden her, i tillegg og ein av gardane på Langeland. I 1733 herja ei dødeleg influensaepidemi på Vestlandet, og april 1733, vart 36 år gamle Nils Person Stålby Tveit ein av dei som ikkje overlevde sjukdommen.

Anna Pedersdotter Tveit, vart ei ung enka på 33 år, med 8 umyndige born. Det siste barnet vart fødd ein månad etter at Nils døydde.

Anna flytta til garden på Langeland med den talrike ungeflokken etter Nils var død. Ho var framleis rekna for eit "godt gifte", og året etter gifta ho seg med Peder Tomasson Tysseland. Dei budde på Langeland resten av levetida si, og hadde 3 born i lag. Anna Pedersdotter døydde i 1780.



Av dei 8 borna til Anna og Nils, var det den 3. guten, og nummer 7 i barneflokken, Nils Nilson, som skulle føra vår slekt vidare...

3 • Nils Nilson Kvitingen (1730 - 1788)

Nils var son av Nils Stålby og Anna Pedersdotter, fødd 1730 på Tveit. Han var berre 3 år då han mista far sin, og mora flytta til Langeland. Det var her han voks opp mellom 11 heil - og halvsøsken, med mora og stefaren Peder Tomasson Langeland .

Nils Nilsson reiste i ungdommen til Smørås i Fana og var gardbrukar der. I 1758 gifta han seg med Brita Olavsdotter Nordbø.

5. mars 1769 fekk han skøyte på heile Kvitingen i Samnanger av stefaren sin. Mora, Anna Pedersdotter, hadde arva denne garden etter far sin, Peder/Per Tysse.

Nils Nilson flytta til Kvitingen i 1770 med kona og 3 born, 3 til vart fødd i Kvitingen.

Kvitingen var ein fjellgard, 350 m.o.h. Namnet er truleg etter dei kvite snøfonnene i fjella omkring, der snøen sjeldan smelter heilt vekk.

Kvitingen låg 2 mil til fjells, og det var lange vintrar og karrige tilhøve. Samtidig gav fjellet gode jaktforhold og det var godt med fisk i Kvitingvatnet.

Nils Nilsson Kvitingen døydde i 1788, kona Brita gifta seg igjen med Nils Pederson Lid i 1790. Ho tok nok dei yngste borna med seg då ho flytta til Lid. Den eldste sonen Nils hadde då allereie hatt skøyte på garden i ti år.

Men det var son deira Peder/Per, som førte vår slekt vidare..



Kvitingen 1963. Bilete frå Wiederoe- samlinga/Samnanger historielag fotosamling

4 • Peder Nilson (Kvitingen) Gjerde (1763 - 1844)

Peder Nilsson var andre son til Nils Nilsson og Brita Olavsdr. Kvitingen. Han var fødd i 1763, medan foreldra budde i Fana. Han var 7 år då dei flytta til Kvitingen i Samnanger i 1770. 25 år gamal, i 1788, gifta han seg med den to år eldre Mari Pedersdotter Fiske.

Mari Pedersdr. var fødd 1761. Av to døtre var ho den yngste. Foreldra var Peder Knutson Fiske og Marita Olavsdotter. Mora døydde då Mari var 6 år. Faren gifta seg igjen med Anna Arnesdr. Steintveit, og 3 halvsøsken var fødde. Foreldra til Mari budde på husmannsplassen Berget under Sandvik frå 1756. I 1765 byrja far til Mari, Peder Knutson, å rydda og byggja på Fiske, og oppretta denne husmannsplassen.

Det er ei forteljing/sagn knytta til Peder Knutson, far til Mari;

I sin ungdom hadde han gjort ei ugjerning, som han hadde blitt dømd livlaus for. Han vart friggitt på den måten at han fekk valet mellom å døy for øksa, eller å våga livet med å ro over ei stor elv ein stad det var mest utan håp å koma over. Han var så heldig at han kom seg over elva i livet, og vart fri mann att...

Denne segna står i "Samnanger 1", s.558, og bygdebokforfattaren går vidare og meiner det er stor sannsyn for at "Peder Knutson Fiske", var den same personen som "Peder Knutson Kvitingen", som vart dømt til avliving i 1743 fordi han hadde avla barn med søster si. Vitner i saka fortalde om ein lite opplyst heim, der mora døydde då borna var små, og dei fekk ei stemor som ikkje tok seg godt av borna frå mannens tidlegare ekteskap. Peder var 14 år og søster hans, Martha, var 19 år, då dommen falt:

"Deres Hoveder bliver at avhugge ved Sverd, og deres Legemer bliver at begraves. Hvilken vores Dom til Overretten paaskjønnelse indsendes."

Det var då bygdebokforfattaren, Nils Lauskard, meiner det er truleg at overretten gav ein mildere dom, og at etter 10-12 år på straff, fekk Peder sin fridom og kjem tilbake til Samnanger.

Lagnaden til søster hans, og eit barn som eventuelt var fødd veit me ingenting om. Om dette verkeleg var bakgrunnen til Peder Knutson Fiske, far til Mari, vil me nok aldri for sikkert veta, men det fortel mykje om den "mørke" sida av både sosial - og rettsapparatet på 1700 - talet.

Etter giftarmålet til Mari Pedersdotter Fiske med Peder Nilson i 1788, budde dei først ca. 15 år i Kvitingen.

Det var Nils Nilson, den eit år eldre bror til Peder som hadde odelsretten og hadde fått skøyte på garden av far deira i 1780. I bygdeboka står det at Peder og Mari hadde husvære i Kvitingen til 1806/1807. Dei arbeidde nok på garden til broren, mot å få kost og losji.

Det vart trongare og trongare om plassen og fleire og fleire munnar å metta, ettersom ungane til begge brødrene vart fødde. Så då høve bydde seg til å bygsla ein husmannsplass på Gjerde, flytta Peder og Mari frå Kvitingen. Dette skjedde i 1807, same året det sjuande og siste barnet deira vart fødd. Dei var då 44 og 46 år.

Å bygsla ville seia at dei leigde ein jordeiendom frå den jordeigande bonden, mot ei årleg avgift av kontanter/pliktarbeid/naturytinger. Med andre ord, dei vart husmenn på plassen Nordbø, under Gjerde gard.

Ein finn det ikkje i bygdeboka, men den munnlege tradisjonen i familien fortel at dette var ein "byte handel", at dei som då budde på Nordbø flytta til Kvitingen.


Dottera deira Brita, f.1789, var den eldste i søskenflokket. I 1818 gifta ho seg med Anders Hansson Steinsland. Anders Hansson sin tipp-tipp-oldefar kjøpte heile Steinsland i 1689. Sidan vart den overført i sin heilheit, til den vart delt i to mellom far og onkelen til Anders. Faren, Hans Ingjaldson Steinsland, delte igjen sin part på to av brødrene til Anders.

Då den eine broren selde sin part (denne parten var bruk 3(!) og Ruråsen) til Gert Henrik Meyer frå Bergen, tok Anders opp sak (1816) og prøvde å ta att denne delen av farsgården på odelsretten. Det greidde han ikkje, men han vart tildelt den delen av Ruråsen som hørde til garden, ikkje til eige, men til bruk og bustad for seg og komande kone på livstid, utan å betala bygsel. Plassen kunne han ta i bruk når dei som budde der fall ifrå.

Det var først i 1833 Anders Hansson og Brita Pedersdotter kunne flytta til Ruråsen. I mellomtida (15 år) budde dei på Nordbø/ Gjerde hos foreldra/svigerforeldra, Peder og Mari. Her var 3 av dei 4 borna deira fødde.

Det var folksomt på den vesle husmannsplassen i mange år: I tillegg til Peder og Mari med deira born som ikkje var flytta ut, eldstejenta Brita med familie, og sonen Peder med familie.

Både Peder og Mari fekk lange liv. Peder Nilsson vart 81 år, og kona Mari var 92 då ho døydde i 18. januar 1853.



Mari Pedersdotter står oppført i kyrkjeboka med den sørgjelege tittelen «legdelem» (fattiglem) då ho døydde i 1853.

Landskapslovene frå 1200-talet var mellom dei første skriftlege kjeldene i Norge som omhandler juridiske retningslinjer for fattigstell og omsorg for dei som ikkje kunne forsørge seg sjølv.

I landskapslovene vart omgangslegd formalisert; ein fattig hadde rett å verta syta for på omgang mellom gardene i eit sokn. Kor lenge den fattige skulle vera på ein stad kom an på garden sin storleik og inntekt. Legdesystemet var eit ledd i fattigforsørginga fram til 1900.

Med andre ord tilbrakte Mari den siste tida av livet mellom dei lågaste på den sosiale rangstigen, på omgang mellom dei rikaste plassane i området, prisgjeven dei ulike gardane sin velvilje.

Det var sonen Per - Peder Pederson - som i 1826 tok over bygglekontrakten for Nordbø, og det var han som førte "vår" slekt vidare...

5 • Peder Pederson Gjerde (1799 - 1892) Bø-Per'n

Per- Peder Pederson- var nr. 5 i søskenflokket på 7, fødd i 1799. Han var 7-8 år då familien flytta frå Kvitingen og kom til Gjerde.

September 1826, då han var 27 år, var det han som vart husmann på plassen Nordabø. Året etter, 1827 gifta han seg med Gunvor Johannesdotter Gjerde.

8	Peder Pederson Gjerde	Gjerde	1799	1826	1827	1828	1829	1830	1831	1832	1833	1834	1835	1836	1837	1838	1839	1840	1841	1842	1843	1844	1845	1846	1847	1848	1849	1850	1851	1852	1853	1854	1855	1856	1857	1858	1859	1860	1861	1862	1863	1864	1865	1866	1867	1868	1869	1870	1871	1872	1873	1874	1875	1876	1877	1878	1879	1880	1881	1882	1883	1884	1885	1886	1887	1888	1889	1890	1891	1892
9	Gunvor Johannesdotter Gjerde	Gjerde	1809	1826	1827	1828	1829	1830	1831	1832	1833	1834	1835	1836	1837	1838	1839	1840	1841	1842	1843	1844	1845	1846	1847	1848	1849	1850	1851	1852	1853	1854	1855	1856	1857	1858	1859	1860	1861	1862	1863	1864	1865	1866	1867	1868	1869	1870	1871	1872	1873	1874	1875	1876	1877	1878	1879	1880	1881	1882	1883	1884	1885	1886	1887	1888	1889	1890	1891	1892

Gunvor var fødd i 1809, 9-10 år yngre enn Per, og var berre 18 år då ho stod brur. Ho var dotter av Johannes Knutson Gjerde f. 1755, og den andre kona hans, Borgny Andersdtr. Steinsland f. 1784. Far hennar, Johannes Knutson, var sjølveigar av garden på Indre Gjerde som Nordabø var husmannsplass under.

Det var eigentleg bror til Johannes, Anders Knutson, som hadde odelsretten og skulle ha arva garden, men han var blitt sjuk på sinnet.

Historien om "Sterke-Anders", fortel mykje om det psykiatriske "helsetilbodet" på den tida:

«Anders Knutson var fødd 1753. Han var den eldste sonen til Knut Eliasson Gjerde f. 1721 og Gunvor Johannesdtr. Tysseland f. 1715, og hadde odelsretten. Det vart fortalt at han var så groveleg sterk, so han vart kalla "Sterke- Anders".

Det var ei jente han ville ha, men det gjekk ikkje so som han ynskte. Av det tok han seg so stor sorg og tunge tankar at han miste vitet. Dette skjedde ca. 1789, då Anders var rundt 35 år gamal.

Han vart sett i jern og lenkjer i ein gamal stall, og der fann dei han død ein kveld like etter jul.

Det vart fortalt at han hadde bede om å få koma inn i stova og feira jul med dei andre, men det fekk han ikkje. Ein sein kveld nokre dager seinare vart det høyrte salmesang frå ei stemme lik Anders si. Då dei gjekk for å sjå til han, vart han funnen død. Han låg naken med folda hender over brystet, kledda var fint falda ved sidan av liket.»

Broren, Johannes Knutson, vart stemt inn for retten på hausttinget 1796, for å gjere greie for kva som hadde skjedd. Han fortalte dette: *"For 8 år sidan var han soldat, og var vekke eitt år på "tokt" i Sverige. Då han kom heim, var broren vorte sinnsjuk. Far deira hadde fått løyve frå "øvrigeita" å halda Anders bunden, då han var so vitlaus at han sprang etter folk med kniv.*

Anders vart først bunden på ulike måter, som han greidde koma seg laus frå. Han vart då bunden med ei jern lenke rundt halsen, som satt fast i veggen, dette var i eit lite kammer i huset. Dette rommet var so trangt at dei som skulle bera mat og stella med han, ofte vart angripne.

Det var helst far deira, Knut Eliasson, som hadde dette arbeidet. Etter å ha blitt skada fleire gonger av sonen, våga han knapt gå inn til han lenger.

Dei flytta Anders til eit uthus på garden. Her låg det folk på skukkjen over, og nede var Anders bunden til ein av langveggene der dei hadde laga ei seng til han. På den andre sida sette dei inn nokre kalver og bukker, for å halde huset varmt.

Ei tid etter Johannes kom heim var Anders bedre, og eit halvt år gjekk han fri rundt, til han starta med å angripa folk att, og måtte bli bunden i uthuset igjen."

Både Johannes Knutson og fleire andre, gav vitne i retten om at Anders Knutson hadde fått mat, klede og den omsorg han trong. Ingen av vitna visste om Anders hadde vore (kroppslig) sjuk i tida før dødsfallet. Likeså at dei ikkje såg merke etter vald då dei tok av jern lenkja.

Retten meinte Johannes Knutson skulle ha passa bedre på broren, og han vart dømt til å betala 5 riksdaler til "Nordenfjeldske Veikasse", og betala for sakskostnaden.

Dette fordi: *"han ikkje hadde gjeve den sinnssjuka broderen det turvande tilsyn, og den vyrdsling og vatning som han var skuldig honom etter skøyte og vilkårs kontrakt, og etter di han var hans kjødelege bror".*

Som sagt gifta dotter til Johannes Knutson, Gunvor, seg med Peder/Per Pederson, og flytta til husmannsplassen Nordabø på Gjerde.

Foreldra til Peder, Peder og Mari, kom på «kår». Dette var ein avtale som sikra den eldre generasjonen "pensjon". Dei fortsette å hjelpa til med arbeidet på garden etter evne, mot å få kost og hus, og når/om den tida kom, omsorg og pleie.

Dei hjelpte sikkert med barnepass og, for frå 1829 til 1850 vart det fødd 8 born på Nordabø husmannsplass. (I tillegg var 3 av borna til dottera/søstera Brita fødd her)

På sjølveigar gardane vart kåravtalen nedskriven og tinglyst på skøyte til den nye eigaren, og den eldre generasjonen si stoda var sikra.

På den bygsla husmannsplassen var situasjonen for «kår folka» annleis, og med liten plass og stor fattigdom hende det at ungfolket ikkje makta å syta for dei eldre, dei kom på legd...

Dette vart som tidlegare nemnd lagnaden til Per si mor Mari.

I bygdeboka står Peder Pederson, som gjekk under namnet "Bø-Per'n", omtalt som: *«ein noko stutt vaksen mann, men brei og sterk bygd. Uvanleg kraft var det i honom»*

Ei av historiene om styrken hans lyder slik:

"Ein gong Per kom frå vårsildfiske var det is på fjorden, so notlaget ikkje kom lenger enn til Kverneshella med det dei hadde med seg. Då tok han Per ei sildetønna på ryggen, og for so ruslande med henne um Tranholmstågen. Derifrå gjekk han isen til Gjerdsvikane og so heim til Bøen, med sildetønna på ryggen heile vegen."

Vekta på ei sildetønna kunne nok variere, historien fortel ikkje om det var snakk om ustampa sidetønne (ca. 367 sild) eller stampa sildetønna (ca. 520 sild). Uansett står det respekt av denne bragden.

Fisk har til alle tider vore viktig for folka langs fjordane og kysten. Gardane var helst små og maten frå fjorden var heilt naudsynt for livberginga.

Frå historien er det logisk å tru at Per var medlem av eit notalag, dvs at dei var fleire om å eiga ei not (fiskeredskap som likna på eit stort nett), og delte fortjenesten/fisken seg i mellom.

Silda kunne koma i store stimar innover fjordane, og notafiske gav god fangst. Silde fiske var sesongfiske, og kunne greit kombinerast med jordbruksarbeidet. Fisk, og kanskje spesielt silda, var ei viktig tilskot både økonomisk og næringsmessig. Elles hadde dei husdyr på husmannsplassen. I 1865 står dei oppført med 5 kyr, 4 sauer og 2 geiter. I tillegg var "sånaden" 1/2 tønne havre og 2 1/2 tønne poteter.

Den neste historien om "Bø- Per'en" fortel og om at han var i god form, likeså kor glad han var i tobakk.

"Fram på sommaren var han tobakkslaus. Då stod han opp ein tidlig morgon og tok i veg til Bergen. Han gjekk over Gullfjellet og Borgaskardet. Han kom til Bergen og kjøpte for 6 skilling i tobakk. Han tok same vegen attende og kom heimatt om kvelden same dagen."

Dette var vel helst i hans yngre dager, iallfall slapp han å gå så langt etter at den første landhandelen i Samnanger opna på Tysse i 1861. Kanskje det var der han hadde vore å handla i denne påstanden om han:

"Då han var utgammal mann, mest 90 år, bar han 50 kg mjøl frå sjøen og heim"

At han vart ein gamal mann, med helsa og styrken i behald, vitnar og denne saga om:

"Når dei var ute og høya om sommaren kunne han Per aldri få store nok høybører. Det var verst å koma på føtene med dei. Då laut ho gamle Gunnvor røysa han, og det var tungt. Då skjente gamla: "Du trur du er den same enno, du din gamle tosk!"

Men gamlingen berre stridde på og ropte "Hul i, hul i." Då laut det til, og var han først oppkommen rusla han nokså "derte" med so store høybører, at mang ein ungdom kunne kvi seg med å bera dei."

I 1890 står den 91 år gamle Peder Pederson Gjerde, eller "Bø-Per'en", framleis som husmann på Nordabø. Han og kona hadde då 2 mjølkekyr, 1 ungnaut, 5 sauer og 3 geiter. Dei hadde sådd 0,5 hektoliter havre og sett 2 hl. poteter. Dei bygsla Nordabø sjølve så lenge dei levde, ville nok ikkje leve på «kår» og stå i fare for å kome på legd. Av erfaring visste dei at plassen vart for liten for fleire generasjonar.


Ingen av dei 8 borna tok over husmannsplassen, men 6 blir verande i Samnanger.(Ei jente døyr i ung alder, ein gut utvandrer til Amerika?)

Den nest eldste guten, Johannes Pederson, bygslar husmannsplassen "Hovdatræet" like ved foreldra, då han gifter seg.

Men det er den eldste guten, Knut Pederson, som er vår mann. Det er han som kjøper Steinsland gard, bruk nummer 3!

6 • Knut Pederson (Gjerde) Steinsland (1829 -1896)

Knut var den eldste av dei 8 borna til Bø'Per'n, Peder Pederson, og Gunvor Johannesdotter Gjerde, fødd 29. april 1829, på Nordbø husmannsplass. Han var døpt 10. mai, namnet "Knut", fekk han etter både oldefar og tipptippoldefar sin på Gjerde. (Den første Knut me kjenner til i slekta, var morfar til den sistnevnte, Knut Johannesson Skaden, lensmann i Opdal Skipreid, Tysnes, fødd 1600. Dotter hans, Margreta, gifta seg til Gjerde) Eller kanskje det var Knut, (halv) bror sin, mora Gunnvor ville kalle opp att, han drukna på vinterfiske 1827.



Av dei som stod fadder på guten, var Brita Gjerde og Anders Steinsland (søster til faren og mannen hennar). Likeså Malene Gjerde, (halv) søster til mora.



Dåpsattesten til Knut Pederson Gjerde. Han var døpt 10. mai 1829, men attesten er skriven oktober 1844. (For å bli konfirmert måtte ein vise gyldig dåpsattest. Knut stod konfirmant november 1844).

Borna var med og hjalp til i det daglege livet på garden frå ung alder, dei var ein viktig del av arbeidskrafta. Knut, som eldstemann i den store søskenflokken, var nok ikkje gamal då han fekk sine første arbeidsoppgaver.

Skuleopplæringa var det verre med. Det var lova frå 1739 om "omgangs-skulen" som fortsett gjaldt. Det vil seia at læraren reiste rundt frå plass til plass og underviste. Han fekk hus og mat på garden han tok inn på, og ungane i krinsen hadde plikt til å møta opp for undervisning.

Det var 8-12 veker med obligatorisk skulegang i året, frå 7-8 år til konfirmasjonsalderen.

I 1736 vart det påbode med konfirmasjon for alle, og med offentleg eksamen i den kristne tru. Omgangskulen vart innført først og fremst for å gje opplæring i det elevane måtte kunna for å bestå prestens overhøring ved konfirmasjonen.

Med andre ord: kristendom var hovudfaget, med bibelhistorien, "Luthers lille katekisme" og "Pontoppidans forklaringer". Sistnevnte bestod av 759 spørsmål og svar, som konfirmanten skulle vera istand til å gjengje ordrett!

Konfirmasjonsattesten var inngangsbilletten til vaksenlivet, uten den kunne ein mellom anna ikkje gifta seg.

Den som ikkje hadde møtt i kyrkja for konfirmasjon før 19 år, kunne straffast med tukthus og gapestokk. Lesing og (salme) song vart det og lagt vekt på, skriving og rekning var det verre med.

Då Knut Pederson begynte på skulen, ca. 1836, høyrde Gjerde til den skulekrinsen som hadde Knut Langeland som lærar. Han var ein mann som helst var framom si tid, og sikkert var til inspirasjon for elevane sine. I 1836 hadde han nett kome att frå eit 1/2 år opphald i England fordi han ville lære det engelske språket!

Utklipp frå s. 65 i Nils Lauskard bok "Samnanger":



Knut Langeland var lenge rekna for ein dugelig lærar, men etter kvart vart han for liberal for mange i bygda. Han innførde faga geografi og grammatikk, likeins ei ny lesebok "Grøngårds lesebok". Det at han og lærde jentene å skriva og rekna, vart sett på av mange som heilt unødvendig! Han var ei eldsjel for opplysningsarbeidet, og var den som starta ei boksamling for bygda.

Men dei kritiske røystene vart sterkare, bøkene han hadde fått kjøpt inn vart for moderne og stempla som "heidenske". Til slutt var motstanden for stor, han slutta som lærar og klokkar, og utvandra til Amerika...

Den som var Sokneprest i Samnanger (dvs. Os Prestegjeld) det året Knut Pedersen Gjerde var konfirmert var Andreas Unndal Jersin (sokneprest frå 1817-1850).

Bygdebokforfattaren er heller kritisk i si omtale av han; *"finsleg i sin framferd, men var ingen taler eller kateket"*

(Sokneprest Jersin var og ein av dei mest negative til læraren Knut Langeland)

Knut vart konfirmert 3. november 1844. Frå Samnanger sokn var det 17 gutar og 17 jenter som vart konfirmert denne hausten. I kyrkjeboka vart karakterene på kristendomskunnskapen til konfirmantene notert, med alt frå meget godt - nesten meget godt - godt - temmeleg godt og "maadelig"

1844.		Confir.				metode.	
Nr.	Confir. metoden.	Confirantens fulde Navn.	Alder.	Godt'Lid.	Somme.	Epistelfroms Skuffes og Gitt m. a.	Har han de naturlige Kopper eller Vaccineret. Hvis ikke.
39.	3. Nov.	Kalle	17/88	Be	Thomas Børnisch, Kalle	Be	Be
40.		Andra	17/88	Sidling	Andra	Be	Be
41.		Kalle	17/89	Lepidam	Kalle	Be	Be
1.	3.	Knut	17/89	Anderske	Knut	Be	Be
2.		Kalle	17/89	Treffe	Kalle	Be	Be
3.		Anders	17/89	Gjerde	Anders	Be	Be
4.		Lars	17/89	Helmer	Lars	Be	Be
5.		Olav	17/89	Anderske	Olav	Be	Be
6.		Lars	17/89	Anderske	Lars	Be	Be
7.		Knut	17/89	Treffe	Knut	Be	Be
8.		Knut	17/89	Gjerde	Knut	Be	Be
9.		Peder	17/89	Anderske	Peder	Be	Be
10.		Jens	17/89	Gjerde	Jens	Be	Be
11.		Børge	17/89	Anderske	Børge	Be	Be
12.		Basimus	17/89	Anderske	Basimus	Be	Be
13.		Anders	17/89	Lars	Anders	Be	Be
14.		Lars	17/89	Anderske	Lars	Be	Be
15.		Thomas	17/89	Anderske	Thomas	Be	Be
16.		Anders	17/89	Anderske	Anders	Be	Be
17.		Lars	17/89	Anderske	Lars	Be	Be

Knut Pederson Gjerde var "midt på treet," og fekk karakteren "godt" (Nr. 8 på lista).

I rubrikken lengst til høgre skulle det skrivas ned når konfirmanten "have de naturlige kopper eller vaccineret". Kopper var ein svært smittsom og farleg virussjukdom som ramma alle samfunnslag. Sjukdommen hadde ein dødelegheit mellom 20 - 60 prosent, og om offeret overlevde var det ofte med blindheit og stygge ar etter blemmene. I 1810 kom lova som krov obligatorisk vaksinerings mot koppar. Det var ingen straff for dei som nekta å la seg vaksinere, men for å bli konfirmert eller kunna gifta seg, måtte ein leggja fram gyldig vaksinasjonsattest, eller bevis på at ein hadde hatt sjukdommen naturleg.

Knut var notert som vaksinert av K. Langeland, 26/7 1835. Med andre ord var Knut Langeland i tillegg til å være lærar, og vaksinator. I rubrikken for vaksine, ser me at konfirmantane anten var blitt vaksinert av K. Langeland eller N. Langeland. N. Langeland var Nils Pederson Langeland, "Skule-Nils'n", farbror til Knut. Han var ein av dei flinkaste lærarane Samnanger hadde. Den som inspirerte Knut Langeland til å bli lærar. Han og møtte motstand i bygda, og utvandra til Amerika i 1837.

Mor til Nils Langeland, Anna Pedersdtr., var søster til Mari Pedersdtr. Fiske, så far til "vår" Knut, Bø-Per'n, var søskenbarn til «Skule Nils'n».

Knut Pederson var ikkje mellom dei som stod først på kyrkjegolv (dvs. dei flinkaste), men han klarte seg bra i livet! Ein del av opplæring han fekk heime var å kunne utnytta ressursane frå fjorden og havet. Han var sikkert ikkje gamal då han fekk sin første fisk, og seinare var det nok stas å reise med faren på notafiske. Det vart sjøen og sjølivet han valde som levebrød, og etter år med hardt arbeid, greide han å finansiere sin eigen båt - ei jekt.




Jekta var ein brei, liten seglbåt, som hadde ei mast med råsegl, ofte storsegl og toppsegl. Den var eit robust frakte fartøy med stor kapasitet - kunne romme mykje last

Rundt midten av 1800-talet var det ei oppblomstring av jektetraffikken- "storjekttida". Grunnen var at handelen vart liberalisert, det var gode tider for jordbruket og det var fleire tiår (1860-1870 talet) med eit fantastisk godt sildefiske spesielt i nord.

Jekta var det viktigaste lastefartøyet i handelstrafikken mellom Bergen og Nord-Norge. Den var prisgjeven vær og vind, men på gode dager tok det 3 dager på strekinga Bergen - Lofoten. Frakta var helst jordbruksvarer på vei nordover og fisk ,helst tørr-og-klippfisk eller sild, med tilbake til Vestlandet. Det vart og frakta trelast, likeså persontrafikk. Med andre ord, den som var eigar av ei jekt hadde ei tid med mykje arbeid og god forteneste.

6. november 1865 inngjekk Knut Pederson giftarmål med Borgny Andersdotter Gjerde. Ho var dotter av Anders Johannesson Gjerde og Anna Samuelsdotter Gjerde.

Far til Borgny, Anders, og mor til Knut, Gunnvor, var søsken. Så brudeparet Knut og Borgny var søskenbarn. Slikt inngifte var ikkje uvanleg. Tala frå folketeljinga i 1891 viser at kvart 14. ekteskap var mellom søskenbarn eller tremenningar. Dette var tre gonger meir vanleg i landkommunane enn i byane.



Mor til Borgny, Anna Samuelsdotter f. 1814, sin far Samuel Andersson Gjerde f. 1795, (foreldra hans var Anders Samuelson Gjerde og Anna Pedersdtr. Langeland) står oppført i bygdeboka som

" ein svært klok og opplyst mann, godt kunnig i lesing og skriving. Han var fleire gonger valmann frå Os prestegjeld til stortingsvala, og var med i formannskapet og andre styregreier i bygda"

Oldemor til Borgny, Anna Pedersdtr. Langeland, var halvsøster med "SkuleNils'n"/ Nils Langeland og tante til Knut Langeland. Far til Anna Pedersdtr Langeland f. 1770, Peder Pederson Langeland f 1740, var yngste son til Anna Pedersdtr, enkja etter Nils Stålby ("svensken") og hennar andre mann Peder Tomasson Langeland.

Då foreldra til Borgny var fødd, 1814 og 1815, var der to hovedbruk på Gjerde, (etter plassen var delt mellom to brødre på 1680 talet og gått i "arv" nedover generasjonene).

Anders Johannesson og Anna Samuelsdotter vaks opp på kvart sitt av desse to bruka, slektskapet mellom dei var at Anders var firmenning med far til Anna, Samuel.

Borgny var fødd i 1836, ho var den eldste av 10 søsken. Den munnlege tradisjonen fortel ho hadde ein svært god hått, og stod mellom dei første på kyrkje golvet då ho vart konfirmert. Men det siste er nok ikkje riktig, etter "kyrkjeboka " fekk ho karakteren "godt" i kristendomskunnskap. Året dei gifta seg, 1865, fylte Borgny 29 år, medan brudgommen, Knut, var 36 år. Forlovarar var bror til Borgni, Johannes Andersson og Johannes Baardson Stensland. (Johannes Baardson var han Knut skulle kjøpe Steinsland bruk nr 3 av nokre år seinare!)

I første omgang budde dei nok på Nordabø, saman med Knut sine foreldre og minst 3-4 av søskena hans som enno budde heime. Knut fortsette som sjømann, (då dei gifta seg står han oppført som matros) medan Borgny hjelpte svigerforeldra, som og var tanta og onkelen hennar på husmannsplassen, og hadde arbeidet med borna som kom i rask rekkefølge.

Knut Pederson og Borgny Andersdotter fekk 6 born, av dei levde 5 opp:

1. Berta Gunnhilda 1866
2. Anna Pernilla 1868
3. Peder Andreas 1871
4. Johannes f. og d 1874
5. Johannes 1875
6. Andreas Olai 1879

Utover 1800-talet, var det bedring av levestandarden og mange fleire born vaks opp. Folketalet i Norge auka frå 883,000 i 1801 til 2 millioner i 1890. Det vart vanskelegare å finna levebrød til alle og mange flytta frå bygdene til byane, eller utvandra. Utvandringa skjedde først og fremst til Amerika. Frå 1865 til 1930 utvandra 780,000 nordmenn, meir enn 1/3 av folket til Amerika.

Regelen var at den eldste guten hadde odelen og overtok garden. Men, ofte vart det og gitt skøyte på mindre jordstykker til dei andre sønene/døtrene, slik at dei og kunne starte å brødfø sin familie.

Dette skjedde og på Gjerde. Det var bror til Borgny, Johannes Andersson, som tok over hovud- bruket av garden, men 3 av dei andre brødrene fekk og sin part. Anders Johannesson, far til Borgny hadde allereie delt partar av garden med sine brør.

Med andre ord, all oppdelinga gjennom generasjonar, gardene vart mindre og mindre, og vanskelegare å brødfø seg på.

Av søskenflokket på 10 (inkludert Borgny) var det berre ei søster som reiste ut (til Bergen...) Ein bror drog til sjøs, resten vart verande i Samnanger. På Knut si side fortsette 6 av 8 søsken som "Samningar".

Ein kan trykt seia at borna til Knut og Borgny ikkje mangla tanter, onkler og søskenbarn rundt seg!


På Steinsland hadde ekteparet Johannes Bårdson og Malena Ingjardsdotter Steinsland drive gard i over 20 år. Dei var barnlause og hadde ingen til å ta over etter seg. Dei ville no selja garden, på dei vilkår at dei fekk fortsetja å bu der, på kår. Kjøparen var Knut Pederson, jekteskipperen frå Gjerde, som no vart sjølveigar på Steinsland.

Dei gode tidene med jektetraffikken var eit forbigåande fenomen, no var det dampbåtane som tok meir og meir over. Kjøpet av eigen gard var ei god investering, som tryggja framtida for borna, likeså foreldra sin alderdom. Når flytta Knut og Borgny til Steinsland?

I ei bok me har etter han, skriv han seg i februar 1870 for Knut Pederson Gjerde. Men, på reise- skrinet sitt frå same år skriv han seg for Knut Pederson Stensland.

Boka var "Kristeleg tidsfordriv - Sange til oppbyggelse" av Niels Olsen Svee.

Svee (1758-1789) var lærar og salmediktar frå Møre. Song samlingane hans kom i stadig nye opplag. På Vestlandet hadde han like stort rom i norsk religiøs folkesang som Petter Dass. At Knut var ein av dei som satte pris på songane hans vitnar kjøpet av boka om, likeså at han har tatt seg tid til å sitera eit av versa i ein " Svee- song" i innbindingen av boka.



Svee sange

"Denne bog tilhører Knudt Pedersen Gjerde.

*Her kan du med Gud tale
Om hvadt deg nyttig er
Og han vil deg ledsage
At komme til han der
Vor gleden er at finde
Foruten sorg og savn
O at vi var der inde
Uti Guds søde favn*

Röver, den 18de februar 1870

(Siste linja ?)"

Röver, er antakelig Røvær, eit øy samfunn ved Haugesund, med andre ord Knut hadde turar med jekta sørover så vel som nordover...



Reise skrinet til "Knut Pedersen Steensland 1870"


Det at han same året skriv seg med to ulike etternamn, kan kanskje forklarast med at han allerede i 1870 visste at han snart skulle verta "Knut Pederson Steinsland", og fann det praktisk å få dette namnet på det nye reise skrinet.

Me veit iallfall at dei budde på Steinsland i 1871, for den første son deira var fødd her, medan dei to eldste jentene var fødd på Gjerde.

I 1865 var Johannes Bårdsen Steinsland forlovar i bryllaupet til Knut og Borgny, dette vitnar om eit nært forhold, og kanskje ein munnleg avtale om salet var allerede då inngått?

Skøyte på Steinsland bruk nr 3, fekk Knut Pederson i 1873, 28. april, og betalte 690 spesiedaler for garden.

Utskrift frå panteregisteret, arkivverket/digitalarkivet:



*Skjøte fra Johannes Baardsen til Knud Pedersen Gjærde paa denne eiendom og huse for 690 spd.,
dat. og tinglyst 28 april 1873*




*Speciedaler, spd., eller species som dei var kalla, var mynteininga i Norge frå 1816 til 1875. I 1875
vart krone og øre innført.*

Kjøpet av garden/bruk nr. 3 skjedde før jordutskiftinga på Steinsland, og mange av husa til dei ulike gardane, låg framleis samla i klyngetun, med innmarka rundt. Det var Jordskiftelova frå 1859 som gav fart i utskiftingsarbeidet på landsbygda. Innføringa av lova vart ein viktig milepel i kartlegginga av grensene mellom gardane/eigendomane. Jordskifte er "ei omdeling/omordning av jord og retter mellom gardar med ulike eigarar, for å få til meir høveleg jordbrukseiningar". Særleg i perioden 1860-1890, vart det laga mange store og kunstferdige utskiftningskart av høg kvalitet.

Eit slikt offentlig jordskifte vart det gjort på Steinsland i 1878, mellom dei 5 gardene som då høyrde til Steinsland. (Dvs. det var 6 bruk, men bruk nr. 4 "Ruråsen", er ikkje med på kartet. Det var nok ikkje nødvendig med oppdeling her?)

Dei 5 sjølv eigarane var:



- A. Knut Pedersen (seinare kalt "Perane" , bruk nr 3, gift med Borgny Andersdr.)
- B. Christopher Jansen (seinare kalt "Janane", bruk nr 1)
- C. Johannes Samuelson (seinare kalt "Erikane", bruk nr 6, gift med søster til "D", Magdela Olavsdr.)
- D. Johannes Olsen (Olavson) (bruk nr 5 "Urane)
- E. Arne Olsen (Olavson) (Ådnane, bruk nr 2, gift m Malena Andersdr., søster av Borgny)





"Kart over indmarken til gaarden Stensland, Os thinglag Nordhordlands fogderi Søndre Bergenhus Amt, uptaget 1878"

Husa som før utskiftninga hadde vore meir samla vart no flytta/ bygd nye, så kvar grunneigar fekk sitt hus på sin del av innmarka.

Dette blir illustrert i den tragiske saga (sitat frå bygdeboka) om Olav Johannesson Steinsland, eldste son til Johannes Olavson ("D " på utskiftningskartet, bruk nr 5):

"Olav Johannesson Steinsland var fødd 1851 og var gift 1874 med Olina Andersdtr Frøland f. 1844. Han flutte ut or det gamle tunet og bygde husi litt lenger sud. Husi var nett so vidt ferdige, at dei flutte i dei til jol 1880; men det var hans siste jol. Han var jekteskipper og tok ut på lofottur med jakti straks etter nyttår, og leid skipsbrot ved Skorven i Lofoten den 9. februar 1881, der både han og heile mannskapet kom burt. Dei som var med omburd var: Nils Johannesson Steinsland (Frøland), Samuel Johannesson Gjerde, Johannes Sjurdsen Tveitarås og Peder Olavson Langeland. Liki av Nils Steinsland (Frøland), Johannes Tveitarås og Peder Langeland vart jordfesta på Vågen kyrkjegard den 11. juli 1881."

Ein ubeskriveleg tragedie som tok 5 menn i sin beste alder frå bygda, av dei 2 brødre, Olav/Ole og Nils Johannesson Steinsland.

Samuel Johannesson Gjerde som og omkom, var søskenbarn til både Knut og Borgny, (son av Johannes, bror til Gunvor og Anders). Eigentleg dobbelt søskenbarn til Borgny, då og dei to mødrene deira, Anna og Seselia var søstre. Kor tid Knut Pederson slutta som jekteskippar veit me ikkje, men kanskje denne ulykka var ein medverkande faktor ...

Kartet viser fordelinga av innmarka på Steinsland, dvs. den oppdyrka jorda.

I tillegg hadde kvar gard sitt kvernhus og naust, og likeså skog og fjellområde - utmark. Kvar gard felte skog/hogg ved på sitt område, men utmarka var og felles beitemark for husdyra, med seter på Breilia.

Frå pante - og grunnboksregisteret ser me at dette utskiftningsarbeidet tok to år, det vart starta i august 1877 og avslutta i juni 1879.

<p>Utskriftning Fortelt over garden Steinslands innmark. Best. om gjerdet til 3/5 1888. Landstott som før. Der beibeholdes. Kilden "Opkommen" i vann mangelskefelle gelles for hele gården, dog således at kun grunneierens vei til sønnen benyttes. Eiernes mitavende kvernhusgrinen ved strand shen forbeholdes dem med benyttede veier til samme. Johannes Olsees rett til fra markveien med til sitt kvernhus å benytte en gang sti. Ark. 7/8 1877 - 19/6 1879, kringl. 9/8 1884.</p>	<p>utsk. prot. 123^s</p>
<p>Overutskifning hvorved forandringer arkiv is. Gjerdet i de nye kvinger oppføres som ved under sig inntil bestemt. Arns Olsees har på Chr. Jansens grinen mistkommt ved stranden. Ark. 14-16/10 1879 og 9/8 1884</p>	<p>119^s</p>

I tillegg til oppdelinga på kartet, vart det bestemt gjerdeplikt til mai 1885. Landslott skulle betalast som før.(Dette var avgift betalt til grunneigar ved bruk av landbredden/eigedomen til saltvannsfiske, som kastenot. Landslottet var 3 prosent av fiskefangsten).

Vegar skulle bibeholdes. Kilden "oppkomme" skulle i vannmangeltilfelle vera felles for heile garden, men berre grunneigarens veg skulle nyttast. Eigarane skulle forsetja å ha si kvernhusgrunn ved hovedelva, og bruka same veg. Berre Johannes Olsson kunne bruka ein gangsti frå markvegen for å koma til sitt kvernhus. Ein del usemje var det nok, og for å få ei skjønnsmessig avgjer vart desse sakene anka til over-utskiftning. Men frå grunnbok-bladet ser me at over-utskiftnings-retten er samd med under-utskiftnings-avgjera, og i tillegg avgjer at Arne Olavson har naustetomt ved stranda på Chr. Jansens grunn. Gardane som vart sette opp på innmarka, var stort sett steingardar, og restene av desse er der enno:



Foto: Yosef Solt

I utmarka var grensene ofte markerte med eit kryss i eit berg/stein. Det vart óg brukt spesielle særteikn i naturen som merke. Knut og Borgny sitt hus var allereie på deira grunn, men det var sikkert både lite og slite, og talet på born var no 5, med kårfolka i tillegg... Det vart bygd iallfall ei ny stove i tillegg. Knut hadde kjøpt ei tømmerstove på ein av sine ferder til Nord-Norge. Lofoten? Steinkjer?




Ei slik stove bygd i lafte - teknikken uten kledning, var enkel å ta frå kvarandre, transportera og byggja opp att.

Denne stova var på 4,75 • 4,75 meter, med lem over og potet-kjeller under. Etter den munnlege tradisjon vart ho bygd i 1880, og denne "gamlestova" er enno ein del av det huset som står i dag. Ved ombygging (2017) kunne ein sjå korleis plankane var sette saman, og at treet fortsatt, etter nesten 150 år var i god stand.




Det var spor i eine hjørna etter eit ope eldstad, ei grue (peis), som måtte ha vore tilkobla eit pipeutløp/ skorstein. Jarnomn/vedkomfyr vart meir og meir vanleg utover 1800-talet, først for oppvarming, så med plater for matlaging. Det er grunn til å tru dei hadde det i tillegg til grua. Iallfall var "kjøkenet" eit hjørne av stova. Til å hengje opp grytene i grua vart denne "kroken", som ein kunne regulera høgda med, brukt:

Fleire av Knut Pederson Steinsland sine bøker er teke vare på:



Berta Gunnhilda

Ho var fødd 29. juni 1866. I dåpen 22. juli vart ho innskriven med namnet Berthe Gunilde, men ho var berre kalt for "Nillå",



Fadder var: Johannes Pederson Gjerde (bror til Knut)

Anders Andersson Gjerde (bror til Borgny)

Knut Andersson Gjerde (bror til Borgny)

Ane ?

Barni Pedersdr. Gjerde (søster til Knut)

Nilla var 5-6 år då familien flytta til Steinsland frå Gjerde.

I den gamle omgangskuleordninga slapp ein å syta for skulestover, men etter den nye skulelova frå 1860 vart det skipa faste skulekrinsar, og der det ikkje var råd å få leiga ei stove til skulebruk, måtte det byggjast nye skulehus.

I Samnanger vart det vedtatt å byggja tre nye skular i 1869, dei var klare til bruk i 1872. Ein av dei var på Steinsland, (dei to andre på Stolpane og Tysse). Så då Berta Gunnhilda begynte på skulen, var ho mellom dei første elevane på "nyskulen" på Steinsland, og skulevegen hennar var kort, berre ned bakkane!

1886, det året Berta var 20 år, skjedde det ei stor omveltning i bygda, då Samnanger Ullvarefabrikk starta på Tysse. Drifta auka stadig, og meir og meir arbeidskraft var nødvendig. Over 200 var tilsette her på det meste. Ein liten plass utvikla seg på nokre tiår frå bygd til liten "by."

I tillegg til dei mange lokale som fekk arbeid i fabrikk, var det og stor tilflytting. Ein av dei var Ivar Andersson frå Sogn, fødd i Borgund 1862. Han hadde fått jobb i ullvare fabrikk på Tysse som stolemeister, dvs ansvarleg for vedlikehaldet av vevstolane. Kanskje Nilla og hadde arbeid i fabrikk, og det var slik dei møttes? Giftermål mellom Ivar Andersson og Berta Gunnhilda Knutsdotter vart inngått 18. april 1889.


Den første dotter deira, Tora Bertine var fødd 21. mai 1889. Bestefaren til jenta, Knut Pederson Steinsland var fadder, likeså tanta, Anna Knutsdotter. I alt fekk Berta Gunnhilda og Ivar Andersson 8 born, 6 jenter og 2 gutar.

Dei budde først på Ytre Tysse, der dei tre eldste jentene var fødde. Seinare var avtalen at dei skulle få kjøpa ein del av hovedgarden på Steinsland, (eit bøstykke og eit skogstykke, bruk 8 Solhaug) og dei planla å byggje hus på "Stølen".

Denne delen låg forholdsvis høgt til fjells, det var tungvint arbeidsvei for Ivar Andersson, og den munnlege tradisjonen fortel at dei ombestemte seg.

I staden vart dette stykke (bruk 8) av garden selt til Olav Olavson Bolstad, for 800 kr. Han var gift med Anna Arnesdotter, dotter til Arne Olavsson og Malena Andersdr, bruk 2 (Malena var søster til Borgny). Skøytet vart underteikna 1897.

Berta Gunnhilda og Ivar fekk i staden - for 400 kr- eit anna stykke av garden, nær hovudhuset og sjøen, ved sida av skulen, bruk nr 10. Selgjaren var Knut Pedersons enkje, "Baarni Andersdr Steinsland", og naustet med grunn og likens kvernhuset var ikkje med i salget. Skøytet frå januar 1902.



I bygdeboka, Samnanger 1, står det at Ivar Andersson døydde før 1910, for då står enkja hans oppført som busitjar på bruk nr 10, likens i 1918. Då fostra ho ei ku, to sauer, og sette poteter i 0,3 mål åker.

Samnanger kyrkjebok gjev oss den rette datoen, fabrikkarb. Ivar Andersson Havnegjerde/Steinsland døydde 10. mai 1909, ein månad før han fylte 46 år. I rubrikken "opgiven dødsårsag" står det "brysthindebetændelse" - Berta Gunnhilda vart ei ung enkja, med ansvar for 8 born, den yngste jenta knapt tre år.

Det var sonen Karl Andreas (Kalle) Iverson, f. 1898 som tok over bruk nr. 10 på Steinsland.



Karl Andreas (Kalle) Iverson Steinsland



*Tora Bertina Ivarsdatter Steinsland, gift
Røyrbotten*

Tre av søstrene hans gifta seg "innan" familien. Ein av brødrene til Borgny (mor til Nilla), Anders Andersson Gjerde, gjorde eit make-skifte i 1881, bytta sitt bruk på Gjerde mot å få eit bruk i Kleivane (nær Kvitingen)

Yngste son hans, Johannes, gifta seg med eldste dotter til Ivar Andersson og Berta Gunnhilda, Tora Bertina Ivarsdatter.

Den eldste sonen, Anders, f. 1873, sin eldste son Anders f. 1903, var gift med Bergit Ivarsdatter, og etter hennar død gift med Borgny Ivarsdatter.(Søster til Bergit)

Berta Gunnhilda Knutsdatter Steinsland - Nillå, døydde i 1936.

Anna Pernilla

fødd 9. desember 1868 på Gjerde, dotter nr 2 til Knut og Borgny Steinsland.

Ho var døypt 20 desember, fadder på jenta var tanter og onkler;

Johannes Andersson Gjerde

Samuel Andersson Gjerde

Ole Pederson Gjerde

Brita Andersson Gjerde

Malena Andersson Gjerde

Far hennar var innskripen som jaktfører Knud Pederson Gjerde.

Ho arbeidde "alle år" på Samnanger Ullvare fabrikk på Tysse.

Gift på sine eldre dager, 44 år, med enkjemann Andreas Ingjaldson Steinsland (bruk 12 " Ny- Steinsland")

Giftarmålet vart inngått i Nykirken i Bergen, 4. juni 1912, mellom gaardbruker Andreas Olai Engelson Stensland f. 1866 og Anna Pernilla Knutsdotter Stensland f. 1868. Far til brudgommen: sjømann Engel(Ingjald) Andersson Gjerde.

Far til brura: Jagtefører Knut Pederson. Forlovere: gaardbruker Peder Steinsland, gaardbruker Ole Steinsland.

Anna og Andreas var tremeningar (bestemor til Andreas, Brita Pedersdotter var søster til " Bø- Per'en", far til Knut). Dei hadde ikkje born, men Anna vart " mor" for borna frå Andreas første ekteskap, Olydia og Artur. Den munnlege tradisjonen fortel om "snille tante Anna" som ikkje hadde det så lett....

Anna døydde i 1951.



«Ny Steinsland», bruk nr 12, heimen til Anna Knutsdotter, etter giftarmålet.

Det fjerde barnet, ein gut, til Knut og Borgny var fødd 27. august 1874, men han levde ikkje opp.

Frå noteringane i kyrkjeboka :

"Johannes, ektefødde son til gardbruker Knut Pederson Steinsland, 45 år og Baarni Andersdtr 39 år, viet 1865.

Fødd 27 august, døydde 29. August 1874, vart berre 36 timer.

Hjemme dåp utført av jordmor Brithe Mæland"

Dei to yngste gutane til Knut og Borgny veit me lite om:

Johannes

3. September 1875, knapt året etter, vart ein ny gutt fødd. Han og fekk namnet Johannes, på dåpsdagen 19. september 1875.

Fadder var; Arne Olson Stensland, Nils Andersson Hage

Johannes Johannesson Gjerde

Marie Pedersdtr. Langeland

Gunvor Andersdtr. Gjerde.

Dessverre døydde denne sonen i ung alder, to månader før han ville bli 19 år, 13. juli 1894. Dødsårsak: mavebetendelse (den munnlege tradisjonen fortel om ein sprukken blindtarm).

Andreas Olai

Yngste son til Knut og Borgny, fødd 29. April 1879. Fødd same dagen som far hans Knut, fylte 50 år!

Fadder på dåpsdagen 11. mai: Gardbr. Johannes Olson Stensland

Gardbr. Peder Andersson Aasen

Gardbr. Anders Johannesson Gjerde

G. Kone Johanne Larsine Eilertsdtr. Gjerde

G. Datter Siri Cecilie Andersdtr Gjerde.

Andreas Olai, reiste tidlig til sjøs. Siste livsteikn frå han var eit brev til mora Borgny, skrive i Frankrike nyttårsafta 1898. Her fortel han at ferda går vidare til Amerika. Trass hjelp av Røde Kors, har familien ingen informasjon om lagnaden hans...

7 • Peder Andreas - Per Knutson Steinsland (1871 - 1949)

Det tredje barnet og eldste guten til Knut Pederson og Borgny Andersdotter, var fødd på Steinsland, rett før jul, 22. desember 1871. Foreldra var då 42 og 36 år gamle, og faren Knut står oppført som både gardbrukar og sjømann i noteringa om dåpen i i kyrkjeboka. Dåpen skjedde nyttårsafta 31. desember 1871 i kyrkja på Ådland, og guten fekk namnet "Peder Andreas" - Per- i den daglege omtalen. Han vart oppkalla etter farfaren og farfarens far. («Per» var i det heile eit gamalt slektsnavn. Både far til svensken Nils Stålby og far til kona Anna bar namnet Per, Per Nilsson og Per Tysse.)

Kort tid mellom fødsel og dåp var vanleg og viktig, sjølv på vintersdagen. Eit udøypt barn var etter folketradisjonen i "fare" for vonde makter, og etter den kristne trua ville eit udøypt barn som døydde, ikkje oppnå frelse.

Det var fem som sto fadder på guten. Ein av dei var kårmannen Johannes Baardson Steinsland, han Knut og Borgny hadde kjøpt garden av. Det var sikkert ei æra for han å vera med å bera odelsguten til dåpen. Dei fire andre var av slekta. Johannes Johannesson Gjerde, onkel av både Knut og Borgny.

(bror til Gunvor, Knut si mor og bror til Anders, Borgny sin far) eller det kan vera son hans med same namn.

Annanias Andersson Gjerde, bror til Borgny, han var 20 år yngre enn ho, berre 15 år i 1871. Han reiste seinare til sjøs og spurdest ikkje meir...


Malena Andersdotter, søster til Borgny som eit år tidlegare hadde gifta seg med Arne Olavson Steinsland.(bruk 2 på Steinsland)

Baarni/Borgny Jakobsdotter, søskenbarn av Borgny (og Knut), dotter av Jakob Johannesson Gjerde/Aldal. Ho gifta seg 1875 med Olav/Ole Pederson Gjerde, f. 1850, yngste bror til Knut, som var 21 år yngre enn Knut, som var eldst.


Nr.	Den op- gittes fø- dselstid- tum.	Døds- datum.	Barnets fulde Navn.	Om angit- te eller født.	Dette	
					Førelæres fulde Navn, borgerlige Stilling og Dygtigheds.	Fædrenes Navne.
31	28 de Februar	31 de Febr.	Johanne Lovise f. Nordvik	stgt.	Lars og Katharine Nordvik 1848	Konrad Nordvik, Lovise og Katharine Nordvik f. Nordvik 1848
32	22 de Febr.	31 de Febr.	Peder Andreas	ca	Gudr. og Katharine Nordvik 1848	Johanne Nordvik f. Nordvik 1848
33	29 de Febr.	31 de Febr.	Johanne	ca	Lars og Katharine Nordvik 1848	Konrad Nordvik, Lovise og Katharine Nordvik f. Nordvik 1848
34	19 de Febr.	31 de Febr.	Anna	ca	Gudr. og Katharine Nordvik 1848	Konrad Nordvik, Lovise og Katharine Nordvik f. Nordvik 1848

Året Per vart fødd, 1871, var det Lars H. Nordvik som var ordfører i Os og Samnanger. Det er han som er lærar på Steinsland skulen då Peder Andreas begynner i første klasse 1878. Søstrene til Per, Berta Gunnhilda- (Nilla) og Anna er allerede erfarne skulejenter i 4. og 6. Klasse.

Steinsland krins hadde no 18 veker todelt skule. "Pontoppidans forklaring" var bytta ut med "Sverdrups forklaring", det var ny lesebok og læremidlar som globus, verdenskart, veggtafler og kulerammer. Koralbøker og salmodikon friska opp i songtimane (dvs. noter til salmane og eit strykeinstrument med ein streng).



Kyrkjesongar Lars H. Nordvik.



Kyrkjesongar Kr. Kvammen.

1881 tok klokkar Kr. Kvammen over som lærar på Steinsland. Det er han som gjev Per ein "god lusing" med ein våt sokk!

Kva han hadde gjort for å få denne behandlinga veit me ikkje, men disiplinen var viktig, og straff som "skammekroken" , "meister Erik" (bjørkeriset), slag med linjalen og meir til, var ikkje uvanleg. Lov om forbod av fysisk straff av born kom ikkje før i 1936!

Den 3. oktober 1886 stod Peder Andreas Knutson konfirmant. Denne hausten var det 15 gutar og 14 jenter frå Samnanger som vart konfirmert. I kyrkjeboka, i rubrikken om "konfirmandens kristendom kundskab " står Peder Andreas oppført med " meget godt pluss".

Nr.	Konfirmandens fulde Navn og alder	Alder [Alder i Aar, Måned og Dag]	Fødested [Sted eller St og paa Landet hvilket Gaard]	Bopæl [Sted eller St og paa Landet hvilket Gaard]	Foreldre [Fulde Navn, horelykke, Stilling (Værtsgeret) og Bopæl]	Om Aar & indtægt [Hver eller indtægt for Aar]	Aarskrift [Aarskrift med Aar og Måned]
1	Andr. Williamson	1712	Tøffe	Stang	Mr. Petrus Knutson og Gerdete Knutson	1886 1/2	Meget godt.
2	Hans Johansen	1713	Røffveeg	Røffveeg	Mr. og Mrs. Jakob Thorsen og Sten Larsen	1886 2/2	Meget godt og meget godt.
3	Hans Olsen	1723	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt og meget godt.
4	Hans Knutson	1773	Andri Knudal	p.k. Stenbal	Mr. Anders Knutson andri Knudal og Margit Knutson	1886 2/2	Meget godt og meget godt.
5	Johannes Johansson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
6	Johannes Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
7	Andr. Johan Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
8	Andr. Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
9	Kristoffer Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
10	Lars Ole Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
11	Hans Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
12	Peder Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
13	Peder Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
14	Samuel Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.
15	Samuel Knutson	1773	?	?	Mr. Ole Knutson og Gerine Knutson	1886 2/2	Meget godt.

Gutane som vart konfirmert i Samnanger oktober 1886. Peder Andreas Knutson nr. 13 på lista.

Det kom både framhaldskulekurs og snikkarkurs rundt 1890 i Samnanger, men så vidt me veit var ikkje Per på nokon av dei. Det me veit er at han fekk seg arbeid på nabogarden, i tillegg til at han nok var dreng heime etter behov.

Det var tider med "omskifte" i jordbruket. Det lønte seg mindre og mindre å avla korn, ein kunne få kjøpt fint mjøl billeg. Men varehandelen på butikken kosta pengar, og det var det lite av mellom bøndene. Ei av løysingane var å skipe små smørmeieri

i kvar grend, der mjølka vart levert mot betaling. Eit slikt lite meieri vart starta opp i kjellaren på nabohuset, bruk nr. 6, hos "Erikane", og den som var ansvarleg for regnskapet var Peder Andreas Knutson Steinsland.



Peder Andreas -Per- Knutson Steinsland


Berta Hansine Olavsdotter Sævild, "Brita", var tilsett som meierske i meieriet på Steinsland. Arbeidet hennar var å separere fløyten frå mjølka, og so kinna smør av fløyten. Smøret vart sendt til Bergen for sal.

Ho var fødd 3. mai 1865, foreldra var Olav/Ole Hansson Sævild f. 1832 og Kristi Hansdotter Holmefjord f. 1836. Ho hadde ei eldre syster og tre yngre brør. Konfirmasjonsdagen hennar var 10. oktober 1880, og karakteren på kristendomskunnskapen var "meget godt".

Frå 1600-talet hadde Sævild vore eigd av dei som budde på garden. Omlag 1650 vart garden splitta mellom to brør, den eine halvparten var det tipp-tipp-tipp-oldefaren til Ole Hansson som fekk. I 1890 står Ole Hansson Sævell oppført som sjølveigar på bruk nr. 1 med 1 hest, 8 kyr, 2 ungnaut, 21 sauer, og sådde 5 hl havre og 6 hl poteter. Han var fleire perioder i heraldstyret og var rekna som ein klok og dugande mann. Han var og ein av 20 menn som var med å skipa - dvs. gje startkapital til - "Os prestegjelds sparebank", seinare Samnanger Sparebank.



Berta Hansine -Brita- Olsdr. Sævild



Far til Brita: Ole Hansson Sævild





Bror til Brita: Ole Bertin Olsson og kona Karina.

Kristi Hansdotter, f. 1836, mor til Brita, voks opp på Holmefjord. Foreldra hennar var Hans Hansson Holmefjord (1800-1885) og Brita Olsdotter Egeland (1812-1869).

Kristi var den eldste av 9 søsken, av dei voks 8 opp. Det var broren Hans Hansson som tok over garden på Holmefjord. Tre andre brør vart sjømenn. Ei søster, Karine Oline, gifta seg med Hans Hansson Sævild, bror til Ole Hansson Sævild. (Med andre ord var det to søstre som gifta seg med to brør.) Dei dreiv landhandel på Haga.(På Håsneset). 1863 var året Kristi Hansdotter gifta seg med Ole Hansson Sævild, kanskje denne fint innbunda salmeboka var ei gåve frå foreldra då ho flytta ut av barndomsheimen?






Hans Hansson Holmefjord, (far til Kristi Hansdtr. mor til Brita), fekk laga flotte kister til alle dei 4 døtrene sine: Kristi f. 1836, Magdele f. 1839, Mette f. 1841 og Karine Oline f. 1845.

Det er kista til Magdele som til slutt hamnar på Steinsland. Magdele hadde ingen etterkomarar og kista vart testamentert/gitt til Konstance Stensland, dotter til Per og Brita. Då Konstance, på sine eldre dager ville selja kista, vart ho kjøpt av nevøen Sverre Steinsland.





I boka si om Nils Stålby, bruker Atle Austestad på omslaget eit motiv frå ei rosemåla kiste frå Eide i Hegglandsdalen i Os. (1853) Målaren er Nils Midthus, oldebarnet til Nils Stålby. Kanskje det er same målaren som har malt "vår" kiste??


Kister vart brukt for oppbevaring og transport. "Utstyrskister" var vanleg for jentene, der dei samla ulike tekstilar og utstyr til bruk i eigen heim når den tid kom. Den første kista me har etter Brita er lita, rosemåla med handtak og lås, og med leddik på innsida. Namnet hennar "Brite Olsdatter Sævild", og årstallet 1893 er dekorert inn på framsida av kista.



Årstallet på kista, 1893, gjev grunn til å tru at det var dette året ho flytta ut, reiste frå Sævild og fekk jobb som meierske på Steinsland. Her var det ho møtte Per Knutson Steinsland, som hadde arbeidet med regnskapet av meieriet, og eit romantisk forhold utvikla seg mellom dei to.

Rundt nyttår 1894 var det nok at Brita forstod konsekvensen av forholdet, ho venta barn. Den 22 år gamle Per var lite moden for ekteskap med ansvar for kone og born. Etter den munnlege tradisjonen var det først etter "besøk" av bonden på Sævild, far til Brita, han vart "overtalt".

I 1812 vart lova som straffa ugifte foreldre med bot og offentlig skrifte i kyrkja, for born fødd utanfor ekteskap, oppheva. Men fortsatt var stillinga i samfunnet ikkje lett for ugifte mødre eller born stempla som "uekte". Uansett, avtale om giftarmål vart inngått.



Om våren 1894, før dei gifta seg, var Per innkalt til militærtjeneste. Norge var framleis i union med Sverige, men kravet om unions- oppløysing vart stadig sterkare. Vernepliktslova frå 1887 styrka det nasjonale forsvaret på bekostning av det felles

unionsforsvaret. Lova sette vernepliktstida dvs. den tida soldatene stod i rullane og kunne kallast ut til teneste, til 13 år. Denne perioden var delt i tre: først linjesoldatar i fem år, så landsvernsoldatar i fire, og til slutt Landsstormsoldatar i nye fire år.

2		Fra rode no. <i>63</i>		af <i>Os</i> lodtr.-distrikt		i _____ amt		udskreven med lodtr.-no. <i>13</i> til _____ fra		— som frivillig _____		— forlods _____			
Har udtjent:															
i linjen _____															
i landværnet _____															
i landstormen _____															
Signalement:															
højde <i>165 cm.</i>				hår <i>blondt</i>				legemsbygning <i>för</i>				pandte _____			
ansigtsform _____				øjne <i>blaa</i>				særskilt kjendemerke _____							

Har tjent	som menig			som vpl. under befalingsmand		
	matr.-no.	fra	til	matr.-no.	fra	til
i linjen ved _____ kompani						
i landværnet ved _____ kompani						
i landstormen ved _____ kompani						
Har deltaget i:						
rekruttskole i 18 <i>94</i> _____ <i>18</i> dage						
andre våbenøvelser _____						
Specielle oplysninger.						
<i>Underlagt 3 av Kamp/korps? Hardanger Linje bataljon</i>						
<i>2 avd forseling, sergt, Berge.</i>						
<i>adr. Tasse, Samnanger</i>						

Opplysninger frå Per Knutsson si "Håndbog for trænkorpsets menige:

Tjenesteruste for matr.no. :4335 av trænkorpsets menige

Født den 22.12. 1871 på Steinsland i Os. Av foreldrene Gaardbr. Knut Pederson , Baarni Andersdotter.

Profession: Gaardsdrift.

Siste hjemsted: Stensland i Os.

Fra rode no 63 af Os, utskreven ved rode no 13.

Signalement: højde 165 cm, legems bygning för; hår blondt, øjne blaa.

Har deltaget i: rekruttskole i 1894 i 18 dage

Specielle oplysninger:

Underlagt: 3 av. Kamp/korps?. Hardanger Linje bataljon

2 avd forseling ? Sergt, Berge

Adr. Tasse Samnanger. "

Det var sjansen for mobilisering som var viktig, mindre den fysiske opptreninga. Etter berre 18 dagar opptrening, stod no Per Knutson innskriven mellom linjehærsoldatene (det var dei yngste og mest kampdyktige) for dei neste fem åra. Linjesoldatene var og den delen av hæren som kunne brukast utanfor landets grenser om Unionen krov det...

Nr	Under hvilken Fldt. nr. eller andet skilt	Brudgommens og Brudens fulde Navn	Brudgommens hergylde Stilling	Brudgommens og Brudens		Brudgommens Fæder og Brudens Fæder fulde Navn og hergylde Stillinge	Forloverens Navn og Stilling	Tilføyleskjæper eller, nærmere Tilføyleskjæper eller, fulde Navn og Stillinge	Legitimation for Indskud i Fldt. herunder nævnt det tilføyleskjæperens Stilling	Dette angår af Brudeparret har været på de Indskud af de tilføyleskjæperens Stilling	Anmærkninger	
				Fødsels	Fødsels							
1894	9 juni	Peder Andreas Knudtsen	Landmand	1871	1871	Ole Hansson Sævild	Landmand	1871	1871			
	11 juni	Berte Hansine Olsdotter	Landmand	1865	1865	Ole Hansson Sævild	Landmand	1871	1871			
	13 juni	Kersti Hansine Olsdotter	Landmand	1865	1865	Ole Hansson Sævild	Landmand	1871	1871			
	23 juni	Hansine Olsdotter	Landmand	1865	1865	Ole Hansson Sævild	Landmand	1871	1871			

3. juni 1894 vart det inngått ekteskap mellom Peder Andreas Knudtsen, fødd 1871 på Steinsland og Berte Hansine Olsdotter fødd 1865 på Sævild, seremonien var i Os kyrkje. Brudgommens far var gardbruker Knut P. Steinsland, brura sin far gardbrukar Ole Hansson Sævild. Forlovere var brura sin far, og brura sin bror, ungar Ole Berthin Oleson Sævild

I rubrikken om brudgommens borgarlege stilling, (næringsvei) står Peder Andreas Knutson oppført som "sömänd", dvs sjømann.

A. Levende					Fødte				
Nr	Fødsels dato	Brudeparrets fulde Navn	Brudeparrets fulde Navn	Forloverens fulde Navn og hergylde Stilling	Fødsels dato	Fødsels dato	Fødsels dato	Fødsels dato	Her og der nævnt fulde
14	22 juni	Johannes		Sömänd og hergylde Stilling	1871	1871	1871	1871	
16	5 juli	Hans Johan		Sömänd og hergylde Stilling	1871	1871	1871	1871	
30	16 august	Hans Johan		Sömänd og hergylde Stilling	1871	1871	1871	1871	

16. juli 1894 fødte Brita ein gut, han fekk namnet Hans Johan i dåps seremonien 5. august, i kyrkja på Ådland. Valet av namnet "Hans", var nok etter både morfar og farfar til Brita.

Som fadder stod svoger og søster til Per, fabrikkarb. Iver Andreas Andersson Havnegjerde og Berta Gunnhilda Knutsdotter.

Ungkar gardmandsson Ole Olsson Sævild, bror til Brita. Knut Larson Sævild, søskenbarn av Brita, (mor hans, Elna Hansdotter, søster til Ole Hansson, gift på det "andre" bruket på Sævild.)

Pige, gardmandsdotter Anna Knutsdotter, søster til Per. Barnet vart notert som "ekte fødd". Faren, Peder Andreas Knutsons borgarlege stilling, næringsvei, var igjen notert som sjømann. Sævild, som foreldra sin bopel.

Med andre ord flytta Brita tilbake til Sævild og budde der det første året (?) etter giftermålet og fødselen til Hans Johan, medan Per tok seg hyre som sjømann.

Om det var planen hans frå før ekteskapet kom på? Ein måte å få litt "pusterom" på før han var klar å ta ansvar for kone og born?

Å ha ein far som var jekteskippar, gjorde nok sitt til at sjøen lokka.

Uansett grunnen, penger vart tent på opphaldet hans til sjøs, som kom godt med.

Ein stor tragedie råka familien på Steinsland med dødsfallet til Johannes, nest yngste bror til Per, 13. juli 1894. Knut og Borgny gravla son sin Johannes, 17. juli, dagen etter sonesonen, Hans Johan, var fødd. (Kanskje han fekk namnet "Johan" i minne etter den avdøde onkelen?)

Seinare same år, desember 30, døydde Johannes Baardson, som budde på kår på Steinslands -tunet. Kona hans, Malena Ingjaldsdotter, døydde året før, januar 1893, begge av "alderdom".

Då Per Knutson Steinsland "gjekk i land" vår/sommar 1895, bygde han ei ny stove på huset - "bua". (Kanskje etter å ha rive ned kårstova, og brukt denne plassen?). Ein del av stova var eit eige lite rom - eit kammers, det var og lem over.

Då denne parten av huset var riven ved ombygginga i 1958, såg ein at det var brukt sprakebusker,(einer) til isolering i veggane.

Materialer til bygginga vart sendt frå Sævild, men Per var stolt. Han likte ikkje å få "almitter", ville greia seg sjølv, og brukte nesten ikkje dette tømmeret.



Kista Brita hadde med seg då ho flytta inn på garden på Steinsland.
"Berthe O. Sævild 1895"

Mars 24. 1896, vart det andre barnet til Per og Brita fødd, ei jente. Stillinga til faren, gardbrukar og bopel til foreldre - Steinsland. Jenta var døypt 19. april og fekk namnet: Konstance.

24	19		Konstance	Gulls Føder Sævil	Steinsland	1896	
11	19	19		og den Berthe Hansine Olsdr.			
3	1	1	Wihilde Torine	Indebøst, Elling Sævil			
9	1	1		og den Kari Oline Hansdr.			
20	10	10		(19. 12. 1895. Havnstad)			
				og den Kari Oline Hansdr.			
				og den Kari Oline Hansdr.			

Fadder på Konstance var: Landhandler Hans H. Sævild og kone Kari Oline Hansdr. Hage, onkel og tante til Brita. Ungkar gardson Peder Olson Sævild, bror til Berta. Pige Kristine Olsdr. Sævild, søster til Brita Ungkar Andreas Knutson Steinsland, bror til Per.

Halvannen månad seinare, 4. mai 1896 døydde Knut Pederson Steinsland, far til Per, 66 år gamal av kreft.

Den munnlege tradisjonen fortel at tilhøvet mellom Per og mora Borgny var konfliktfylt, ho gav heller ikkje den beste mottakinga til svigerdottera Brita.

A. Levande				Fødte			
1	2	3	4	5	6	7	8
M.	Fødsels- Datoen	Per Brønn Ålder Døds- Datoen Stad v. Dødsst.	Konv. eller Korn.	Stedets Navn og Sætt (Kirkens)	Fødsels- Datoen	Fødsels- Stedet	Stedets Navn og Sætt
11	7	9		Johannes	1894	Steinsland	Steinsland


Denne gongen var det lengre tid mellom fødsel og dåp, 5 veker. Kanskje det var mora Brita, som fekk igjennom at guten måtte bli so stor før han blir "sendt ut" midt på vinteren.

Det var dette året, 1902, at Per Steinsland var på auksjon på Tysse. Han kom heim igjen med ei veggklokke av porselen han hadde kjøpt for 2 kroner.



Det sjette og siste barnet til Brita og Per, vart fødd sommaren 1905, 18. juni. Han fekk namnet Ole Berthin i dåpen 16. juli 1905.

Oppattkalt etter morfaren sin.



Fadrar var: Gardbr. Thorbjørn Olsson Steinsland,
 Gardbr. Berthin Johannesson Hage,
 Ungkar Edvard Erikson Steinsland
 Kone Andrine K. Frøland
 Pige Tora Iverdr. Steinsland.

Sommaren Ole var fødd, var dramatisk i landets historie. Noreg hadde først vore i union med Danmark frå år 1380 til 1814, då var landet berre rekna som ein dansk provins. So i union med Sverige frå 1814. Med bedre "vilkår" som eigen grunnlov og eige storting, men med felles konge, og all utenrikspolitikk bestemt i Sverige...

7. juni 1905 erklærte stortinget at unionen med Sverige var oppløyst.

13. august 1905 var det folkeavstemming, (dvs. det var berre alle menn som fekk stemma, norske kvinner fekk først stemmerett i 1913) der 99,95 prosent stemte for norsk uavhengighet.

Alt dette gjekk ikkje knirkefritt for seg. Frykta for at svenskane ville gå til krig var reell. Kanskje spesielt for dei som stod i militæret sine mobiliseringsrullar, som Peder Knutson Steinsland, var det spanande tider.

Men, alt ordna seg, Noreg vart verande eit fritt land. November 1905 fekk landet sin første eigne konge på nesten 600 år, då danske prins Carl, vart norsk konge ved namn Haakon den 7.



*Bilete frå Deby albumet, Samnanger historielag si fotosamling.
Folkeavstemninga på Tysse 13. August 1905*

Me har ikkje mange bilder av Per Knutson Steinsland, men her er han på eit frå ca 1906. Eigentleg er bilete av naboane på bruk nr 5. Den eldste (sitjande) er Johannes Olsen/Olavson f. 1818, ein av dei 5 grunneigarane på Steinsland, då utskiftinga skjedde i 1878. Det var son hans, jekteskipperen Ola, som bygde huset (1880) me ser i bakgrunnen, rett før han omkom i Lofoten. Enkja etter Ola, Oline Andersdotter (Frøland) til høgre. Son deira (til venstre) Johannes O. Steinsland f. 1874 som tok over garden, gifta seg med Anna Samuelsdotter Gjerde (i midten) og den einaste barnet deira, Olivia f. 1902, er småjenta på bildet.

Anna Samuelsdotter Gjerde, var dotter til Samuel Andersson, bror til Borgny (mor til Per). To av brødrene hennar, Annanias og Samuel Martin gifta seg med søstrene Bertilla Gurina og Olufine Nilsina, søstrene til Johannes, mannen hennar.

Mannen, som på bilete passar på hesten deira, er Per Knutson Steinsland. Han var søskenbarn til Anna, og god venn med Johannes. Han fekk tittelen "dreng" av Olivia, då ho på sine eldre dagar fortalde kven som var på bilete, så kanskje han arbeidde litt her og, i tillegg til sin eigen gard?



Bruk nr. 5 på Steinsland, ca 1906.



Med litt fantasi kan me tenkja oss at fotografen gjekk 150 meter lengre opp vegen og tok bilete av dei som budde på bruk nr. 3 i 1906: Per (34 år) med kona Brita (40 år), og dei 5 borna deira i alder frå 12 til 1 år: Hans, Konstanse, Kristina, Johannes og Ole. Per si mor, Borgny, på 70 år. Per si eldre søster, Anna, 38 år. Huset deira var mykje likt det som dei hadde på bruk nr 5.

Per var rastlaus, og havet lokka han igjen. Det året eldste sonen deira, Hans, vart konfirmert -1908- står farens stilling oppført som sjømann i kyrkjeboka. Den munnlege tradisjonen fortel at han var til sjøs i rundt to år. Detaljer kor langt turene gjekk, og akkurat når er ukjent, men då han gjekk i land kunne han snakka flytande engelsk! Eit nytestamente på engelsk som hadde tilhørt Per, var lenge tatt vare på, heilt til det gjekk i oppløysing.

Historia fortel at seinare når det kom engelsk-talende til Steinsland, var det Per som vart tilkalt som tolk. Turismen blomstra i Samnanger i mange år. Store turistskip kom inn fjorden til Tysse, og dei utanlandske turistene som ville sjå vestlandsnaturen, var køyrt med hest og karjol via fossen "Brudsløret", over Kvamskogen, og ned Tokagelet til Nordheimsund, der skipet plukka dei opp att.

Dette var ein god ekstraintekt for mange av hesteeigarane i bygda. Per Knutson hadde hest, og kjøpte seg og karjol, men så vidt me veit kom den aldri i bruk. I dag står den til pynt i tunet på Steinsland.



Etter herad/kommunedelninga frå 1855 var sokna Os og Samnanger bundne saman til ein kommune. Nils Lauvskard skriv i bygdeboka: " det var ikkje alltid godt fyr dei å stå på bås i lag - dei rykte i bandi rett som det var"! Særleg var det forholda rundt vegbygging og vedlikehald av vegane det var ulike meiningar om...

Peder Andreas Knutson Steinsland var innvalt i heradstyret i minst to periodar, men om dette var før eller etter lausrivinga frå Os, dvs 1907- då Samnanger vart eigen kommune- er ikkje sikkert.

1914 - 1918, rasa den 1. verdskrigen i Europa. Norge var "nøytralt", men det var urolege tider med handelsblokkader og skip som vart senka. Bøndene vart oppmuntra til å auka produksjonen.

I 1918 er bruk nr 3 på Steinsland notert med:

1 hest

4 mjølkekyr

8 sauer

Her var 3.769 mål åker, som var tilsådd med vårkveite 0.885, havre 1,484 og poteter 1.4 mål.

1918 er og det året elektrisiteten kom til Steinsland 18 februar, vart linja til Haga og Steinsland teken i bruk.

"Bergens elektrisitetsverk" sitt kraftanlegg i Frølandsdalen kom i drift i 1912, men krigen "stoppa" utbyggjinga lokalt. Desember 1917 kom det straum til Tysse, og til 1920 var mange av bygdene i Samnanger "opplyst".

Den største hendinga innan familien på Steinsland i 1918, var giftarmålet til Kristina Pedersdotter med Hans Martin Kristansen Rein, og fødselen til Peder og Brita sitt første barnebarn, Kristian.

Både Kristian, og likeeins gutt nr 2 Alfred, var fødd medan foreldra budde på Fusa, der Hans K. Rein kom frå. Den tredje guten, Georg, var fødd i mars 1923, og då budde dei på Steinsland. Kårenkja Borgny Andersdtr, mor til Peder, døydde desember 1921, nesten 86 år gamal. Kanskje det var etter hennar død som gav "ledig" plass Kristina kom til Steinsland med sin familie?


Ein av dei som var fadder på Georg, var Hans Pederson, eldste bror til Kristina. Han var komen tilbake etter 12 år til sjøs, og 1924 gifta han seg med Marta Olsdotter Børdal. Deira første jente var fødd same året. Dei og, flytte inn på Steinsland, og dei neste åra kjem barnebarna "som perler på ei snor". På det meste budde det 8 voksne og 8 born i lag på garden!

Midt oppi gleden over nye liv som vart fødde, skjedde eit nytt tragisk dødsfall på garden. Johannes, den nest yngste sonen til Per og Brita, får hjernehinnebetennelse og dør, 2. november 1924, berre 22 år.

(Meir om alle borna til Per og Brita seinare i kapittelet)

Peder/Per hadde i mange år røykt krittpipe. Etter han hadde gått i lengre tid med eit sår på underleppa som ikkje ville gro, vart han diagnostisert med kreft i leppa. Den munnlege tradisjonen fortel at han vart operert i 1927, av ein tysk kvinneleg lege i Arna, etter han hadde tatt opp lån i banken for å kunne finansiere det kirurgiske inngrepet.

1927, var og året Peder Knutson Steinsland til slutt får skøyte på garden - finansiert med lån i "Smaabruk og bolig banken".



"Skøyte fra Knud Pedersens arvinger til med-arving Peder Knutson Steinsland på denne eiendom for kr. 3.500. Dato 17 nov. 1927. Tinglyst 10 januar 1928."

Kristina Pedersdotter (Stensland) Rein med sin familie, flytta først til Haga og seinere til Fusa. Hans Pederson Stensland flytta til Sørlandet med sin familie, der han kjøpte ein "heiagard".

Ole Pederson Steinsland gifta seg i 1929 med Solveig Sverkesdotter Vindenes, og det var dei som blir verande på garden, i lag med Per og Brita. Det første barnet til Ole og Solveig, ei jente, vart fødd 11 september 1929. Ho fekk namnet Berit.



*Peder/Per og Berta/Brita Steinsland, med dotter Konstane og svigerdotter Solveig.
I hagen utanfor huset, sommar 1930.*

6. mars 1931 brann Ullvare fabrikk på Tysse ned, og fleire hundre menneske i bygda vart arbeidsledige over natta. Ei av dei var eldstedotter til Per og Brita - Konstane. Etter å ha budd på Steinsland og arbeidd i fabrikk på Tysse heile sitt vaksne liv, forlet ho no heimbygda, først for arbeid i Arna, seinare i Bergen.

Det var og våren 1931 at Per Knutson Steinsland igjen tok ut på "langtur". Eldste sonen, Hans, hadde flytta til Sørlandet og kjøpt gard på "Solåsheia", nord for Mandal.

Per hadde tatt avgjera, at han ville gie hesten på Steinsland til Hans. Ei lang reis: skøyte frå Tysse til Stord, derifrå kystruta til Mandal, men etter ei veke ankom både Per og hesten målet. Per budde eit halvt år med sonen og familien. Eit nytt barnebarn, Oddbjørg, vart fødd medan han var der, og dei større borna hugsar ein bestefar med

livleg fantasi som fortalde spanande eventyr. Han kom attende til Steinsland den 29. november 1931, same dag som Sverre vart døypt. Det nye barnebarnet som vart fødd på Steinsland, 16. oktober, var son til Ole og Solveig.

Å ha hest til hjelp i det daglege gardsarbeidet, var ei uvurderleg støtte heile året. Problemet var at dei hadde berre ein. Med andre ord, gleda å få på ein gard, vart eit stort tap på den andre garden.

Spesielt for sonen på Steinsland, Ole, var farens val om å sende hesten til Sørlandet eit stort vonbrot.

Kanskje Per hadde planar om å kjøpe ny hest på Steinsland medan dei harde tretti åra sette ein stopp for det?

Uansett, det skulle gå 10 år før det kom ny hest på garden, og mykje tungt fysisk slit vart utført i dei bratte bakkane...




Bilde av to av jentene på nabo garden, Marie og Margit, ca 1935, med "vår" gard i bakgrunnen.

Veggpryden inne i Per og Brita si stove, "bua", var i tillegg til veggklokka, ei trekanta bokhylle og fleire "Jesus- bilete".



Ei av bøkene i bokhylla var nok denne, "Davids salmer", som etter signaturen "Bertha Sævild", Brita hadde med seg då ho flytta til Steinsland.



Barnebarna hugsar henne som ei snill og stillferdig "besta". Ho var ein flittig lesar av evangeliske tidsskrift, som "Den klare Morgenstjernen" og "Evangelisten". Det sist nemnde starta opp i 1909 og blir framleis utgitt, karakterisert som :

"eit fritt evangelistisk blad som legg vinn på å vere til velsigning for Guds folk innen alle organisasjoner og samfunn, uten å agitera for nokon bestemt org. eller åndsretning." Når det kom predikanter til bygda, var Brita mellom dei som kom på møta. Sameleis til gudstenestene i kyrkja på Ådland.

Trua hennar var sterk, men helsa var svak...

Ho var veldig tynn og ein kronisk stygg hoste gav mistanke om tuberkulose. Dr. Mørk - den dåverande legen i Samnanger - var overtydd om eit positivt svar på prøven hennar, men diagnosen vart "kronisk bronkitt."

Ho "behandla" seg sjølv ved å lage/drikke te av karvefrø og røllik, naturmedisin med hostedempende verknad.

Brev frå Brita til dottera Konstanse:

Stensland 5. februar 1942

Kjære Konstanse

Du har vel ventet paa brev, det har nu veret saa kalt i buen at eg har ikke vert god å skrevet, men idag er eg kommen i Staava og sider her og skriver og har det godt og varmt. Solveig er i kvindeforening hos Lisabet Skar og Berit er paa Bøen hos Hilda der har di som en liten barneforening.

Men i Buen der er det kalt, tiner ikke av glasset hele dagen. Men en faar være glad så lenge man er frisk. Har nu ikke saa meget at skrive om, er nu godt vi har mad og det har vi nu havt til i dag. Jeg fik brev fra Kristine og hun sendte eit brødkort. Ole fek til eit brød og, saa det var godt for dem at de fekk eit brød og.

Ole gaar hos tyskarane paa Tösse saa det er nu kjekt i så maate, gaar hjem til middag, sykla heim og bala med ved om kveldene, saa han har det vist ansamt nok.

Det er nu godt du er frisk, du maa ikke bale dig hjem morsdagen, det er så kalt du kunne blive forkjølet, men kunne nu komme senere en helg ja du får nu bestemme det selv, men jeg tror det blir slik en kold tid fremover.

Dampskibet gaar ikke lenger en til Egelansosen siger de, der gaar tyskerne og henter sin proviant med bil selvfølgelig.



Erikka-Karl skal være brudgom om lørdag siger de, på Totland selvfølgelig skal bryllaupet være.

Jeg hører du har vert til dokter for hendene og alt trekker penger. Eg har disse pengene jeg fik til ny aaret saa jeg får hjelpe dig litt.

Eg vet nu ikke mer at skrive om denne gangen resten for nu være til vi treffes.

Ønsker at Herren maa hjelpe og styrke deg i all din trang. I den klare morgenstjerne står eit vers som lyder saa: Blodet frå Golgata ringer legedom, det bringer syke sjæle lægende kraft.

Hver nu saa hjertelig hilset fra Mor.



Bertha Olsdr. Steinsland, 1940.

Vinteren, 1943, vart Brita berre svakare og svakare, til slutt vart ho sengjelliggjande. Det var svigerdotter hennar, Solveig, som pleia henne. Maten ho greidde få i seg var stort sett berre litt "Maria kjeks".

På spørsmål frå Solveig om det ikkje var noko ho hadde lyst på, vart svaret " kanskje litt dravle?"

Dravle hadde vore favorittmaten hennar frå ho var lita. Tilfeldigvis hadde Solveig ingrediensane som skulle til, og kokte dravle til ho. Desse skeiene med dravle vart det siste måltidet hennar. Berthe Hansine Olsdotter, berre kalt Brita, døydde same natt, 26. januar 1943, 77 år gamal. Per, som midt på natta forstod det gjekk mot slutten, vekte sonen og svigerdottera Ole og Solveig. Dei var alle rundt senga til Brita, då ho anda ut.

Berit og Sverre, borna til Ole og Solveig, var 13 1/2 år og 11 1/2 år då bestemora døydde, og begge har sterke minner om "møtet" med døden og gravferda. Sverre var med faren Ole, til Tysse for å hente kista, etter dei hadde fått lånt hest og kjerre hos naboen, Johannes O. Steinsland. Kista var laga av Daniel Tveitarås.

Den døde vart stelt, sveipt og lagt i kista. "Fader Vår" og salmer var sunge før kista vart boren på låven i vente på gravferda. Det var tradisjon og viktig å laga til eit godt måltid for alle som deltok etter sjølve gravferda. Men det var krig, vanskelege tider og lite mat på garden.

Sverre hugsar han var med mora Solveig til naboene Gjertrud og Ola. Her fekk dei låna ein sau til å slakta. Avtalen var at dei skulle gje attende ein sau til hausten. Eit stort kålhovud fekk dei hos nabokona Olivia. Berit hugsar ho og bestevenninna «Nellen», Nelly Drevsjø gjekk rundt omkring på alle gardane og samla inn/lånte kopper, fat og bestikk.

Den sjuende dagen etter dødsfallet, "sjund", møtte alle som skulle følgje Brita til grava på tunet på Steinsland. Kista vart boren til veggen med salmesong. Derifrå med bil til kyrkja på Ådland. Det var Johanna Haga, som kom og hjelpte med kokinga av fårrikål, medan dei andre var i kyrkja.

Rundt 40 deltok i måltidet, av dei familemedlemmer, vener og naboar. Både læraren og lærerinna i bygda, Hans Tømmerbakk og Gjertrud Ese Ådland var med, likeså presten Gjesdal. Med andre ord, "heile" bygda var med å gje Brita Olsdotter Sævild Steinsland ei verdig gravferd.

To år tidlegare hadde sonen Ole, fått skøyte på garden, med kårbrev til foreldra, Per og Brita:

K Å R B R E V .

Underskrivne Ole P. Steinsland, som har kjøpt garden Steinsland, gr.-nr. 25, br. nr. 3 av skyld mark 1,83 i Samnanger herad av far min, Peder K. Steinsland, bind meg hermed til å svara kår til han og kona Berta så lenge dei lever, slik :

Dei skal ha hus, dagleg 2 liter rysila mjølk, 200 kg poteter kvart år, så mykje brennefang som dei treng og lys.

Når den eine døyr, vert alle ytingar som gjeld matvarer, nedsett med det halve. Til trygd for kåret gjev kårytaren kårfolka pant i garden.

Steinsland den 2. september 1941.

Ole P. Steinsland

Etter beste skjøn verdset me kåret til kr. 300,- pr. Steinsland den 2. september 1941.

Edw. F. Skunsland
Arthur A. Skunsland

Ole P. Steinsland har vedkjendt seg sin overskjende underskrift.

Wick
Samn II 246

Dok. nr. 4028 / 1941 dagbokført
Midhordland heradskrivarembete 2 OKT 1941

Innført i grunnbok
Innglysningsgebyr kr. 15
Mulige heftelser vil bli ann

Underskrivne Peder K. Steinsland skøyter og overdræg hermed til son min Ole P. Steinsland garden min, Steinsland gr. nr. 25, br. nr. 3 av skyld mark 1,83 i Samnanger herad.

Kjøpesummen kr. 6000,- - fem tusen kroner - er avgjort såleis :

Kjøsparen overtek skulda på garden, nemleg :

1. Pantegjeld til Boligbanken kr. 2500,-
2. Pantegjeld til Fusa Sparebank " 2000,-

Kjøsparen har i dag betalt kontant " 500,-

I alt kr. 5000,-

Kjøsparen svarar kår til seljaren og kona hans etter kårbrev oppsett i dag.

Eigedomen vert overdregen med hus og nagelfaste ting, alt i den stand det er i dag og med dei same rettar og skyldnader som før, og vert eg kjøsparen sin heimelsmann etter lova.

Steinsland den 2. september 1941.

Peder K. Steinsland *Ole P. Steinsland*

Eg samtykkjer i at garden vert seld og overdregen såleis som det står ovanfor.

Bertha O. Steinsland

Underskrivne vitnar at dette dokument er eigenhendig underskrive av seljaren, kona hans og kjøsparen i vårt nærvær.

Det vert og attestera at underskrivarane er over 21 år.

Steinsland, den 2. september 1941.

Edw. F. Skunsland
Arthur A. Skunsland

Wick
Samn II 246

Kår - og enkjemannen Per fortsette å hjelpe til på garden etter evne. Ei av oppgåvene hans var "å skava", det vil seia å skjera bark av greiner (ask og selje), som vart brukt til dyrefôr. Spesielt i "vårknipa", månadene mars april og mai, då det minka på høyet var skavet ei viktig næringskilde for dyra.

Ein skulle ikkje skave for mykje om gongen, ellers tørka skavet og dyra ville ikkje ha det. Skavet skulle være tynt, fint og mjukt, ikkje noko av veden skulle følgja med. Dei skavde stokkane/greine vart brukt som brensel, og var spesielt ypperlege å fyra opp med om morgonen.

Anna arbeid han tok seg av var å hogga ved, hjelpe i fjøset, reparera river og andre reiskapar, og laga hesjestaurar.



Han hadde eit godt handlag. Han fungerte og som slakter når dette vart nødvendig. Ikkje berre på eigen gard, han vart tilkalt til nabogardane og, noko som gav ei lita ekstraintekt, 1-2 kroner for utført arbeid...

Berit og Sverre hugsar ein snill "beste", som likte å fortelje eventyr. Alle ungane i nabolaget kom for å høyre på. Han putta inn lokale plasser i historiene, og fekk dei meir levande, til ungane si skrekkblanda fryd.

Spesielt sagnene han fortalde om "julereia" gjorde inntrykk. Dette var nemleg ein flokk "dauingar" som var ute og rei/ flaug på svarte hester om julenatta, og kunne både velte hus og ta menneske med seg!

Han hadde livleg fantasi, dei "vanlege" eventyra fekk ein lokal vri. Fleire dikta han sjølv, til dømes det om trollet som drakk opp heile Samnangerfjorden!

Det var Per som fekk rydda/sprengt vekk alle dei store steinene av "Storåkeren", landstykket nærast sjøen. Likeeins var det han som bygde på løa, dvs. utvida/gjorde ho lengre på begge sidene.

På "opp sida", vart det bygd "verkstad" over med vedbu under, i tillegg til at floren vart lengre. På " ned sida" vart "mottingen" og plassen til høyet utvida.

Materialane fekk han frå eit gammalt eldhus som stod på tunet og som var rive ned.



Steinslandstunet, bruk nr. 3, sommaren 1947

Våren 1949, mista Per gradvis matlysta og vart tynnare og tynnare. Ein ung lege/turnuskandidat som då vikarierte i Samnanger, ville senda han på sjukehuset til undersøking, men Per nekta, han ville ikkje bli sendt nokon stad.

I slutten på juni vart han sengeliggjande med mykje vondt. Smertestillande medisin var det einaste distriktlegen Kari Øpstad kunne tilby.

Ole og Solveig, stelte han og vaka over han døgnet rundt. Det var sonen, Ole, som sat hos han då Per Knutson Steinsland døydde av kreft, klokka fem om morgonen, 5. juli 1949.



Sommaren 1947, i hagen nedanfor huset på Steinsland.

Bak: Per Steinsland og dotter hans Konstanse.

Framme: sonen Ole med kona Solveig.

Det var den yngste sonen til Per og Brita, Ole Bertin, som vart den neste sjølveigaren på Steinsland. Før forteljinga om hans liv, meir om brørne og søstrene hans:

8 • Hans Johan Stensland (1894-1945)

Den eldste sonen til Per og Brita var som før nemnd fødd 16. juli 1894, på Sævild. Dei første barneåra hans var på Steinsland, så nokre år i Fana medan foreldra var forpaktere på ein gard der.

Då han begynte på skulen hausten 1901, var dei komen attende til Samnanger, og Hans vart innskriven på Steinslandskulen med Gjertrud Ese Ådland som lærarinne. Ho kom frå Balestrand, og var frå 1897 tilsett som lærarinne i Samnanger.

Skulehuset på Steinsland vart bygd i 1872 og var nok mykje likt det som samstundes vart bygd i Hisdalen (Stolpane), og som er blitt restaurert.



Stolpane skulehus

Den munnlege tradisjonen fortel at lærarinna til Hans, Gjertrud Ese Ådland, seinare fortalde at Hans (og søstera Kristine) var av dei mest evnerike elevane ho hadde hatt under opplæring! Hans Johan var konfirmert 11. oktober 1908. Konfirmasjonen symboliserte overgangen frå barndomen til vaksenlivet, og draumen til Hans var å reisa til sjøs. Oppvaksten med historier om bestefaren Knut, jekteskipperen, og "påverka" av faren, Per, som nettopp var "gått i land" etter 2 år. I det heile, sjøen var eit av dei få alternativa, til å reise ut.

Men foreldra sa nei til planane hans. Kanskje dei synest han var for ung? At faren Per, hadde sett med eigne augo/følt på kroppen, det tøffe livet som venta ein førstereis gut, verka nok inn og... Den 15 år gamle Hans, let seg ikkje stoppa. Tidleg ein morgon hoppa han ut vindauget i 2. etasje, gjekk til Tysse og tok seg hyre på ein båt som låg der. Yngste mann ombord og nedst på "rangstigen". Ryktet om at sonen fekk mykje juling av skipperen nådde faren på Steinsland. Antakeleg var dette ein "lokal" båt for historien fortel vidare at Per Steinsland hadde ein samtale med skipperen. Kva som vart sagt, og om det hjelpte veit me ikkje, det me veit er at Hans Johan Pederson til slutt var 12 år til sjøs verda rundt nok fleire gonger! Han var ingen brevskrivar, kontakten med familien på Steinsland var svært liten.



Bilete av Hans Johan Stensland

I 1921, medan båten hans var ankra opp i Bergen hamn, valde Hans no 27 år, å mønstra av. Han kjem tilbake til Samnanger. Den munnlege tradisjonen fortel at mora, Brita, hadde problem med å kjenna den eldste sonen igjen etter 12 år.

30. januar 1924 gifta Hans Johan Pederson seg med Marta Elena Børdal, i Os kyrkje. Hans og Marta var begge fødd i 1894 og var konfirmert i lag.

1924				1924			
1	Torjunn Andersen Gjerd	Gjerd	2 02	Konfir.	Fredrik Eriks Gudbrandsen	Kristin Knudsen	2
2	Larsine Eilertsdtr. Gjerd	Karoline Gjerd	2 27	Konfir.	honn. Anders Knudsen Gjerd	og Johannes Gjerd	2
1	Lars Johan Steinsland	Sjøn. Steinsland	2 94	Konfir.	Sjøn. Ole S. Knutsen	Arvid Haraldsen	2
	Marta Elena Børdal	Gjerd. Børdal	2 94	Konfir.	honn. Ole Johannessen		2
	Johannes Gjerd	Sjøn. Gudbrand Gjerd	2 99	Konfir.	og Johannes J. Gjerd		2
	Larsine Kristine Olsen	Gjerd. Olsen	2 96	Konfir.	Johannes J. Børdal	Johan Børdal	2

Marta kom frå fjellgarden Børdal, oppvaksen her på husmannsplassen "Kråi". Foreldra hennar var Ole Johannesson Børdal f. 1855 og Anna Synneva Eriksdatter Haga f. 1865. I søskenflokket på 6, var Marta nr 3, med to eldre brør og tre yngre søstre. Då Marta var 9 år i mars 1903, døydde mor hennar, Anna, berre 39 år gamal. I kyrkjeboka er døds- årsaka notert som " hjertefeil".

Faren gifta seg igjen to år seinare med Nilsina Pedersdr. Høysæter, og tre born til vart fødte i det andre ekteskapet.

Det første barnet til Hans og Marta, ei jente, vart fødd 8. mars 1924, på Børdal. Ho fekk namnet Anna, etter mormora si, i dåpen 4. mai 1924.

Arvskifte	Dato	Arvskifte	Arvskifte	Dato	Arvskifte	Dato
4.	5. Mars 1904	Nancy Olene	Sjøn. Ludvig Johannes Tjørdal	Tjørdal	1878 1900	Sjøn. Tjørdal, hennar hennar
5.	22. Okt. 1904	Nancy Augusta	honn. Kaldie Hauke	Tjørdal	1879 1910	Honn. Tjørdal, hennar hennar
6.	3. Mars 1904	Mona	honn. Anna Sivertsdtr. S. Gjerd	Børdal	1879 1914	Honn. Børdal, hennar hennar

Dei som var fadrar: kone Kristine P. Rein
 Sjømann Hans Rein (søster og svoger til Hans)
 Kone Sesilie Børdal
 Student Johannes Børdal(bror til Marta)
 Sjømann Johannes Steinsland (bror til Hans)

Både då han gifta seg, og som far til Anna, står Hans Johan oppført i kyrkjeboka med stilling/ yrke: matros/sjømann. Antageleg fekk han denne tittelen på grunn av at han arbeidde for svogeren, Hans Kristian Rein som hadde motorbåt, i tillegg til gardsarbeidet på Steinsland.

Året etter, 23. november 1925 vart son deira, Per, fødd på Steinsland. Han var døypt 1. januar 1926.

Fadrar på han var: Ole J Børdal, Nilsine Børdal (far og stemor til Marta)
 Peder K. Steinsland, Ole Steinsland (far og bror til Hans)
 Eli O. Børdal (søster til Marta)

Aar		1926		A. Levende		fødde.					
Nr.	Fødsels-datum.	Dødsdatoen (sigenes for- eller datum)	For hjerme- døpt: (døps- stoffsted: -ses datum)	Barnets fulde navn.	Foreldrenes fulde navn og borgerlige stilling (Norskestr.)	Foreldrenes bopæl.	Foreldrenes fødselsaar.	Farens.	Morrens.	Foreldrenes navn og borgerlige stilling.	Om egte eller ugte født.
1	23. nov.	1. jan.		Per	Marta Hans Johan Børdal Steinsland h. Marta Eli O. Børdal Børdal og Steinsland	Steinsland	1894	1894	1894	Ole J. Børdal, Nilsine Børdal Peder K. Steinsland, Ole Steinsland Eli O. Børdal.	egte
										Marta Hans Johan Børdal Steinsland h. Marta Eli O. Børdal Børdal og Steinsland	u.

Det tredje barnet til Hans og Marta, ei jente, var fødd 6. oktober 1927. Ho fekk namnet Berit i dåpen 4. desember. No står Hans oppført som "gardsarbeider."

Dei som var fadrar: Peder O. Børdal (bror). Edvar J. Steinsland (nabo) Karl I. Steinsland (søskenbarn til Hans). Anna Nysteinsland og Konstane Steinsland (tante og søster av Hans)

16	2. okt.	28. okt.		Nelly Berit	Jenslavet Herman Larsen Børdal h. Nilsine Margrethe Bjørnstrøm Børdal og Steinsland	Steinsland	1894	1894	1894	Edvar J. Steinsland, Karl I. Steinsland, Anna Nysteinsland Konstane Steinsland	
27	21. okt.	28. okt.		Berit	Jenslavet Herman Larsen Børdal h. Nilsine Margrethe Bjørnstrøm Børdal og Steinsland	Steinsland	1894	1894	1894	Edvar J. Steinsland, Karl I. Steinsland, Anna Nysteinsland Konstane Steinsland	
28	6. okt.	9. des.									

Ei ny jente vart fødd to år etter, 23. september 1929. Ho fekk namnet Oddbjørg, då ho vart døypt 17. november.

Denne gongen var foreldra sjølve fadrar, likeså to av brødrene til Marta, Emil O. Børdal og Nils O. Børdal. I tillegg var og ei nabo jente, Amanda Jansdtr. Steinsland fadder på Oddbjørg.

Utan veg, langt til den næraste naboen, masse snø om vinteren, var berre ein del av utfordringane dei møtte på Lian. Men med hardt arbeid av både store og små fekk dei endane til å møtast.

Hans var nevedyktig, laga ski til seg sjølv og borna, bygde nye reiskapar og reparerte gamle. Dei dyrka havre, rug, bygg og kveite. Likeså poteter, neper og jordbær. Hans eksperimenterte til og med med å dyrka mais, og under krigen dyrka han tobakk. I det heile var han oppfinnsam og uredd til å prøva ut nye ideer.



Hans og Marta med ungeflokken på Lian, 1935

Helsa til Hans var nedadgåande, og etter år med angina/hjartekrampe, døydde han av hjartesvikt, i april 1945, 50 år gamal. Marta og borna fortsette å bu på Lian. Det var Per, den eldste sonen som tok ansvaret for drifta av garden.

Hausten 1950 forlet familien garden på Lian og flytta til Mandal. Per tok seg fabrikkarbeid, og leigde hus til seg sjølv, mora og den yngste søstera. (15 år gamle

Hans reiste til sjøs) 10 år seinare, 1960, bygde Per sitt eige hus på Ulvejelet i Mandal. Sjølv flytta han til Oslo i 1967, men mora Marta Børdal Stensland, budde her til ho døydde i 1977.



*Marta Børdal Stensland, med borna
Per, Anna, Berit, Oddbjørg og
Hans.
Lian, 1946*

9 • Konstanse Stensland (1896-1986)

Den eldste jenta til Per og Brita vart fødd 24 mars 1896, på Steinsland. I dåpen 19. april fekk ho namnet Konstanse, men i det daglege vart ho kalt for "Stanso".

Ho vart konfirmert 25. september 1910, og var mellom 35 gutar og 31 jenter som stod konfirmant denne dagen. Av jentene var det berre to som kom frå Steinsland, Konstanse og kusina hennar, Johanna (dotter til Berta Gunnhilda, søster til Per) I kyrkjeboka vart Konstanse innskriveren med karakteren: "mellom meget godt og godt", i kristendomskunnskap.

Det var kanskje i høve konfirmasjonen Konstanse var på "bytur", og vart fotografert hos fotograf Norland i Markveien 14 i Bergen.




Konstanse Stensland

Det var i Bergen ho fekk sin første jobb, ein hushjelp-post hos ein skomaker. Det var nabo jenta, Sara Eriksdr., som ordna denne kontakten. Ho var 5 år eldre enn Konstanse og arbeidde allereie i "byn". Dei var tre jenter som arbeidde i huset til skomakeren og familien hans; ei kokke, ei barnepike og ei "innejente". Alle vart dei kommanderte av kona i huset.

Det var 15 år gamle Konstanse som var "inne jenta", og der var arbeid frå morgon til kveld. Lønna var kost og losji, nokre kroner og eit par sko!

Antakeleg var det berre eit års tid ho arbeidde hos skomaker familien. Mor hennar, Brita, var mykje sjuk og trong hjelp heime, spesielt med dyre/fjøs arbeidet Dei neste åra fortsette Konstanse med å ta ulike arbeidstilbod i lengre og kortare periodar. På ein attest frå juni 1921 har ho nettopp avslutta fem månader som «enepike» hos ein familie i Bergen, og hadde utført arbeidet til arbeidsgjevaren sin tilfredsheit.



Frå februar 1922 var Konstanse ansatt som veveriske på Samnanger Ullvare fabrikk på Tysse, "fabrækkjet" som det var kalla på Samnanger dialekten.

Samnanger Ullvare fabrikk hadde starta opp 1886 på Tysse. 13 år etter, 1899, var fabrikkens blitt for liten og umoderne, og mellom anna vart det bygd to nye hovedbygningar, 132 meter lange og på 5 etasjer.




Fabrikken laga tøy av høg kvalitet, spesialiteten var stoff til uniformer, likeså dress-frakk-kjole og kåpestoff. På det meste produserte fabrikken 450.000 meter stoff i året, det var 100 vevstolar og 250 tilsette. Dronning Maud bestilte kjoletøy frå Tysse i 1924.

Dei første åra var det lange arbeidsdager, minst 11 timar, berre lørdag litt mindre, og ingen ferie. Heldigvis vaks arbeidarrørsla fram, og i 1919 vart det dramatisk framgang i arbeidstilhøva på fabrikken.

Då vart Samnanger tekstilarbeiderforening skipa, og då krava deira ikkje vart godtatt, vart det streik. Etter 10 dagar gav leiinga opp...

8 timers arbeidsdag vart innført, og timelønna vart sett opp. For kvinnene hadde timelønna vore 64 øre, no vart den 1,25 øre. Mennene si løn auka frå 1,10 i timen til 2,15. I tillegg fekk arbeidarane to vekers ferie.


Konstane Persdotter Stensland hadde arbeidsplassen sin i fabrikken på Tysse i nesten 9 år. Eit halvt år etter ho hadde slutta på fabrikken, 6. mars 1931 skjedde katastrofen; Samnanger Ullvare fabrikk brant ned!



Brannen på Tysse i 1931 var førstesidestoff, ikkje berre i Bergensavisene, men også elles i landet. Her er Aftenposten sitt bilete av branntomtene.

(Teksten og bilda på denne sida ved hjelp av Samnanger Historielags årbøker frå 2001 og 2002)

Attesten Konstanse fekk då ho avslutta arbeidet som veveriske ved A/S Samnanger Ullvare fabrikk oktober 1930:



Desse åra Konstanse budde heime på Steinsland medan ho arbeidde på fabrikk, hjalp ho som sagt til på garden. Ei av oppgavene hennar var å vera budeie om sommaren. Kyrne gjekk ute på fellesbeite i området "Breilia" der Steinslandssetra låg. Kvar gard/bruk på Steinsland hadde si vesle seterbu/sel her.



Konstane (nr. 2 frå venstre) med nabokoner/jenter på Breilia.

Setertypen i Samnanger var "mjølke-seterbruk", dvs ein overnatta på stølen, men mjølka vart boren ned til bygda og tilverka her. Det var ca 5 km, ein times gange (om ein gjekk fort i motbakken) å koma opp til setra på Breilia, frå Steinsland.





*Breilia. Seterbua til "Perane" låg i midten, mellom "Erikane" og "Urane" sine.
Det var Per Steinsland, far til Konstanse som "oppgraderte" selet med glas.*

Brannen av Ullvarefabrikken på Tysse, snudde opp ned på tilhøva i bygda. Ein blomstrande industristad vart over natta forvandla til ein plass i krise, med skyhøg arbeidsløyse. Ein pendletilværelse vart ofte løysinga, til fabrikkane i nabokommunane. Nokre fekk arbeid i sildefabrikken i Eikelandssosen, andre i bomull-og- ullvare fabrikken i Ytre Arna.

Den kvinnelege arbeidskrafta var billegast, det var dermed lettare for dei å få arbeid. Konstanse hadde nokre månader før brannen valt å slutta på fabrikken på Tysse. I staden hadde ho blitt tilsatt i ullvarefabrikken i Arna.

Den munnlege tradisjonen fortel at Konstanse var svært plaga av "bilsjuka", og ho unngjekk å køyre bil/buss mest mogeleg. Derfor tok ho toget til Trengereid når ho reiste heim til Steinsland om lørdagen, gjekk over Gullbotn og ned til Ådland, der far hennar, Per, henta ho med robåten! Same turen tok ho på tilbakeveien søndag ettermiddag. I det heile var ho kjent for å være ei sprek dame, som var "lett på foten"!

Ho var og ein periode i "Trengereid Fabrikker", som produserte lisser, band, snorer og strikk. Likeså hadde ho arbeid ei tid på "Dale Fabrikker", som laga garn og strikkeprodukt.



Konstanse Stensland

Ho var nok litt rastlaus, fann ikkje roa og flytta stadig på seg. Frå 1950-åra, budde og arbeidde ho i Bergen. Først på systova på Tangen Gardin fabrikk i Lars Hilles gate, og dei siste ~ 10 åra før ho vart pensjonist, arbeidde ho på kjøkenet til "Bergen kommunale mødreheim" på Fjøsanger.

Dette mødreheimet gav eit tilbud til ugifte gravide, der dei kunne bu dei siste mnd. av svangerskapet og så lenge dei amma barnet. Det var og ein barneheimsavdeling, med born som budde her i påvente av adopsjon.

Konstanse fann aldri nokon ho ville dela livet med, men ho var flink å halda kontakten med nevøene og niesene sine.

Etter lang tid på venteliste, kjøpte ho ein boretteilighet i Åsane, og budde her som pensjonist.

Konstanse Stensland døyde på Åstveit Sjukeheim i 1986. Ho er gravlagt på Ådland kyrkjegard i Samnanger.

10 • Kristine Steinsland Rein (1898-1976)

Det tredje barnet til Per og Brita, ei jente, vart fødd 12. mars 1898. Sjølve fødselen skjedde i Samnanger, på Sævild, men som tidlegare nemnd var foreldra forpaktarar i Fana dei første åra Kristine vaks opp. Rundt århundreskiftet flytta dei tilbake til Steinsland.

Kristine hadde gode lære evner, og vart hugsa av lærerinna, Gjertrud Ese Ådland, som ein av dei flinkaste elevene ho hadde hatt. Kristine vart konfirmert 13.oktober 1912. Dei var 53 konfirmanter frå Samnanger denne hausten, 20 gutar og 33 jenter. Av alle saman var det kun Kristine og ei jente til, som fekk karakteren "Utmerket godt" innskreven i kyrkjeboka.

Mange år seinare, i vaksen alder, då ein av sønene til Kristine lærde engelsk, forstod han at mora kunne ein del av dette språket. På spørsmål om kvar ho hadde lært dette? -Jau, det hadde ho lært seg sjølv frå det engelske ny- testamentet, som far hennar, Per, hadde med heim frå sjøs!



Konfirmanten Kristine Pedersdotter

Hans Martin vart "notert" som Sjømand, født på Fusa 7/5 1896, konfirmert på Fusa 1910 Kristine fekk tittelen "Hjemneværende datter", fødd på Sævild 12/3 1898, konfir. Samnanger 1912.

Fedre var : Landhandler Kristian A. Rein og gardbruker Peder A. Knutson.

Forlovere: Annanias Øverdal og Lars Tveiten (venner av brudgommen?)



*Brudeparet: Kristine Pedersdotter Steinsland
og Hans Martin Kristiansen Rein
April 1918*

Dei første åra budde Kristina og Hans Martin på Fusa i lag med svigerforeldra/foreldra. Den første son deira, Kristian, var fødd 1918 og den andre sonen, Alfred, var fødd 1921.

Akkurat kor tid dei forlet Fusa og flytta til Steinsland veit me ikkje, men då den tredje sonen var fødd, budde dei i Samnanger, på garden på Steinsland, i lag med foreldra til Kristine, Peder og Berta.(Per og Brita)

Denne sonen fekk namnet Georg, fødd 19. mars 1923.

Fadder i dåpen 20. Mai var:

- arbeider Andreas E. Steinsland
- sjømann Hans Pedersen Steinsland
- sjømann Anton K. Rein Fusa
- kone Anna Knutdtr. Steinsland
- pike Tora Iversdtr Steinsland

16	17. mar	20 min	Kare	Kristina 1891 bust. Severine Kristine Haverth.	Njymark	1887	1899	Det. Ole Sjogvaag Det. Antons O. Steinsland f. Per Hans Pedersen Steinsland f. Per Anders K. Rein Fusa Kone Anna Knutdtr. Steinsland Kone Tora Iversdtr. Steinsland	10
17	19. mar	20 min	Georg	Motorbåtfører Hans Martin Kristiansen Rein 1898	Steinsland	1896	1898		10
18	18. mar	22 ind	Borghild	Sjømannen Peder Andreas Rein bust. Gjerdhild f. Hansen 1850-00	Steinsland	1896	1902	Georg. Peter Rein f. Sølving Kristiansen, f. Sølving Rein Kone fru Elvira Kristiansen Kone Borghild Rein Kone Anna Johanne f. Sølving Kone Borghild f. Hjeltnes	10

To år etter, 16. oktober 1925, kom den første jenta. Ho fekk namnet Borghild, i dåpen 13. desember

6	17. sept	10. nov							
17	9. okt	15. nov	Torjunn Marie	Steinsl. Kristina Rein f. Per bust. Antonia Margrethe Gjerdhild	Steinsland	1890	1894	Steinsl. Ole O. Hagen Ole Sjogvaag og Hans Aust. Edna og Kristian, Kone f. Hans Rein Kone Borghild og Borghild Rein Kone Antons O. Steinsland	10
18	10. okt	15. nov	Kristina	Motorbåtfører Hans Martin Kristiansen Rein f. 1898	Tjose	1897	1899	Margrethe f. Hjeltnes, Gjerdhild f. Kone Antons O. Steinsland, f. Ole Kone Antons O. Steinsland	10
19	31. okt	18. nov	Ligne	Georg. Peter Andreas Rein bust. Margrethe Gjerdhild	Hoyedalen	1898	1900	Georg. Peter Andreas Rein Kone Antons O. Steinsland, f. Ole Kone Antons O. Steinsland, f. Ole Kone Antons O. Steinsland, f. Ole	10
20	4. nov	25. nov	Anne	Motorbåtfører Hans Martin Kristiansen Rein f. 1898	Steinsland	1898	1898	Kone Antons O. Steinsland, f. Ole Kone Antons O. Steinsland, f. Ole Kone Antons O. Steinsland, f. Ole	10
21	16. okt	12. des	Borghild	bust. Kristina Pedersdtr.	Steinsland	1898	1898	Kone Antons O. Steinsland, f. Ole Kone Antons O. Steinsland, f. Ole Kone Antons O. Steinsland, f. Ole	10

Foreldre: Motorbåt fører Hans Martin Kristiansen Rein f 1896
Hustru Kristina Pedersdtr. f. 1898

Fadder på Borghild: Karl I. Steinsland
Johan K. Rein
Ole P. Steinsland
Sofie Hansine Sævid
Kristianna O. Sævid

Det var trangt om plassen i huset på Steinsland desse åra. I tillegg til foreldra til Kristine og dei ugifte søskena, budde broren Hans der med kona Marta og deira born.

Midt oppi alle utfordringene med å bu så tett i lag, kunne Kristine og Marta hjelpa kvarandre med barnestell/passet. Då 1 1/2 år gamle Borghild fekk kikhoste samtidig med 9 mnd. Per (son til Hans og Martha) arbeidde dei to svigerinnene på skift!

Etter 3-4 år på Steinsland, leigde Kristine og familien hennar eit lite hus for seg sjølv på Haga. Hans Martin Rein var oppskreven som motorbåt førar i kyrkjeboka, både i sonen Georg (1923) og dottera Borghild (1925) sin dåp. Han hadde kjøpt eit motordreve fartøy, ei lita skøyte, som han frakta varer med. Både far hans og svigerfaren var kausjonister for lånet han måtte ta opp for å finansiera dette. Alle brørne til Kristina, (far hennar, Per, og?) hadde i periodar arbeid med svogeren på skøyta hans.

Harde tider? For lite arbeid? Fleire og bedre vegar vart bygd, og meir transport gjekk landevegen? Uansett grunn, inntektene frå arbeidet med skøyta vart ikkje store nok...

"Løysinga" vart å forlata Samnanger og flytta tilbake til Fusa, der fekk dei arbeid som forpaktarar av ein gard. Her vart dei fire yngste borna deira fødd, Johannes 1928, Håkon 1930, Margit 1932 og Dagfinn 1935. Tilsaman hadde Kristine og Hans Rein 8 born, 6 gutar og 2 jenter.

Ein av dei største arbeidsplassene i Fusa var hermetikkfabrikken i Strandvik. Den 3 etasjer høge fabrikkbygningen stod klar i 1917, men det var først etter 1923 då fabrikken vart kjøpt av Chr. Bjelland & co A/S, og sardinproduksjonen starta, den vart ein god inntektskjelde for kommunen og bygda.

Hans Kristian Rein var ein av dei mange tilsette. Hermetikkindustrien var sesongbasert etter sild, og kunne kombinerast med gardsarbeid. (Då fryseteknikken kom, vart det produksjon heile året)

I tillegg hadde dei ei ekstra inntekt i å kjøpa opp fisk, og så gå rundt og selja i bygda. Eit arbeid borna hjelpte til med.



Huslyden Rein 1935. Bak: Kristine med Margit på armen og gravid med Dagfinn, Hans Martin Rein, svigermor/mor ? Rein.

Framme frå venstre: Kristian, Alfred, Georg, Borghild, Johannes (5 år gamle Håkon sit på trappa og er ikkje komen med på biletet).

I 1941 flytta dei inn i sitt eige hus på Fusa.

Ein ubeskriveleg tragedie råka familien i 1945.

Etter krigen, då den tyske okkupasjonsmakta forlet landet, var der over 200.000 tonn eksplosive, ex tyske krigsetterlatenskaper i Norge. Ein del av denne ammunisjonen vart brukt av Forsvaret, men det meste vart kassert og dumpa på ulike måter. Storparten vart skipa ut og dumpa til sjøs.

(Kjelde: «Ammunisjonstenesten i Hæren etter 1945»)

Mandag, 12. november 1945, var den 15 år gamle Håkon Rein og den yngste bror hans, 10 år gamle Dagfinn, i fjera på Fusa. Udetonert ammunisjon som hadde "funne veien tilbake" og rekt inn i fjera, eksploderte i nysgjerrige guttehender.

Store skader og langt frå medisinsk hjelp: begge gutane mista livet.



Bilete av Kristine Rein ~ påsken 1959, då ho og svigerinna, Solveig, var i Mandal for å besøka "sørlands familien"

Hans Martin Rein døydde i 1956, 60 år gamal.

Kristine Pedersdotter Steinsland Rein døydde 20 år seinare, i 1976.

11 • Johannes Pederson Steinsland (1902-1924)

Johannes var fødd 2. januar 1902 og døypt 9. februar. Namnet "Johannes" var ofte i bruk på "Gjerde- sida" av slekta. Men, det var nok helst bror sin, Johannes Knutson, faren Peder/Per hadde i tankene då han gav sonen dette namnet.

Utklipp frå ministeralboka:

1902		A. Leventis		Født		År	
nr.	År	Fødselsdato	År	Fødselsdato	År	Fødselsdato	År
1	1902	21.1.1902	1902	12.1.1902	1902	12.1.1902	1902
2	1902	19.1.1902	1902	12.1.1902	1902	12.1.1902	1902
3	1902	7.1.1902	1902	12.1.1902	1902	12.1.1902	1902
4	1902	2.1.1902	1902	12.1.1902	1902	12.1.1902	1902
5	1902	17.1.1902	1902	12.1.1902	1902	12.1.1902	1902
6	1902	8.1.1902	1902	12.1.1902	1902	12.1.1902	1902
7	1902	30.1.1902	1902	12.1.1902	1902	12.1.1902	1902
8	1902	29.1.1902	1902	12.1.1902	1902	12.1.1902	1902

Dei fem som stod fadder var : gardbrukar Johannes A Gjerde - (bror til Borgny, onkel til Peder) Gardbr Ivar A. Steinsland, kone, (svoger og søster til Per) Sömand Hans Hage(dobbelt søskenbarn til Brita,) Pige Kristianna O. Sævidl. (Søster til Brita)

Johannes Pederson Steinsland var konfirmert 1. oktober 1916. Det var 57 konfirmanter frå Samnanger denne hausten.

17	Tomas Knutsen Fosse	27.02.1902	1902	Togse	Ulland	skostad samt søskenbarn søster og 6. Karina Nilsen	1902	Mygd god	da
18	Gjesta Wilen Ulland	27.02.1902	1902	Ulland	Ulland	Mrs. H. Jensen, Ulland og 6. P. Nilsen	1902	god	da
19	Johanna Bevan Knutsen	27.02.1902	1902	Steinsland	Steinsland	Mrs. D. Gjerde, Knutsen og 6. Berit Knutsen	1902	da	da
20	Karl Torbjørnsen Steinsland	27.02.1902	1902	Steinsland	Steinsland	Mrs. Torbjørnsen, Knutsen og 6. Berit Knutsen	1902	da	da
21	Alfbrigt Torbjørnsen Steinsland	27.02.1902	1902	Torbjørnsen	Torbjørnsen	Mrs. Torbjørnsen, Knutsen og 6. Berit Knutsen	1902	Godt god	da

Johannes var innskriven i kyrkjeboka med "godt" i kristendomskunnskap

Som 21- åring avla han militær tjenesten på Ulven på Os.

Då Johannes stod fadder i dåpen til Anna, mai 1924, (dotter til broren Hans) har han yrkestittelen "sömand". Han hadde mellom anna arbeid på svogeren, Hans Rein, si frakteskøyte. Andre gonger har han tittelen "arbeidar", han tok nok det arbeidet han kunne få (vei arb? arbeid med kraft utbygginga?)

Den munnlege tradisjonen fortel om ein ung mann med fine trekk, som hadde kjæreste han ville gifta seg med på Tysse.

Tragedien skjedde hausten 1924, då den 22 år gamle Johannes vart alvorlig sjuk. Detaljene rundt sjukdomsforløpet er lite kjent, men han døydde 2. november 1924. Dødsårsak: hjernebetennelse.

Kommunelegen i Samnanger frå 1923 til 1931 var Dr Kari Øpstad frå Fusa, og frå noteringa i kyrkjeboka ser me at ho var tilkalt til Steinsland under sjukdommen.

"Folket var velnøgde med henne både som lækjar og menneske", skriv Nils Lauskard i bygdeboka. Ho var i det heile ei dyktig føregangskvinne på mange felt.

Ho såg den alvorlege tilstanden til Johannes, og sende han til Haukeland sjukehus i Bergen. Etter nokre dagar her, vart han sendt heim att... Dei kunne ikkje hjelpa han?

Han kom sjøvegen frå "byn", og vart henta med hest og kjerre på Hagakaien av far sin, Per. Heime på Steinsland låg han på "gamlelemmen", der familien sat hos han på skift. Same dagen han døydde, då søster hans Konstanse, kom for å sitja med han, fortalde han henne; "no har eg hatt besøk av ein engel!"

Aar 1924				E. Do		do.		do.		do.		do.		do.	
Nr.	Døds- dato.	Nær- begruet.	Jord- færet.	Den døde fildes navn og heretterige stilling (heretter) med tilføielse for vidare vedkommende en opplysning om hans (hens) var og gift, enkestand (enke) eller fraskilt.	Ved gifte bryllup: mandens, ved barn: færens navn og stilling.	Fødsels- aar.	Fødsels- maaned.	Fødsels- dag.	Fødsels- steds- navn.	Fødsels- steds- navn.	Fødsels- steds- navn.	Fødsels- steds- navn.	Fødsels- steds- navn.	Fødsels- steds- navn.	Fødsels- steds- navn.
9.	7/7	8/7	9/7	i. Barn Ole Erikson Traaen	Barnvokte Erik O. Traaen	1947	juni	22	Dypshovden	Dypshovden	Melby	Trondheim	ja	5-7-24	
10	21/8	23/8	24/8	Gift. gift Johannes Johansson	Grindal	1870	juni	24	Grindal	Grindal	Lungshovden	Ø. Øpstad		22-3-24	
11	5/9	13/9	14/9	Føllingbyen	Per	1830			Barnen	Barnen	Åker	Trondheim		2-3-24	
12	16/9	24/9	25/9	Kårum gift Engel Larsen	Tysse	1848	febr	13	Tysse	Tysse	Lungshovden	Ø. Øpstad		26-2-24	
13	28/9	28/9	29/9	Ug. Steinsland Johannes	Øpstad	1900	juni	18	Klusevåne	Øpstad	Tvedestrand	Ø. Øpstad		28-9-24	
14	29/9	29/9	30/9	Gift arshov Johannes	Saltkving	1898	okt	16	Saltkving	Tysse	Tysse	Ø. Øpstad		28-9-24	
15	3/11	9/11	10/11	Ug. ad. Johannes	Steinsland	1902	juni	2	Steinsland	Steinsland	Øpstad	Ø. Øpstad		5-10-24	
16	17/11	25/11	26/11	Kårum gift Larsen	Tysse	1827	april	14	Lungshovden	Tysse	Åker	Tysse		14-10-24	

Johannes vart gravlagt 8. november 1924 på Ådland kyrkjegard.

14. desember 1924 var datoen han vart "jordfestet". Lange avstander og fleire kyrkjer under ein prest, fleire av dei kyrkjelege handlingane vart "samla opp" og gjort når presten kom, den søndagen det var gudstjeneste i kyrkja.

Ofte kunne det gå fleire månader mellom gravferda og jordfestet. Eit langt røyr vart sett ned på kistelokket før grava vart lukka, og gjennom dette kunne presten utføra jordpåkastelse når han kom. Det kristne ritualet kun presten kunne utføra: Tre gonger vart det silt/kasta jord ned på grava/kista, med orda frå 3. Mosebok; *"Av jord er du komen, til jord skal du bli, av jord skal du igjen oppstå"*

Bilete av Johannes i militær uniform, hang innramma på veggen i stova hos foreldra, Per og Brita, så lenge dei levde.



Johannes Pederson Steinsland

12 • Ole Bertin Pederson Steinsland (1905 - 1979)

Den yngste sonen og siste barnet til Per og Brita var fødd 18. juni 1905. Då var mora 40, og faren nesten 34 år. Han fekk namnet Ole Bertin i dåpen 16. juli.

Namnet kom frå morssiden av slekta morfaren heitte Ole. Morbroren Ole Bertin.

Av dei fem som stod fadder på guten var to naboer; Torbjørn Olsen Steinsland (bruk 7) og Edvard Erikson Steinsland (bruk 6). To var vener av foreldra, Bertin Johannesson Haga og Andrine K. Frøland. Den einaste av familien som var fadder på Ole, var "pige" Tora Iversdtr. 16 år gamle Tora var kusine til dåpsbarnet (dotter til søster av faren). Aldersgrensa for å stå fadder var 15 år, så kanskje dette var første gong for Tora?

Ole Bertin begynte på Steinsland skule i 1912, med Gjertrud Ese Ådland som lærerinne i "småskulen".

I "storskulen" hadde han H. Fitje som lærar. Det var viktig med "disiplin" i undervisninga, kanskje det var grunnen han hugsa nettopp ein episode der disiplinen mangla. Om vinteren når det var kaldt nok og isen var trygg leika borna på den i friminuttane. Dei største gutane (Ole ein av dei) kunne gå eit godt stykke utpå, og let som dei ikkje hørde lærer Fitje som stod på land og ropte: "komme nå" , "komme nå"...

12. oktober 1919 stod Ole Bertin konfirmant. Det var 78 konfirmanter denne hausten 3 av dei frå Steinsland. "Vår" Ole, Eli Berteia Olsdtr. Steinsland (dotter til Ole Arneson og Gjertrud Larsdtr., bruk 2) og Arne Olaison Olsnes (son av Olai Andreas Haldorson Olsnes og Andrine Arnesdtr., bruk 13)

Eli Berteia og Arne var søskenbarn, og begge tremenning med Ole Bertin. (Bestemora deira, Malena, var søster til Borgny, bestemora til Ole.)

Konfirmasjonsdag d. 12. Oktober 1919.				C. Konfir		morte.			
Nr.	Konfirmandens fulde navn (og sønn efternavn).	Nær		Fødested. (Sogn eller by og hvis bekendt ville gård)	Bygd. (Sogn og gård eller i byenes gate og hus nr.)	Foreldrenes fulde navn, borgerlige stilling (næringsvei) og bopæl	Om han de naturlige foreldre eller vasker, eller annet Arv.	Om han er (Konfirmandens i kandship)	
		født	dødt						
32	Sigurd Arnesen Røen	17/10	1/05	Samm.	Lauva	Samm.	Magn	Olav. Nils. Anders. Hansen Rein o. h. Berthe. Marie. Samuelsen. Ell.	9. 10. 08
33	Karal Johanna Kristiansen Langland	2/05	2/05	Langland	Langland	Langland	Langland	Maria Johanna L. o. h. Margrethe Johanne Johanna	10. 10. 07
34	Arne Olafsen Olafsen	1/05	2/05	Steinsland	Steinsland	Steinsland	Steinsland	Ole. Andreas. Mathiesen. Omsund. Mathie. Johanne. Omsund.	7. 10. 08
35	Ole Bernt Petersen Steinsland	1/05	2/05	Steinsland	Steinsland	Steinsland	Steinsland	gn. Peter. Andreas. Hansen. St. o. h. Berthe. Hansine. Ell.	9. 10. 08
36	Nils Hansen Haga	22/03	7/05	Haga	Haga	Haga	Haga	Mose. Kalleen. Haga. o. h. Christinne. Johanna. Ell.	10. 10. 07
37	Johanna Andrea Andersson Gjerd	1/05	2/05	Gjerd	Gjerd	Gjerd	Gjerd	Andrine. Samuelsen. Gj. o. h. Berthe. Gjerd. Ell.	12. 10. 08
38	Alfred Samuelsen Bjørke	1/05	2/05	Bjørke	Bjørke	Bjørke	Bjørke	Samuel. Johannes. B. o. h. Berthe. Hansen. Ell.	20. 10. 07
39	Andreas Petersen Skred	1/05	2/05	Skred	Skred	Skred	Skred	Hans. Peter. Olsen. Bjørke. o. h. Kristine. Hansen. Ell.	12. 10. 08
40	Andreas Petersen Skred	1/05	2/05	Skred	Skred	Skred	Skred	gn. Johan. Olsen. o. h. Berthe. Hansen. Ell.	8. 10. 08


Karakteren han fekk var ikkje notert i kyrkjeboka, heller ikkje veit me korleis konfirmasjonsdagen var feira. Det me veit var at han fekk klokkekjede i gåve av søskenbarnet Tora Iversdtr., som hadde vore fadder i dåpen hans.

Vinteren etter han var konfirmert gjekk han på snikkarskule, dette skjedde i kjellaren på skulehuset på Steinsland og undervisninga/kurset var på 8 veker.

No var han rekna for vaksen, og arbeidslivet stod for tur. Den første jobben han hadde var som bondedreng på Hordnes gard i Fana sommaren 1920. Her vart han kjend med Alv Hordnes, eldste sonen på garden, som seinare skulle verta ein kjend skodespelar og teatersjef. Det passa bra, for Ole hugsar han som mindre interessert i gardsarbeidet...

1920-åra var nedgangstider i Noreg, og arbeidsløysa var høg. Det var ikkje lett for ein ung gut å finna seg arbeid. Ole tok nok dei små jobbane han kunne få, ellers veit me at han var "matros", fekk arbeid hos svogeren, Hans Martin Rein på lasteskøyta hans når det var mogeleg.

Etter først ein del år i Samnanger var svogeren, søstera til Ole, Kristina, og borna deira flytta til Fusa. Ole budde ein del hos dei, når han hadde arbeid på skøyta. Det var nok slik han havna på dans her ein laurdagskveld sommaren 1928, og møtte Solveig Magdalena Sverkesdotter Vindenes og romantikken blomstra!



Me har ingen bilder av Ole som barn/ungdom, men slik såg Solveig ut då Ole møtte henne: Solveig Magdalena Sverkesdtr. Vindenes 18 år, (1928)

Solveig var 18 år då ho møtte Ole, fødd 23. juni 1910. Foreldra hennar var Sverke Johannes Nilson Vindenes (1858-1915) og Kristi Oline Salamonsdtr. Vindenes (1870-1941). Solveig var yngst i ein søskenflokk på 8, ein gut og 7 jenter.

Det var tipp-oldefaren til Solveig, Sverke Sverkeson (1757-1837) som i 1796 fekk skøyte på garden på Vindenes, bruk nr.4, der Solveig vaks opp. Sleкта før det kom frå Hjartnes. Same året han kjøpte bruk 4 på Vindenes gifta han seg med Gjertrud Johannesdtr. Sundvor. Dei var søskenbarn, og fekk løyve til giftermålet ved kongebrev. Dei fekk 5 born.

Den eldste guten Sverke Sverkeson (1800-1870) fekk skøyte på bruk 4 i 1833, gift i 1834 med Berta (1810 -1860) dotter til lensmannen Erik Sundvor. Dei fekk berre ei jente, Gjertrud Johanne (1837-1898).(Dvs. Sverke Sverkeson hadde ei jente til, fødd utanom ekteskap, og ved namn Gjertrud f. 1825)

Gjertrud Johanne, odelsjenta på bruk 4 på Vindenes, gifta seg med Nils Pederson Storevik, (1820-1891) frå Varaldsøy 1857. Brura var 20 år, og brudgommen 36.

Dei fekk skøyte på garden i 1861, og 9 born vart fødde, den eldste, Sverke Johannes var far til "vår" Solveig.



Bilete av Gjertrud Johanne Sverkesdtr. og Nils Pederson Vindenes ~ 1882 med borna deira: Sverke Johannes f. 1858, Peder Elias f.1860, Britanna f.1862 Hansine Magdalene f 1866, Hans f. 1868, Nils f.?, Gjertrud Severina f.1876, Anna Elise f.1880 yngste guten, Elias, var ikkje fødd då bildet vart teke)

"Gardbruger og selveier" Nils Pederson døydde 4.januar 1891, "dødsarsag": lungebetennelse.

1891				E. D. 4		de.							
Nr.	Dato.	Navn	Den Døde, Alder, Køn og bopæl (Hortingssted og Tidligere Ar. Væres Tidstidspunkt og Opførelse, om han (hun) var gift, Ektestand (Hus) eller Enkelte	Val gift, Navn, Alder, Køn og Alder Tidligere Køn og Stilling		Fødsels-År (for den Døde) (for den Døde) (for den Døde)	Fødsels-År (for den Døde) (for den Døde) (for den Døde)	År	År	År	År	År	År
1	4/7	19/1	1/2	Kårenke Johanne Sverkesdotter		1820							

Kårenke Gjertrud Johanne Sverkesdotter døyde 29.juli 1898, dødsårsak: "saar i maven"

Kommunefor	Nr.	Dato.	Navn	Den Døde, Alder, Køn og bopæl (Hortingssted og Tidligere Ar. Væres Tidstidspunkt og Opførelse, om han (hun) var gift, Ektestand (Hus) eller Enkelte	Val gift, Navn, Alder, Køn og Alder Tidligere Køn og Stilling		Fødsels-År (for den Døde) (for den Døde) (for den Døde)	Fødsels-År (for den Døde) (for den Døde) (for den Døde)	År	År	År	År	År	År
7	196	2/1	2/1	Kaarsten Sverke Sverkesdotter			1806							
8	23	2/1	2/1	Kaarsten Sverke Sverkesdotter			1822							
9	55	1/1	2/1	Kaarsten Sverke Sverkesdotter			1817							
10	16	2/1	2/1	Kaarsten Sverke Sverkesdotter			1825							
11	2/1	2/1	2/1	Kaarsten Sverke Sverkesdotter			1883							

Sverke Johannes Nilson Vindenes (1858- 1915), var fødd 25. januar 1858. Døyp 14. mars

29	7	29	29	Sverke Johannes	Johanne Sverkesdotter	Vindenes	Vindenes	Vindenes	Vindenes	Vindenes	Vindenes	Vindenes	Vindenes
----	---	----	----	-----------------	-----------------------	----------	----------	----------	----------	----------	----------	----------	----------

Sverke fekk skøyte på bruk 4 på Vindenes i 1891, året etter gifta han seg med Kristi Oline Salamonsdtr (1870- 1941) som kom frå bruk nr. 5 på Vindenes.

Kristi sine foreldre var Salomon Lasseson Vindenes (1838- 1926) og Anne Bergitte Jakobsdtr.(1830-1913). Av dette ekteskapet var det berre Kristi som voks opp. Ein yngre bror, Lasse Johan, døydde berre 12 år. Men Kristi hadde 6 halv søsken frå moras første giftermål.

Den første mannen til Anne Bergitte var Jan Sverkeson (1806 -1866), son av Sverke Sverkeson som kjøpte Vindenes bruk 4 i 1796.(Det var bror til Jan, Sverke Sverkeson som hadde odelsretten og tok over dette bruket.)

Jan Sverkeson, var skipper, og i lag med yngste broren Hans, eigde han ein slupp, eit lite seglskip.

I følge bygdeboka gjorde brødrene "store forretninger" med denne båten. På ei av ferdene hans kom han til Romsdalen, og der møtte han Anne Bergitte Jakobsdtr. Vestavik. Ho var fødd i 1830 i fiskeværet Bud, men då dei møtest budde ho i Vågavik


i Agerøe prestegjeld (no Aukra, alle plassane i Ytre Romsdal.) Om Anne Bergitte først kom som tenestejente til Fusa, eller avtale om ekteskap var inngått då ho kom sørover med Jan Sverkeson? Detaljane veit me ikkje, men i 1854 vart det inngått giftermål, då var Anne Bergitte 24 år og Jan Sverkeson 48.

Året etter, 1855, kjøpte Jan Sverkeson bruk nr. 5 på Vindenes, og vart nabo til broren Sverke, (dvs frå 1861 var det dotter til Sverke, Gjertrud Johanne og mannen Nils som hadde tatt over bruk nr 4. Det var hennar barneflokk, som vaks opp samtidig med Jan og Anne Bergitte sine born).


Jan Sverkeson og Anne Bergitte Jakobsdtr. fekk 6 born i lag, av desse vaks 5 opp. Den eldste guten, Sverke Janson, døydde av skarlagensfeber (1855 - 1863), 8 år.

Anne Johanne f. 1857, Hansine f. 1859, Jakobine f. 1861, Jan f. 1863, Anne Bergitte f. 1865.

60 år gamal, i 1866, døydde Jan Sverkeson, og Anne Bergitte vart ei ung enkja med 5 små born, frå 9 til 1 år. To år seinere, 1868, gifta ho seg igjen, med den 8 år yngre Salomon Lasseson Vindenes. Foreldra hans var Lasse Andersson Litli og Kristi Johannesdtr. Røed. Dei var husmenn på Vinnesstølen. (Begge foreldra kom frå Ytre Røed i Hålandsdalen).



Kristi Oline Salomonsdtr. kom til verda 24. februar 1870, døypt 18. april. Fleire av søskena til Salomon var faddrar, men og Ingeborg Jakobsdtr., søster til Anne Bergitte. (Ho og flytta frå Romsdalen til Fusa, var hushjelp hos søstra og svogeren, før ho gifta seg med Halvar Hansson Skaathun, 1869, ingen born)



Faddrar; kone Eli Johannesdr. Vindenes.
 Tenestejente Mimmi Haldordtr. Vindenes
 Gardbr. Vintsens Vindenes
 Gardbr. Olav Foer
 Tenestegut Nils P. Vik.

18	23.4. dorm.	21.11. aug.	Sverig Magdalena	Fr. Sverke Nilsen Vindenes og K. Kirsti Salmonsdr.	Vindenes	1858	1870	Sverke Nilsen Vindenes K. Kirsti Salmonsdr. Fr. Vintsens Vindenes Fr. Olav Foer Fr. Nils P. Vik.	E. L.
19	12.4. aug.	9.4. march.	Tora Magdalena	Agathe Sverke Vindenes og K. Brin Nilsen O. L.	Nygaaud	1873	1875	Fr. Tora Vindenes, K. Brin Nilsen Agathe Sverke Vindenes Agathe Sverke Vindenes Agathe Sverke Vindenes	E. L.

I tillegg til borna med Kirsti Salomonsdr., var Sverke Nilsson far til "uekte" datter, Agathe Larsine, fødd 9. januar 1879, mor: tenestejente Agathe Larsdr. Skaathun.



Sverke Johannes Nilsson og Kristi Oline Salamonsdr. Vindenes
 Ca 1910

Mange av gardene på Vindenes hadde ei ekstra inntekt på å leiga ut rom til ferie gjester/ "byfolk", i sommarhalvåret. Sverke og Kristi tok avgjerda å satse større, og dei starta hotelldrift!



Huset til venstre bygde Sverke og Kristi til sitt privat bruk, hovedhuset (i midten) vart hotell, og to hus til (på kvar side) vart og bygd for hotelldrifta.

I eit intervju med avisa "Midthordland", (september 1985) fortalde Kristina Vindenes om hotelldrifta til foreldra :

Grunnane som talte for å satse på hotelldrift var fleire: Vinneshotel med sin vakre natur og fine badevikar, tiltrekte seg turisme. Båtsambandet til Bergen var bra, og vegen nærma seg fullføring.

I tillegg var søster til Sverke, Britanna, utlært kokke, som til og med hadde lært kokekunst i England. Denne søstera hadde og ei tid arbeid som styrar på ein hermetikkfabrikk i Bergen. Dei starta opp i slutten av 1890 åra. Våningshuset vart brukt og det vart bygd to nye hotellhus. Til seg sjølve og den stadig aukande barneflokk, bygde Sverke og Kristi eit mindre hus. Prisen for opphaldet, for ein familie i ein månad, var 160 kroner. For tenestejenta, dei fleste familiene hadde med, var det halv pris.

I hotellprotokollen var der mange kjende Bergensnamn som Faye, Friele, Reimers, Erpecom, Fasmer og Mowinkel. Mange var stamgjestar som kom igjen år etter år.

Det var fru Mowinkel som oppfordra Sverke til å kjøpa piano til hotellet. Ho var med han på handel i Bergen då han investerte i eit Engelmänn og Guntermann piano.

Med hotelldrifta, kom behovet for telefon. Sverke fekk innlagt telefon i 1901, samstundes tok han jobben som ulønna telefonstyrar til 1910, då vart han betalt 30 kroner årleg for dette arbeidet.

Seinare tok Kristina og søster hennar Sigrid over som telefonstyrar, eit yrke dei hadde til telefon- stasjonen vart nedlagt i 1968.

Etter kvart vart hotelldrifta for tungvint for Sverke og Kristi, det var og lite lønsamt.

Innbu og utstyr vart auksjonert bort, to av hotell bygningane vart og selde.



Fiskespa i sølv, frå glansdagene til Vinnes Hotell, som Solveig arva

Bilete frå avisintervjuet. Tekst: Paret som dreiv Vinnes Hotell attåt den store garden sin, Kristi Salomonsdtr. og Sverke Nilson Vindenes Sverke Vindenes hadde utifrå gode krefter. Han skal i spøk ha sagt noko slikt som dette:

"Frå bakken greier eg knapt å lyfta ein skoraspon, men frå knehøgda kan eg lyfta mest heile verda!"



Kristi Salomonsdtr og Sverke Nilson Vindenes

Den munnlege tradisjonen fortel det var i 1909 Sverke og Kristi avvikla hoteldrifta. Med stor familie å brødfø og lån som måtte nedbetalast, vart ei ny bi inntekt, i tillegg til garden, nødvendig. På Selsneset på Vinnes hadde "Vindenes Teglfabrikk" vore i drift sidan 1878. Bakkeleira på staden var råstoffet som vart utnytta til å lage murstein og takstein/panner. Ein arbeidsplass for 20-30 mann, og Sverke Nilsson vart no ein av dei. Av praktiske årsaker kunne fabrikkjen berre vera i drift i sommarhalvåret, men gav likevel ei god økonomisk støtte til dei lokal arbeidarane.

Tragedien skjedde 1915, 19. oktober, med det uventa dødsfallet til Sverke Nilsson Vindenes. Dødsårsak; " Slagtilfelle "

Sverke vart berre 57 år, og Kristi, i ein alder av 45 år, vart enke med 8 born. Det yngste, Solveig, var då 5 år.



Framme frå v: Kristina, Enkja/mor Kristi med Solveig, brudgommen Nils, brura Sigrid, brura si mor, og far Ole Hansson Hagesæter. Bak frå v: Ingebjørg, Sigrid, Johanna og Anna.

5	10/10	1	Nils Johan Sverkeson f. 1871 Sigris Hanssen f. 1870	Sigris Hanssen f. 1870	1896	1906	1916	1916	1916	1916	1916

Nils Johan Sverkeson og Sigris Olsdr. gifta seg 19. oktober 1916.

Borna deira: Kristi f 1917
 Sverke f 1918,
 Karen f 1920,
 Sigris f og død 1923, 5 dagar gamal, årsak "navleblødning"
 Nils vart enkemann i februar 1925, då kona Sigris døydde av tuberkulose berre 35 år.



*Nils Sverkeson og Sigrid Olsdr Vindenes
Borna deira: Sverke, Kristi og Karen.*



Vindenes

Gnr. 78, bnr. 4. P.adr. Vinnesleiren.

Sk.mk. 3,24. D. jord 52 da (mold, myr- og sandjord), prod. skog 200 da, anna utm. 50 da. – Våningshus, vedhus og naust bygde 1880, løe 1900. Brt. kr. 80 000. – Landslott. – 8 kyr, 2 ungdyr, 1 gris, 10 høns. – Garden har vore i ætta i 5 leder. Eigaren tok over 1916 etter far sin og har nydyrka mykje av jorda. – Grønsakdyrking. Fornfunn.

Eigar: Nils Vindenes f. 1893 – son av Sverke Vindenes og Kristi f. Vindenes – g. 1. g. 1915 m. Sigrid Hansen (d. 1925). Born: Kristi f. 1916, Sverke 1918. G. 2. g. 1928 m. Kristina Vindenes. Born: Johannes f. 1929, Elias 1931, Eli 1933.

Året (1925) svigerinna Sigrid døydde, var "vår" Solveig 14 1/2 år, nett konfirmert og "klar for vaksenlivet". Den første jobben hennar var nok å hjelpe til heime, på garden til broren, med dyra og med borna til broren som var blitt morlause.

16 år gamal hadde ho sin første jobb "ute", på Holmefjord, der ho var tenestejente på ein gard med mange mjølkekyr. Det var tungt arbeid, men ho fann seg godt til rette.

Ho var og ein periode "taus" på Kuven i Os. Enkja som eigde garden likte godt ungjenta frå Fusa, som var flink å arbeida og hadde eit lyst og lett humør!



*Del av søskenflokken på Vindenes, bruk 4 ~1928
Året broren Nils gifta seg igjen med Kristina?dr. Vindenes
Bak: Solveig, Sigrid, Ingebjørg Framme: Nils, Johanna, Anna.*



Vinnes, bruk nr 4 der Solveig vaks opp.

1928, var året Solveig Magdalena Sverkes dtr. Vindenes møtte Ole Bertin Pederson Steinsland frå Samnanger!

Etter det første møtet på dans i Fusa, fortsette Ole å gå på "frierföt" til Vindenes. Slett ikkje så lett då han først måtte sykla frå Steinsland til Bergegrend (20 km), så få nokon til å ro seg over sundet til Fusa, og derifrå gå/sykla dei 10 Km. til Vindenes...

Men, "Innsatsen" hans bar frukter, truloving vart inngått om vinteren, og sommaren 1929 vart bryllaup feira!

Dei vart vigde i Strandvik kyrkje, 29 juni, og seremonien vart feira i "telefonstova" heime på Vindenes. Brura var 19 år og brudgommen 24 år.



*Brudeparet Ole Bertin Pederson Steinsland og Solveig Magdalena Sverkesdotter Vindenes.
29. juni 1929*

Sommaren dei gifta seg hadde Ole arbeid som bondedreng - på ein gard i Mauranger.

Solveig som var gravid med termin i september, fortsette å bu på Vindenes. Mor til Solveig, Kristi, som med sine 10 fødsler hadde rik erfaring på dette området, var bekymra over utviklinga av dottera sitt svangerskap. Ho tok avgjera om å senda Solveig til Bergen, for å bu med tante Gitta dei siste vekene, slik at sjølve fødselen kunne føregå på sjukehus og ikkje med jordmora i Fusa.

Ei klok avgjersle, for det vart ein vanskeleg og dramatisk fødsel, som nesten gjekk gale. Frå den munnlege tradisjonen veit me at Solveig hadde kramper under fødselen (svangerskaps- forgiftning?) og den nyfødte vesle jenta blødde frå munn, nase, og tarm. "Barnet dør", fortalde Solveig seinare at ho høyrde vart sagt.

Men heldigvis, med riktig behandling, inkludert blodoverføring frå mor til barn stabiliserte tilstanden seg. Det var 11. september 1929 fødselen skjedde, og i hurtigdåpen som vart utført på sjukehuset, fekk jenta namnet: Berit.

Den første tida/halvåret budde den vesle familien på Vindenes, før utstyrskista til Solveig vart pakka, og Ole Bertin Pederson, kom med kone og born til Samnanger!





På Steinsland var der ledig plass. Bror til Ole, Hans, var nokre månader før flytta til Sørlandet med kone og fire born. Per og Brita var nok glad for igjen å få eit barnebarn i huset, og den nye svigerdottera, som både var flink til å arbeida og med sitt gode humør spredde liv og lys rundt seg, tok dei imot med opne armer. Den munnlege tradisjonen fortel at meininga til Solveig var den einaste gamle Per var villig til å høyre på.

16. oktober 1931 fekk den to år gamle Berit ein bror. Denne gongen gjekk fødselen uten komplikasjoner, og guten på over 4 kilo, var fødd heime. Han fekk namnet Sverre i dåpen 29. november, oppattkalla etter morfaren, Sverke Nilson Vindenes.



På besøk på Vindenes ~ 1933. Berit i midten framme, mellom Oddbjørg Faugstad og? Sverre på fanget til Solveig, i midten bak mormora, Kristi. Bak til høgre: Johanna Vindenes og Borghild Vindenes (Sørås)

I dagleglivet var det mykje tungt arbeid på småbruket på Steinsland. Utan innlagt vatn, måtte vatnet hentast frå brønnen - Oppkomma - 100 meter frå huset. Vatnet til dyra vart frakta frå bekken. Det var og i bekken alle klede var skylde, etter å ha blitt vaska i den store klespanna inne.

Frå våren 1931 var garden uten hest, og mange tunge bærer vart det spesielt Ole som måtte ta. Det var vanskeleg nok å leva av garden, og i dei harde tretti åra vart det endå verre. Ole var mellom dei heldige som fekk nødsarbeid. Dette var tiltak/arbeid igangsett av stat/kommune i tider med økonomisk nedgang og høg arbeidsløysa. Mindre betalt enn anna arbeid, men til stor hjelp for mange.

Ole Bertin var fleire sesonger på nødsarbeid. I Ole sitt tilfelle var dette vegarbeid, utbygging og forbedring av veganlegga både i Samnanger og i Trengereidsfjorden.

I 1939 arbeidde han óg ein måneds tid på Os, med veg og moloutbygging. Heile familien budde på Vindenes desse vekene, og Ole kom på besøk når det passa inn med arbeidet. To år tidlegare, i 1937, var ein ny gut blitt fødd på Steinsland. Ein "stille fødsel" der barnet var dødfødt. Solveig hadde den siste tida av svangerskapet ikkje kjent liv, og forstod tydinga av dette. Ei traumatisk og tung oppleving for ei mor, og for heile familien.

Det vanlege på denne tida var ingen offisiell gravferd for dødfødte born. Den munnlege tradisjonen fortel Ole snekra ei lita kiste og frakta den døde sonen sin til kyrkjegarden på Ådland. Her vart han oppbevart i påvente av den førstkomande gravferda, og lagt anonymt i denne grava. Den vesle guten skulle ha fått namnet Per.

Seinare hadde Solveig fleire abortar. To gonger vart ho sendt med sterke blødningar til Bergen. For å koma ned til hovedveien der sjukebilten venta, vart ho først frakta i ei sjukekorg som dei batt på ei kjerre dei hadde tatt karmen av. Ole Børdal, som var sjåføren av sjukebilten, mannen Ole, og sonen Sverre, fekk so kjerra med Solveig ned den bratte bakken til vegen. Solveig og Ole fekk ikkje ynskje om fleire born oppfylt.

Sju månader med krig i Europa, men angrepet på Noreg kom likevel som ei overrasking. Om morgonen 9. april 1940 kom nabokona, "Erika - Thea", springande med beskjed: " Det er krig! Det er krig!". Ho hadde høyrte det på radioen. Radio hadde dei ikkje på tunet vårt.

Dei såg fly over Gullfjellet og høyrde drønn av kanonar. Bergen var under angrep! Det tyske åtaket overrumpla det norske forsvaret, og på få timar var Bergen og ei

rekke kystbyar hærsette. Dei tyske soldatane strøymde no innover landet, og med overlegen militær styrke vart all motstand slått ned. Etter ein knapp månad kapitulerte Sør-Noreg, og etter to månader var heile landet okkupert.

I vårt område var der kamper både på Vaksdal og på Voss. I Samnanger var der trefningar ved Fossen Bratte. Synet av lastebilar med såra og drepte som vart køyrd gjennom bygda etter dette slaget, var ei sterk og skremmande oppleving.

Samnanger var eit strategisk knutepunkt, og ikkje mindre enn 5 tyske leirar vart etablert her; på Beinavika, Ådland, Tysse, Frøland og Totland. Der vart plassert landminer fleire plasser og sjø- miner ved Gaupholm stansa all båttrafikk. Det var stor tysk aktivitet: Bunkersar/bomberom, festningar, veiar og tunnelar vart bygde, krigs/skyte øvingar vart gjennomførte.

Ettersom krigsåra gjekk, vart det stor varemangel. Det var rasjoneringskort på det meste, bytehandel vart vanleg, og svartebørsen blomstra.

Det var blendings-påbud, alle over 15 år måtte ha identifikasjonspass. Tyske razziaer vart gjennomført på leit etter skytevåpen og radio (radioforbod frå sommaren 1941).

Ingen slapp unna dei tyske soldatane sine husundersøkingar. Ein slik razzia kom og til Steinsland. Gardane oppover Steinslandsveien var blitt varsla av Ole Bolstad; "Tyskarane kjem!" "Razzia på Steinsland!"


På bruk nr. 3, hadde dei verken radio eller våpen, men Solveig tok ingen sjangsar, og bilete av det norske kronprinsparet som hang på veggen vart gøymt i brødsuffa!

Verre var det at gamle besten, Per, hadde nekta å skaffa seg pass. Denne floken løyste han med å spela "lite med", at han ikkje forstod kva soldatane forlangte sjå. Solveig støtta opp om skodespelet hans, og tyskarane fann ut at dei fekk la stakkaren vera i fred. Midt oppi alt det unormale krigen og okkupasjonen medførde, gjekk dagleglivet sin gang. Å ha eigen gard var sjølv sagt ein fordel. Gardane måtte oppgi kor mange dyr dei hadde, og det var tvangslevering av mellom anna kjøt og poteter, men det var nok igjen til eige bruk.

På Steinsland hadde dei kornåker på "Reina". Kornet transporterte dei til mølla på Vindenes og kom heim att med mjøl. Fisk var det nok av i fjorden.

Solveig brukte både egg og kjøt frå eigen produksjon til bytehandel, slik fekk dei mellom anna tak i nye klede og sko.

Ole fekk seg arbeid på vegvesenet, ikkje i Samnanger, men i Åkrafjorden i Sunnhordland. Han reiste etter jul 1940, og var berre heime til påske og pinse.



*Vegarbeidarane frå Samnanger, Åkrafjorden 1941. Ole i midten, bakerste rekkja.
Bilete frå Bernt Steinsland/«Samningen».*

Resten av krigsåra arbeidde han i Samnanger, under norske oppsynsmenn, men i tysk regi; "tyskararbeid". Dette var og vegarbeid. Mellom anna var han med å byggja vegen opp der skulen på Tysse er i dag.


Etter meir enn 10 år som arbeidarar på foreldra/svigerforeldra sin gard, var Ole og Solveig klar til å ta over og kunna ta eigne avgjersler om både hus og gard.

Ikkje heilt enkelt då det var Hans, bror til Ole, som hadde odelsretten, og far deira, Per, trudde (antagelig) fortsatt den eldste sonen ville kome tilbake. Ei konfliktfylt tid, der Solveig og Ole alvorleg vurderte å flytte frå garden. Men, september 1941, vart skøyte underteikna, og Ole P. Steinsland vart den nye sjølveigaren på bruk nr. 3, med kårordning til foreldra, Per og Brita. Etter lova kunne framleis den som hadde odelsrett ta over, sjølv om skøyte både var underskrive og tinglyst, men det måtte skje i løpet av 2 år. Den eldste broren Hans kom til Steinsland på besøk året etter. Den munnlege tradisjonen fortel at på spørsmål frå Ole, om han kom for å ta odelsretten, fekk han til svar: Du kan sitte trygt broder Ole.

1941 var og året mor til Solveig, Kristi Oline Salomonsdtr. Vindenes, døydde, 71 år gamal.



Kristi med dotter Kristina, som var "telefondame," ho var ugift og budde heime. 6 av borna til Sverke og Kristi fortsette å bu på Vindenes.



Inskripsjon i Bibelen, Solveig og Ole fekk frå mora/svigermera, jul 1940.

Eit av dei første tiltaka Ole gjorde som eigar av eigen gard, var å byggja eit tilbygg til huset, - eit kjøken. Eit arbeid han gjorde sjølv. Før kjøkenet kom opp, kokte dei på ein komfyr i gangen, og i stova var der kakkellovn og eit stort skap med all maten.

Etter 12 år uten, kjøpte no Ole ny hest til garden - eit føll frå Knut Frøland, med namnet "Odin". Målet var sjølvsagt å få ein arbeidshest, men for Ole som var spesielt interessert og glad i hestar vart Odin ein god ven. Sorga var stor då Odin gjekk utfor eit stup i Bogadalen og slo seg ihjel, to år etter. Ein ny hest vart kjøpt, denne gong frå Høyseter, og ved hjelp av forsikrings pengane etter Odin. Det var eit føll som heitte "Gula".

8. mai 1945, var dagen den tyske okkupanten kapitulerte og Noreg igjen var eit fritt land. Ein dag med fint vêr. Bygda var pynta med nyutsprungne bjørk og norske flagg!

Alle som hadde fått inndrege radioen sin strøymde til Røsseland sitt hotell. Der hadde tyskarane lagra dei, og det vart "lange rekkjer" av folk med radioa på full styrke langs vegane. Skulelevane fekk fri, og på Tysse spelte musikklaget.

Samningar som var blitt arresterte for illegalt verksemd, slapp fri frå dei tyske fangeleirene. Dei kom heim til stor heider, og vart boren på gull stol under stor jubel.

På Steinsland vart 8. mai 1945 feira med rømmegraut laga av Solveig og nabokona Ruth. Og sjølvsagt - bilete av kronprinsparet kom opp att på veggen!

Sommaren 1947 fekk familien på Steinsland besøk frå Sørlandet. Det var Anna, eldste dotter til Hans, bror til Ole, som kom på sykkelstur til Samnanger i lag med ei venninne, Carla.

Anna, eller Annemor som ho vart kalla, var 5 år då ho reiste frå Steinsland med familien. No kom ho igjen, som 23-åring for å møte slekta på Vestlandet, fars familien på Steinsland, og mors familien i Børdalen. Til stor lukka, var ei av interessene hennar fotografering, og ho hadde med fotoapparat på turen. Dermed vart garden og dei som budde der foreviga!



Steinsland bruk nr. 3, sommaren 1947





Familien som budde på Steinsland bruk nr. 3 i 1947: Ole (42) og Solweig (37) med borna Sverre (nesten 16 år), Berit (nesten 18 år). I tillegg far/bestefar Per (76) som ikkje er på bilete.

I åra etter krigen (1945-1948) var Ole igjen på vegarbeid, denne gong var han ansett hjå BEV, Bergens Elektrisitet Verk. Det var som vanleg tungt fysisk arbeid, der arbeidsreiskapane var hakke, spa, trillebår og stubbebryter.



Bergen Kommune hadde rundt århundreskiftet kjøpt opp alle rettar til kraftutbygginga av Samnangervassdraget, og anleggsarbeidet starta i 1909. Tre år seinare, 1912, stod Frøland Kraftverk klar til bruk.

No var Grønsdalen Kraftstasjon under utbygging. Turbin og transformator var for store og tunge til å verta transportert opp Hagabakkene. BEV utvida vegen frå krysset til kraftstasjonen på Frøland. Derifrå vart ny vei til Langeland bygd. Frå Langeland til Grønsdal følgde dei gamlevegen, men vegen vart utvida og forsterka. Grønsdal Kraftverk vart ferdig utbyggt og teken i bruk i 1948.


Arbeidslaget :Ole Steinsland, Knut Gjerde og Peder Haukanes tar ein pause i vegarbeidet ved Vassenden, på veg til Grønsdal. Sommar 1947. (Fotograf Annemor, venninna Carla på bilete)



Sommaren 1947 var tørr og varm, og slåtten vart - mot normalt - unnagjort med minimal hesjing. Slåttonna starta ved jonsok. Først vart graset rundt huset og "Lefse åkeren" slått. Så stod "Stor åkeren" for tur, så "Reina", for å avslutta med "Myra" og til sist bakkene ovanfor huset: "Smibakken", "Lasatreliia", "Bjørkhaugen", og "Stølen". Arbeidsdagen starta klokka 5 om morgonen. Då var det dogg i graset og ljåen beit ekstra godt.

Ferien frå veg arbeidet vart utnytta til slåttarbeidet, og ellers ettermiddagane og dei lange lyse sommarkveldane. Intensive dager i "kamp" med å få graset tørt i hus.

Det vart slått med ljå på Steinsland, bruk nr 3, fram til 1967. Då vart det kjøpt ei brukt slåmaskin.



Ole, ljåen og slipesteinen

Alle var med i slåttan. I tillegg hadde Solveig arbeidet med å gå på stølen og mjølka kyrne morgon og kveld. Alle hagebæra; rips, solbær, stikkelsbær og bringebær skulle plukkas, og bli omgjort til saft og syltetøy.



Solveig og Carla i hagen på Steinsland.

Då Anna og Carla skulle reisa tilbake Sørlandet, fekk Berit lov av foreldra til å bli med. Lite visste dei, at ho skulle koma heim att nokre månader seinare, ringforlova! Berit møtte Ole Larsen medan ho arbeidde i Mandal, og bryllaup vart feira mellom dei to på Steinsland, 23. oktober 1948. Det var i Ole Larsen sin heimby, Mandal, dei bygde heimen sin.

Det første barnebarnet til Ole og Solveig, var fødd året etter, 8. august 1949. Ein gut som fekk namnet Reidar. Same året, nokre mnd før, juli 1949, døydde far til Ole, Per Knutson Steinsland.

To-tre år seinare var det Sverre sin tur å flytta ut. Først i militæret (1951) og så arbeid på BKK i Bergsdalen, før han kom til BKK på Matre, januar 1955.

På Steinsland var det no berre Solveig og Ole som budde. Frå 1949 og utover 1950-talet var Ole tilsett i kommunen. Det vil seia, det var entreprenørar, (Arthur Totland, Henrik Gjerde) som tok oppdrag frå kommunen, og som igjen tilsette sine arbeidsfolk. Ole var mellom anna med på veg- og kloakktbygginga til "feltet" på Tysse. Eit anna oppdrag han tok del i, var grunnarbeidet til Bruvikhuset, forskaling og støyping.

Heime på garden skjedde det og litt nytt, desse åra; Ole bygde ny inngang på andre sida av huset, ein liten veranda med tak over og trapper opp.

Han la og ned/ inn vatn ledning til huset. Det var nok ei stor lette å sleppa å bera vatn frå brunnen kvar dag! (Men, det "brukte" vatnet måtte fortsatt berast ut att, nokre år til...) Huset vart pussa opp og kvitmala.





*Sverre kjøpte fotoapparat i 1954, og barndomsheimen vart fotografert:
1 bilde: Solveig utanfor huset. 2. bilde: Sverre og naboguten Erling.*



Steinsland, bruk nr. 3, påsken 1955. Kameraten til Sverre, Reidar Hellevang, på ski .

Det var ikkje berre Ole som stod for fornyinga av huset. November 1952, vann Solveig i tipping, og ein del av premien gjekk til kjøp av ny komfyr! Rekkjeprisen var 25 øre, og Solveig hadde investert 4 kroner. Dei visste ho hadde 12 rette på ein lørdag, men måtte vente i spenning til mandag på annonsering av størrelsen på pengepremien.

Solveig vart den heldige vinnaren av 1230 kroner! Ho hadde lenge drøymt om ny komfyr, og no vart den kjøpt, ein Triumph Magasinkomfyr. Ho kjøpte av Andreas Hellevang som var agent for kvitevarer.

At komfyren hadde magasin, var at ei av platene var utforma som ein stor jernsylander som stod ned i omnen, med tjukt lokk over. Dette gav stor varmekapasitet, og plata held seg varm døgnet rundt. Med andre ord, heile kjøkenet var no alltid varmt, og det vart godt utnytta. Den munnlege tradisjonen fortel at Ole til og med tok middagskvilen på kjøkengolvet!

Solveig hadde seg og ein tur til Nordheimsund, og kom heim med ny blå kåpe, kjøpt med "tippegevinsten"...

I oktober 1953 fekk Solveig og Ole eit nytt barnebarn, Reidar fekk ein bror, og Berit og Ole (Larsen) ein ny son. Han fekk namnet Øyvind. Berit og familien budde i Mandal, men kom kvar sommar-ferie heim til Steinsland. Sverre budde på Matre, og kom oftare heim. Men om sommaren møttest alle. Sommaren 1957 var og forloveden til Sverre, Anne Mari Juvik, med i slåtten på Steinsland for første gong. Ho var oppvaksen på gard på Matre, og glei godt inn i familien.



Kvilepause i arbeidet, Bjørkhaugen sommar 1957 - Frå venstre: Solveig, Reidar (8 år), Anne Mari, Ole Larsen, Ole Steinsland med Øyvind (nesten 4 år) og Berit .



Smågutane til Berit, Reidar og Øyvind, syntes det var stor stas med hesten på garden. Hesten var no "Heggen", kjøpt i Hegglandsdalen i 1949. (Hesten dei hadde før, "Gula", vart seld same år. Hennar redsle for biler gjorde ho vanskeleg å arbeide med.) Heggen var ein god arbeidshest, ikkje berre til arbeidet på garden, han var og på utarbeid.

I over 15 år lånte/leigde dei "Heggen" til naboane, Arthur Steinsland (bruk 7) og Arne Steinsland (bruk 2) to dagar i veka. Dei var tilsette i kommunen til renovasjonsarbeid på Tysse.

Det vanlege på gardene og på Steinsland var utedo bygd over dyremøkka, slik at "avfallet" gjekk automatisk inn i gjødselproduksjonen. På Tysse hadde husa utedo med dokagg under, som måtte tømast. Arbeidet til "Heggen" var å dra kjerra med dei tomme dokaggane, og byta dei ut/ta med tilbake dei fulle.

Etterpå var det ein ny runde, denne gongen vart alt boss/avfall køyrt vekk. Alt havna i "Hagamulen", ein skråning ned mot sjøen i utkanten av Tysse. Etter som åra gjekk vart "Heggen" ein lokal "kjendis" i bygda, og mang ein "gobit" vart gitt til den snille hesten som arbeidde så hardt. Den munnlege tradisjonen fortel at Solveig og Ole hadde like god inntekt på hesten som på ei mjøkekyr.

Det var stor sorg på garden, då Heggen brekte beinet på ei ferist, (på Tveit 1969), og måtte avlivast etter 20 år med trufast arbeid.



Øyvind og Reidar sit på "Heggen," morfar Ole held i taumane. Sommar 1957.

To bilete av Steinsland med ti års mellomrom. Dei er tekne av Sverre (1957) og søskenbarnet Annemor (1947).

Nede til venstre det gamle naustet som høyrde til garden.




Av forandringar ser me at skulehuset var bygd nytt og større. Ikkje så lett å sjå, men huset på nabogarden, hos "Erikane", (bruk 6), var og bygd nytt etter at det gamle

huset brant ned vinteren 1952. På bruk nr 3, var det i 1958 dei største forandringene på tunet skulle skje! Huset var gammalt, slitt, lite og "umoderne", og ein ny generasjon var på veg til å flytta inn.

Avgjerda om å riva og byggja nytt vart teken. Det vil seia, kjøkkenet Ole hadde bygd og "gamle stova" bestefar hans, Knut, hadde bygd, vart teken vare på.

Vinteren 57/58 vart det hogge skog til materiale i Åsalia/Marka, og frakta til saga på Totræna. Budsjettet var på 20.000 kroner, lånt i Samnanger Sparebank, og med pant i eigedommen. Av praktiske grunnar var lånet i Ole sitt namn, men det var sonen Sverre og den komande svigerdottera Anne Mari, som bygde.



Ved påsketider-1958 starta nedrivning og utgraving. Om sommaren vart det forskala og støypt. Utover hausten reiste det seg eit nytt hus på bruk nr 3!





Solveig og Ole, sommar 1958. Det var nok ikkje så lett å bu midt oppi byggjeprojektet.

Til slutt stod det ferdig: Ei todelt stove, med utgang til altan. Kjøken, bad, og gang. Innlagt vatn og inne-do! Tre soverom, loft og kjellar. Sverre og Anne Mari flytta inn sommaren 1959, etter bryllaupet 11.juli. Dei gifta seg i Solheim kyrkje, og festen var på Matre i tre heile dagar til ende!

1960 vart det tredje barnebarnet til Ole og Solveig fødd då Sverre og Anne Mari fekk ei dotter 24. september. Ho fekk namnet Svanlaug, etter mormora si.

Ole si helse var ikkje bra. Etter å ha kjent seg utilpass i lengre tid, gjekk han til doktaren. Då hadde han så høgt blodtrykk, at Dr. Ottestad ikkje let han gå heim att, men sendte han med drosje... Noko tungt veg/byggearbeid passa ikkje lenger. Frå slutten av 50 åra var Ole "berre" gardbrukar. Han hadde og uregelmessig puls og var plaga av hjartekrampe. Glaset med nitroglyserin hadde han alltid med seg på lomma, men det var først på slutten av 60 talet han fekk 1/2 uførepensjon...



Brudeparet, og foreldra til brudgommen, Solveig og Ole

Den dårlege helsa verka inn på humøret hans, men musikk var god "medisin". Musikalsk, og med godt gehør, hadde han lært å spela litt trekkspel, men aldri eigd eit sjølv. Jula 1955 fekk han "torader", i gåve av Sverre, ein sær sars vellukka julepresang som var i flittig bruk!



Solveig med dåpsbarnet Svanlaug.



Bilete av Ole /"Besten" og Grethe Kjerstin, jente nr 2 til Sverre og Anne Mari, fødd 10/10 1963.

Samnanger vart fleire gonger fly-fotografert, dei såkalla Wiederø bileta. (Lånt frå Samnanger historielags fotogalleri). Steinslandstunet, br. 3 og br. 5, "Perane" og "Erikane", 1962 og 1965. Av forskjeller på bilda ser me at br. 5 har malt løa, og br. 3 har fått dokkehus! Dokkehuset var bygd av Ole Larsen, onkelen frå Mandal, til ære for små jentene på Steinsland!



Videre innover Steinsland: Skulehuset og huset til "Kalle" (br.10) nede til høgre. I midten, br 1 og br. 2, og lenger oppe til venstre Ny Steinsland og Indre Steinsland.

Bilete av Gjerde, oppe til venstre «Bøen», lengre oppe «Nordbø» der Knut Pederson voks opp.



I førstninga av 60-åra, vart det gjort eit stort arbeid med å samla inn detaljer/informasjon om, og tatt bilde av, 9200 gardsbruk i Hordaland, dvs. alle gardar med over 35 dekar innmark. Resultatet vart eit oppslagsverk på 2 bind, utgitt på forlaget "Norske Gardsbruk" i 1964. Bøkene vart kjøpt av Ole og Solveig, og sidene som gav informasjon om gardane på Steinsland er avbilda her:



Det er mykje interessant informasjon i boka, mellom anna om storleiken på dei ulike bruka, kor mange og kva slags dyr dei hadde, og kor tid dei ulike husa på garden var bygd. Det står og om kor tid/ kva årstall dei ulike gardene kom inn i ætta, her er det ein del opplysningar om gardsbruka på Steinsland, som ikkje er riktige.

Det var Munkeliv Kloster som eigde Steinsland frå 1419 til 1658. Så var plassen i eige av "matrone" Else Pedersdtr, enke etter Jens Hoffmann, før heile Steinsland vart kjøpt av Ingjald Hansson Gjøen i 1689. Bruk nr 1, 5, 6 og 7 kan alle føra ætta si tilbake til Ingjald Hansson, med andre ord er årstallet 1689 det rette året.

Bruk 2 vart utskilt frå bruk 1, og selt ut av ætta. I 1870 kjøpt av Arne Olavson.

Bruk 3 gjekk ut av slekta etter Ingjald Hanson, då tipp-tipp-oldebarnet hans, som og heitte Ingjald Hanson, selde til Gert H. Meyer i 1810. Bestefar til "vår" Ole, Knut Pederson kjøpte eigedomen ~ 1870.

Bruk nr 8/9, var ein del utskilt frå bruk 3 (1897), og ein del frå bruk 2 (1900)

<p>Stensland (Steinsland) <i>Gnr. 25, bnr. 1. P.adr. Haga i Samnanger.</i> Sk.mk. 1,60. D. jord 22 da (morenejord), anna jbr. areal 12 da, prod. skog 125 da, anna utm. 300 da. – Våningshus bygt 1865, omb. 1939, driftsbygning bygt 1921, vedhus. Brt. kr. 50 000. – 4 kyr, 1 ungdyr, 3 sauer. – Garden har vore i ætta frå 1670. Eigaren tok over 1929 etter far sin. Eigar: Edvard Stensland f. 1887, son av Jan Kristofersen Stensland og Seselia f. Børdal.</p>	
<p>Steinsland <i>Gnr. 25, bnr. 2. P.adr. Haga i Samnanger.</i> Sk.mk. 0,96. D. jord 15 da (mold), anna jbr. areal 30 da, prod. skog 30 da, sams utm. – Våningshus omb. 1955, driftsbygning omb. 1955, verkstad bygt 1957, vårflor 1958, eldhus 1952, naust 1943. Brt. kr. 58 000. – 4 kyr, 1 gris, 3 sauer. – Garden har vore i ætta frå 1870, då farfar til eigaren, Arne Olavson Steinsland, kjøpte han av Mons Grønsdal. Eigaren tok over 1945 etter far sin. Eigar: Arne O. Steinsland f. 1900 – son av Ole Arnesen Steinsland og Gjertrud f. Slinde – g. 1933 m. Anna Steinsland.</p>	

1320

HORDALAND FYLKE

**Steinsland**

*Gnr. 25, bnr. 3. P.adr. Haga i Samnanger.
Tlf. Tysse 5224.*

Sk.mk. 1,83. D. jord 15 da (morenejord), anna jbr.-areal 20 da, prod. skog 60 da, anna utm. 200 da. – Våningshus bygt 1958, løy og fjøs gml., naust. Brt. kr. 70 000. – 1 hest, 4 kyr, 1 ukse, 1 ungdyr, 1 gris, 5 sauer. – Garden har vore i ætta frå 1868, då farfar til eigaren, Knut Steinsland, kjøpte han av Johs. B. Steinsland. Eigaren tok over 1941 etter far sin. – Frukt- og bærdryrking.

Eigar: Ole P. Steinsland f. 1905 – son av Peder Knutsen Steinsland og Berta f. Sevid – g. 1929 m. Solveig Vindenes. Born: Berit f. 1929, Sverre 1931.

Steinsland

*Gnr. 25, bnr. 5. P.adr. Haga i Samnanger.
Tlf. Tysse 5240.*

Sk.mk. 2,10. D. jord 20 da (morenejord), anna jbr.-areal 15 da, prod. skog 50 da, anna utm. 250 da. – Våningshus bygt 1947, driftsbygning gml., naust, garasje. Brt. kr. 72 000. – 1 hest, 4 kyr, 2 ungdyr, 5 sauer. – Garden har vore i ætta frå 1519, då Tormund og Sigmund Steinsland åtte han. Eigaren tok over etter morfar sin, Johannes O. Steinsland.

Eigar: Sigurd Haukenes f. 1929 – son av Olav Haukenes og Olivia f. Steinsland – g. 1957 m. Bjørg Aadland. Born: Anne Liv f. 1958, Britt 1961, Haldis 1962.

**Steinsland (Solbakken)**

Gnr. 25, bnr. 6. P.adr. Haga i Samnanger.

Sk.mk. 2,05. D. jord 20 da (morenejord), anna jbr.-areal 15 da, prod. skog 125 da, anna utm. 350 da. – Våningshus bygt 1954, løy og fjøs ikr. 1880, eldhus og vårfllor bygde 1900, utløy bygt 1922, naust 1890. Steinsland sæter, hus bygt 1937. Brt. kr. 70 000. – 3 kyr, 1 ukse, 1 ungdyr, 8 sauer. – Garden har vore i ætta f. ikr. 1500. Eigaren tok over 1954 etter far sin. – Fruktdyrking.

Eigar: Johannes E. Steinsland f. 1913 – son av Eivart E. Steinsland og Thea Ingebrigtsdtr. f. Røver – g. 1943 m. Ruth H. f. Skår. Born: Erling f. 1943, Svein 1946, Jon Reidar 1948, Mary Torunn 1951, Kari 1954, Øyvind 1957.

**Steinsland (Solhaug)**

Gnr. 25, bnr. 7. P.adr. Haga i Samnanger.

Sk.mk. 0,80. D. jord 40 da (morenejord), sams utm. – Våningshus bygt 1917, driftsbygning 1932, eldhus 1943, reiskapshus, naust bygt 1951, sæterhus 1945. Brt. kr. 54 000. – 4 kyr, 2 ungdyr, 5 sauer. – Garden har vore i ætta frå ikr. 1780, då tipptippoldefar til eigaren, Mons Nilson Steinsland, åtte han. Eigaren tok over 1957 etter far sin.

Eigar: Alfred A. Steinsland f. 1931 – son av Arthur Steinsland og Martha f. Steinsland – g. 1953 m. Julia Kleiven. Born: Arvid f. 1954, Inger Marie 1955, Kjelfrid 1957, Torleif 1961.



Gardene var mykje lik i storleik, og hadde meir eller mindre same tal dyr.



Solhaug (Steinsland)

Gnr. 25, bnr. 8 og 9. P.adr. Haga i Samnanger.

Sk.mk. 0,54. D. jord 12 da (morenejord), anna jbr. areal 12 da, sams utm. – Våningshus gml., omb. ikr 1950, driftsbygning bygt 1943, sæter. Brt. kr. 50 000. – 3 kyr, 2 sauer. – Gamal ættegard. Eigaren tok over 1943 etter farmor si, Anna Bolstad.

Eigar: Ole Bolstad f. 1923 – son av Oluf Bolstad og Anna f. Børdal – g. 1953 m. Patricia Harvey. Born: Anna f. 1954, Margaret 1957, Olav 1960. – Eigaren driv anleggsarbeid som attåtyrke.

På alle Steinslandsbruka, var inntekta av garden for lita til å leva av, og ei bi inntekt/attåt næring var nødvendig. Stort sett var dette veg, anleggs og renovasjonsarbeid.



Bilete av Solveig Steinsland og Unni Tverli i arbeid med saueklyppinga. Sauene vart klypte vår og haust, og sekkene med ull reiste Solveig med, til Janusfabrikken på Espeland. "Espelandfos Spinderei og Tricotage fabrikk" var etablert i 1895, og produserte undertøy, ullgenserar og sokkar. Mykje av betalinga Solveig fekk for ulla, vart brukt på handel i fabrikk- utsalet. Sauene slakta dei sjølv heime, til eigen matproduksjon. Eventuelt "overskot" vart selt.

Sverre og Anne Mari flytta inn i nye-huset på Steinsland i 1959, det vil seia eigentleg var det berre Anne Mari og borna som budde her med Solveig og Ole.

Sverre hadde arbeidet sitt på Matre, han kom berre til Steinsland 3. kvar helg og i feriane. Ingen ideell situasjon for den vesle familien.

I januar 1965 flytta Anne Mari og småjentene frå Steinsland til Matre.

Etter 5 år med liv og små born i huset, vart det nok både stille og tomt på tunet for besteforeldra, då dei reiste.

Ullvarefabrikken på Tysse brann ned i 1931, men ti år seinare, sommaren 1941 stod ein ny fabrikk- bygning klar til bruk. A/S Samnanger Fabrikker, Safa, starta sin produksjon under leing av Alfred Bruvik. Produktet var strømper, sokkar, og strikkevarer av ull, alt av beste kvalitet!

Mange nye lokale arbeidsplassar vart oppretta, til stor glede i bygda.

Ei av dei tilsette i "Safa" var Solveig Steinsland. I 6 år, frå april 1961 til juli 1967, arbeidde ho i kantina på Safa. I lag med to andre damer (Solveig Bjørkelund og Kirsti Totland) kokte ho middag til ca. 30 - 40 ansatte.

Begynt	Sluttet	Anmerkninger
7 -4 -1961.	20 - 7 -1967.	

Solveig var innskrevet i "arbeids arkivet" til Safa som Solveig P., dermed visste alle at dette var "Per'a Solveig"! Det var ofte dei same fornamn og etternamn som gjekk igjen, og ved å hengja på eit ekstra «kalle-namn», etter plassen, eller ein ættefar, visste alle kven det var snakk om. På vårt tun budde "Per'ane", alle fekk "Per" knytta til namnet, (etter far til Ole, Per Knutson): *"Per'a Ola'en," "Per'a Sverre," "Per'a Berit" og som nemnd "Per'a Solveig."*

Solveig var lite begeistra for dette "kalle namnet", og begynte å skriva seg for Solveig Vindenes Steinsland, men det hjelpa ikkje, ho var og blei på folkemunne "Per'a Solveig."

Det var på veg heim frå Safa, medan ho gjekk og leidde sykkelen sin, Solveig vart påkjørt av ein annan sykkel, som kom ned frå feltet på Tysse i stor fart. Brot i albogen var resultatet av kollisjonen. Ho vart operert, men armen vart aldri heilt bra igjen. Den sommaren hadde ho ansvaret å passa på veslejentane, Grethe, medan dei andre arbeidde med slåttene.

Både Solveig og Ole var svært stolte besteforeldre. Ekstra stas var det med det siste barnebarnet, ein gut. Son til Sverre og Anne Mari, fødd 22. februar 1969, fekk namnet Per Ove.



*Per Ove på «Jallar» sin rygg, farfar/«besten» Ole passer på.
Staden er Steinsland sommaren 1971.*

Etter at kantina i Safa var avvikla, arbeidde Solveig i mange år som kokke på gamle heimen, Samnanger Aldersheim.

I 1973 tok Solveig og Ole avgjera om å slutta med dyrehald. Arbeidet vart tungt, og det minka på kreftene, berre hesten var igjen nokre år til.

Den siste hesten Ole hadde, var "Jallar", (kjøpt 1969, etter ulykka til "Heggen"). I 1977 vart han selt til Dyrdal på Bulken.

Utan dyr, og med hesten i marka, kunne begge reisa vekk samstundes. Sommaren ~1973 besøkte dei Berit i Mandal, og var mellom anna til fotograf!



27. November 1974, gav Ole Steinsland skøyte på garden, bruk nr 3, til sonen Sverre Steinsland, for 4800 kroner. Tinglyst 13. desember 1974. Med bu og bruksrett for seg sjølv og Solveig på livstid.

10218	27/11-74	Skøyte fra Ole Steinsland til Sverre Steinsland	11/11
		Steinsland f. 16/10-31 for kr. 4.800,- gulf	
		13/12-74	4254


Etter at Edvard Steinsland, eigar av bruk nr. 1 døydde, vart denne eigedommen selt til kommunen. Det same skjedde med bruk nr. 2, etter Arne og Anna Steinsland sin bortgang. Ingen av dei hadde born/direkte etterkomarar.

Kommunen tok avgjera om utbygging av bustadfelt på denne delen av Steinsland, og av praktiske årsaker, og for å utvida byggje-feltet var kommunen og interessert i å ta over ein del av eigedommen til bruk nr. 3.

Den munnlege tradisjonen fortel om oppmåling på bakkane, av kommunearbeidarar, før grunn- eigaren hadde blitt offisielt kontakta.

Sverre skreiv brev til kommunen, og grunn gav si negative haldning til sal, men det hjalp lite. Til slutt vart ein frivillig handel inngått. Med ekspropriering-lova i ryggen kunne det offentlege uansett framtinga ein transaksjon.

18 mål land på øvre sida av bekken vart selt til kommunen i 1978, for 12 kroner kvadratmeteren. I handelen fekk Sverre tre tomter til eige bruk, "Myra", "Fossen" og "Vetle Bjørkhaugen". For Ole var salet ei tung og sår oppleving. Helsa til Ole var dårleg, det første hjartefarktet hans skjedde medan han og Solveig var på besøk på Vinnes. Våren 1979 hadde han eit nytt hjartefarkt. Desember 1979 vart han igjen dårleg, og etter dagar på sjukehus, døydde han 7. desember, 74 år gamal.



Ole med trekkspilet på gamle lemnen sommar 1979.

I juni, hadde Ole og Solveig feira gull bryllaup, 50 år fekk dei i lag.

Månaden etter, 27. juli 1979, var Solveig på Vinnes og feira 80 årsdagen til søster si, Sigrid. Dei var no 4 søstre igjen av søsken flokken på 8: Solveig, Berta, Kristina og Sigrid. Ein svært humørfylt gjeng, ein av vitsane denne dagen, var kor godt datoen, 27. juli, passa til Sigrid. På den norske primstaven var datoen, 27/7 notert som "sjusovardagen". Dette var helgen- dagen til 7 kristne martyrar som vart innemurt i ei grotte på grunn av trua si. Der fall dei i søvn og vakna ikkje før 200 år seinare då grotta vart opna. Denne legenden er opphavet til omgrepet "sjusovar".

Den 80 år gamle Sigrid, tok seg ein liten "dupp" rett som det var under bursdagsfeiringa, og dei lattermilde søstrene fann ut sjusovar dagen passa midt i blinken for henne!



Søstrene Kristina, Sigrid, Solveig og Berta, juli 1979



Solveig, i stova på Steinsland

Søstrene til Solveig, kom og ofte på besøk til Steinsland. Kristina og Sigrid frå Vindenes, Berta frå Ytre Arna. Alle tre dårlege til beins, staver og krykker var nødvendige hjelpemiddel, og lista med alt dei feilte var lang. Men fellestrekket for alle var eit godt humør! Solveig var regna som den sprekeste av firkløveret. Nokre år tidlegare, hadde ho fått sukkersykje/diabetes, men med å leggja om kostholdet greide ho halda kontroll på sjukdommen. Etter mange år med overvekt, var ho no stolt over kor slank ho var blitt!

Som oftast var det lørdag søstrene samlast, og i tillegg til kaffimat, stod tippkampen på programmet. Den engelske uttalen på laga var det så som så med, men diskusjonen gjekk livleg om vinnarlukka. Solveig hadde vunne i 1952, og den eldste søster deira, Johanna, i 1959 (20 000!), no var det berre eit tidsspørsmål før ei søster til, "slo til".. I mellom tida hadde dei mykje moro og spenning!

Som tippkampen høyrde til på lørdag, var "preika" rutinen på søndag. Dette var direkte- overføringa av søndagsgudstenesta på radioen, seinare og på fjernsynet. Både Ole og Solveig var aktive deltakarar, hadde salmeboka klar, og song med i dei utvalde salmene. Alt medan lukta av søndagsmiddagen, spreidde seg i huset.

1979 var og året då Ole og Solveig, vart oldeforeldre. Barnebarnet deira, Svanlaug, fekk ei dotter, Lena, 31. mai. No vart det igjen lyd av småbarn i huset på Steinsland. Svanlaug, ektemaken Svein Morten Tveit og Lena budde 7 år i den delen av huset, Sverre og Anne Mari hadde bygd 20 år tidlegare. I november 1986 flytta dei i eige hus, bygd på "Vetle Bjørkhaugen".

Etter at Solveig vart enkje, var/budde ho lange perioder om vinteren med dotter og svingerson, Berit og Ole, i Mandal. Det var her ho var, vinteren 1984, då ho vart sjuk. Ho hadde i lengre tid vore plaga av svimmelheit og vondt i nakken, gått jevnleg til fysioterapibehandling. Rundt midten av mars vart ho akutt dårleg, og innlagt på sjukehuset i Kristiansand, med mistanke om hjerneslag. Det viste seg ho hadde ein tumor/svulst på hjernen.

Om natta, 1. april 1984, døydde Solveig Sverkesdotter Vindenes Steinsland, nesten 74 år gamal.

13 • Berit Steinsland Larsen

Det eldste barnet, og einaste jenta til Ole og Solveig Steinsland, kom til verda 11. september 1929. Som tidlegare fortalt var det ein dramatisk fødsel som heldigvis gjekk bra. I hastedåpen på sjukehuset fekk ho namnet: Berit.

Berit vaks opp på Steinsland, med foreldra og besteforeldra, Per og Brita. To år gamal fekk ho ein bror, då Sverre var fødd 16. oktober 1931. Omsorg for broren hadde ho tidleg. Den munnlege tradisjonen fortel om den gongen dei vaksne til si skrekk, ikkje fann vesle guten i vogga. Dei fann han under bordet, i armane til 3-åringen Berit, ho satt så fint og vogga på broren. Å besøkje bestemora Kristi, alle tantene og søskenborna på Vinnes var stas, verre var det med med køyreturen. Vegen var både svingete og smal, og Berit var sterkt plaga av bilsjuke. Om drivstoffet på bussen var trekol gjekk det bra, men var det bensin var dei ikkje komen langt før ho vart dårleg... Det beste var å ta rutebåten, "dampen", til Fusa. Den gjekk ein gang for veka.



Bilete frå Vinnes - 1933-34. Til høgre: Berit med søskenbarnet Oddbjørg, (dotter til Berta Faugstad, søster til Solveig) Til venstre: Berit med veslebroren Sverre.

Gjennom heile oppveksten var Berit spesiell fin i klesveien, ho "arva" nemleg klede etter Gerd, som var dotter til "ingeniør frua" Skøyen. Fru Skøyen kom frå ein av dei rike Bergensfamiliane som hadde feriert på Vinnes om sommaren, og kontakten/venskapet med Solveig vart etablert.

Hausten 1937, begynte Berit på Steinslandskulen. Skulen var frå halv 9 til halv 3, annan kvar dag, inkludert lørdag. I det lengste friminuttet, midt på dagen, sprang ho heim/opp bakkane, der Solveig hadde middagen klar. Læraren i småskulen var "Klokkar Mons'en", Mons Tveit, og i storskulen Hans Tømmerbakk. Berit hadde gode evner og lærte fort. I klassen sin var ho den første som knekte lesekode, og avanserte frå abc-boka til leseboka. Den kvikke, men samstundes beskjedne jenta med dei lyse krøllene var godt likt av både lærarar og medelevar.



Berit som 10-åring



Konfirmanten Berit, oktober 1944

Etter å ha avslutta 7 års skulegong, var det hennar tur "å gå for presten", det vil seia få konfirmant undervisning. Det var ny prest i bygda, Knut Gjesdal, han og konfirmantene møttest ein gong for veka i kyrkja på Ådland eller i bedehuset på Tysse gjennom heile sommaren.

I oktober 1944 stod Berit konfirmant.

Ho hadde ny kjole i mørkeblått tøy. Kjolestoffet var kjøpt av søster til Solveig, Berta i Ytre Arna. Ho kjøpte opp tøy på fabrikkjen "i stort", og selde ut att Det var nabo kona, "Jan'a Amanda" (søster til Edvard på bruk 1) som sydde kjolen. Dekoren på kjolen, dei kvite "stjernene" var handmalt på av onkelen, målaren Hans Vindenes, gift med Johanna, søster til Solveig. Berit hadde eit sterkt ønskje om å gå vidare på skule, og ho skreiv seg inn på den 2-årige real- skulen som var oppretta i Samnanger.

Denne utdanninga kosta 50 kroner månaden og i tillegg kom utgifta til skulebøkene. Men håpet om realskulen brast då ho kom heim til foreldra med brevet om betalingsvilkåra. Beskjeden var klar; dette hadde dei ikkje råd til...


I staden vart det arbeidslivet. Først var ho og bestevenninna "Nellen" (Nelly Drevsjø) nokre månader i arbeid på Vinnes. Nelly var "hjelp" i huset til Borghild, dotter til Johanna, eldste søster til Solveig. Berit var hushjelp hjå Kristi, dotter til Nils, bror til Solveig. Ved å arbeide på same plassen, hadde dei to venninnene selskap i kvarandre på fritida. På Tysse var kolonialen til Anna Svendsdal opna på nytt etter å ha vore stengt under krigen. Ho tilbydde Berit arbeid på butikken, og to år var ho tilsett her. Lønninga var 40 kroner månaden, i tillegg fekk ho middag.

Seinare var ho og i arbeid ein periode på fabrikkjen Safa. Her arbeidde ho framleis sommaren 1947, då søskenbarnet Annemor og venninna Carla kom på sykkeltur/ besøk til Samnanger frå Sørlandet. Kontakten mellom ungdomane var god, og då Annemor og Carla skulle reisa attende til Sørlandet, bad Berit foreldra om lov til å reisa med dei. Det freista å oppleva noko nytt, sjå ein annan del av landet og få møta slekta på Lian. Gleda var stor, då foreldra gav ho lov til å reisa.



Berit, sommaren 1947

Dei tre jentene reiste sjøvegen sørover. Reisa tok nesten to dagar; først til Bergen, derifrå natt- ruta til Stavanger, så var det tog resten. Berit besøkte garden og slekta på Lian, møtte tanta Marta og dei andre søskenbarna:, Berit, Oddbjørg, Per og Hans.



Søstre Berit og Anna Stensland, i midten kusina Berit Steinsland.

[I 1885 vart det vedteke i Stortinget at "Bogspråket" og "Landsmålet" skulle jamstillast. Somme krinsar i Samnanger var tidleg ute og innførde "Landsmålet" som hovudmål, dei første var Nordbygda og Tveit i 1909. Dei siste skule krinsene som innførde "Landsmålet" var Tysse og Steinsland, ikkje før i 1938. Dei som reiste ut før denne tid, tok med seg familie namnet "Stensland", medan "Steinsland" vart familienamnet til dei som budde i Samnanger.]

Berit fekk arbeid i Mandal, som hushjelp hos familien Salvesen. Dei hadde to små gutar, som Berit hadde ansvaret for. Det var medan ho arbeidde her, ho møtte Mandals guten Ole Larsen, og nokre månader seinare var dei ring forlova!

Ole var fødd 7. januar 1924. Foreldra hans var Karen og Ludvig Larsen, og Ole var nr. 5 i ein søsken flokk på 8 born, to jenter og seks gutar. Mora døydde då Ole var 20 år. Faren gifta seg att, og Ole fekk to halvsøstre. Han hadde snekker utdanning, og arbeidde på "Marna Bruk".

Ole Larsen kom første gong på besøk til Steinsland påsken 1948, og dei komande svigerforeldra tok i mot den sjarmerande sørlandsguten med opne armer.

Bryllaup vart planlagt til hausten.

Dei gifta seg i Ådland Kyrkja 23. oktober 1948. Presten var den same som hadde konfirmert Berit 5 år tidlegare, Knut Gjesdal.

Brudekjolen hadde Berit fått lånt/leigd av svigerinna, Gunvor. Ho hadde gifta seg med bror til Ole nokre månader tidlegare, og kjolen med blonder og langt slør kom frå tanta hennar i Amerika.

Ein kald og våt haustdag, det var storm og det snødde! Ein stor paraply vart redninga for å få den ferdigpynta brura tørr ned til vegen, der det var bilskysst til kyrkja.

Etterpå var det fest i stova på Steinsland, med god mat (det var "Tysslands-Margit som kokte) og musikk. Det var Alfred Rein som spelte trekkspill, søskenbarn til Berit, son til Kristina, søster til faren.

Mellom gjestane var bror og søskenbarn til brudgommen, Kåre Larsen og Henry Sørensen. Frå Sørlandet, Lian, kom og søskenparet Per og Berit Stensland. Dei var begge fødte på Steinsland og hadde reist derifrå som 3- og 2-åring i 1929, då foreldra Hans og Marta flytta frå Samnanger.



Brudeparet : Berit Steinsland og Ole Larsen, oktober 1948.

Nokre dager etter bryllupet reiste dei nygifte. Først var det stopp i Bergen, der dei var til fotograf, og brudebilete vart teke. Så vidare til Mandal, der dei skulle byggja heimen sin. Året etter, 8. august 1949, vart Reidar den første sonen til Berit og Ole fødd. Denne hausten vart Ole innkalt til militærtjeneste, dette var blitt utsatt på grunn av krigen. No som nybakt far passa det dårlig, men søknad om fritak vart ikkje innvilga. Han var 5-6 månader på Åndalsnes i militærtjeneste. Denne periode budde Berit og vesle guten Reidar på Steinsland, til stor glede for dei nybakte besteforeldra, Solveig og Ole.

Tilbake i Mandal vart husbanklån teken opp, og Berit og Ole bygde sitt eige hus i øvre del av byen, nær til Mandalselva. Den nye adressa var "Vognmannsgate 2". Dei første åra i nye huset, hadde dei leigebuarar i andre etasjen, dette var ei av vilkåra for å få lån.


Den andre sonen til Berit og Ole, Øyvind, var fødd 2. oktober 1953. Kvar sommarferie kom Berit, ektemaken Ole og gutane til Steinsland. Hjelppte til med slåttan og den nevedyktige Ole hadde alltid små reparasjoner/ byggje-prosjekt på gang.



Reidar i morfaren sin båt, ein Strandebarmar (kjøpt i Tørrvikbygd 1947)




Reidar på Heggen, Øyvind på høylasset mellom mormor og morfar, 1957.



*Fetter og kusine treff på Steinsland 1964.
Reidar, Øyvind, Svanlaug og Grethe*



*Mandal: Berit og Ole i hagen. Berit og Ole Larsen fekk 3 barnebarn og 5 oldebarn.
4. januar 2016 døydde Ole, nesten 92 år gamal. Han og Berit fekk 68 år i lag.*



Berit flytta frå Vestlandet i ung alder, men hadde eit minne med seg som fekk hedersplassen på vegg. Eit maleri med motiv frå Vindenes, målt av onkelen, målarmeister og målelærer Hans Vindenes. Berit og Ole fekk det i gåve til bryllaupet av han og kona Johanna.



Berit Steinsland Larsen og broren Sverre, i Mandal sommaren 2017

14 • Sverre Steinsland

Laurdag 16. oktober 1931, vart ein gut fødd i gamlestova på Steinsland. Foreldra, Solveig og Ole, var då 21 og 26 år gamle, og syster hans Berit, var 2 år. Det vart betalt 20 kroner til jordmora, for vel utført arbeid. (Ein jentefødsel var nokre kroner billigare!) Den munnlege tradisjonen fortel at guten vart rusa til nærmare 20 "merker", det vil seia 5 kilo! (1 mark~250 gram)

På nabogarden (bruk nr 6) var det bryllaup denne helga, det var Edit, dotter til Edvard og Thea som gifta seg, og brura var den første som kom til tuns for å gratulera med vesleguten. I dåpen 29. november fekk han namnet Sverre, opptattkalla etter morfaren Sverke Vindenes. "Sverke" var ikkje vanleg namn i Samnanger, så valget fall på "Sverre".

Faddarne var: Hans Rein (onkel til Sverre, gift med søster til faren, Kristina)
Arne Steinsland (nabo bruk 2), Anna Vindenes (tante, søster til Solveig)
"Stuerte'n" Hans Hansen (dobbelte søskenbarn til Brita, bestemor til Sverre, han var sjømann/stuert) Anna Dalane (hadde vore i arbeidd for Nils, bror til Solveig)



~1933, to år gamle Sverre, med mora Solveig.

Sverre, med lys lugg og i kort bukser, begynte i 1. Klasse på Steinslandskulen, hausten 1938, nesten 7 år gamal. Mora, Solveig, fekk vera med den første timen. Læraren var Knut Røen, og dei var 7 stykker i klassen: Sverre, Alfred Steinsland, Johannes Haukanes, Alf Gjerde, Målfrid Haga, Aslaug Tverrli, og Signe Gjerde.

1. og 2. klasse var i lag med same lærar, og Sverre vart sterkt imponert over den erfarne 2. klassingen Bjarne Kulild sin ankomst til klasserommet. Han kasta nemleg veska si i lufta, frå døra til pulten!

Sjølv hadde Sverre fått ei rompe/mage veske til skulebruk. Ei slik hadde han sett at Einar Steinsland frå bruk nr. 2 brukte. Einar var no i 7. Klasse, og hadde i alle år hatt skule veien sin forbi tunet til bruk nr. 3, og Sverre hadde tidleg bestemt at han ville ha nett lik veske som "Ole- Einar'n".

Rompe taska var for liten til nokre av bøkene,(som landkunna dvs. geografiboka) men skulevegen var ikkje så lang, så det gjekk bra.



8-9 år gamle Sverre på Reina, med Steinsland skulen i bakgrunnen.

Bileta er tekne av søskenbarnet Alfred Rein, son til søster til faren, Kristina. Alfred var ti år eldre enn Sverre og hadde fotoapparat. Som liten hadde han og foreldra/søskena budd på Steinsland i fleire år, før dei flytta til Fusa. I 1940 budde han igjen ein periode her, medan han arbeidde på Tysse.

Sverre var 8 og eit halvt år gamal våren 1940, då tyskarane invaderte Noreg. Det var krig! Dei første tyske soldatene han såg kom på motorsykkel med sidevogn. I full uniform og med skytevåpen, var dei eit skremmande syn. Eit sterk inntrykk gjorde og lastebilane med såra og drepne, som vart køyrt gjennom bygda, etter kampene på Kvamskogen nokre dager seinere.

I klassen fekk dei ein ny elev, Agnar Krabbedal frå ein av familiane som evakuerte frå Bergen til Samnanger då krigen braut ut. Mor hans, Thea, var søster til Karl Andreas/"Kalle" på bruk nr. 10 på Steinsland, og det var her familien tok inn. Agnar og Sverre var tremenninger.



Solveig, Sverre og katten
1940

Fem store tyske leirar vart etablert i Samnanger, og med tida vart den tyske soldataktiviteten ein del av kvardagslivet. Av plassane dei dreiv kamp og skyteøvelser var "Stuthauen", "Åsen" og " Ørnebrotet" på Steinsland. Dei brukte patronane vart eit samleobjekt for gutane, Sverre mellom dei.

Vinter/vår 1941 var far til Sverre, Ole, på vegarbeid i Åkrafjorden, og kom berre heim til påske og pinse. Det var i denne tida, Solveig, mor til Sverre, la merke til at det minka mistenkelig mykje på potetene. Potetene var ein viktig del av det daglege kostholdet, dei var lagra i potetkjellaren under gamle stova, her var tilhøva ideelle for lagring. Det var frostfritt, samtidig ikkje for varmt, tørt eller fuktig. Døra til kjellaren var ikkje låst, og no forsynte nokon seg ulovleg, dei hadde potet tjuvar!

Det var gamle Per, bestefaren, som løyste problemet, han laga eit lite hol i golvet/taket over kjellar- døra, førte ein stokk igjennom, og den hindra at døra kunne opnast.

Både Sverre og Berit hugsar godt kjensla av skrekkblanda fryd då dei høyrde lyden av tjuvene som ruska i kjellardøra, men ikkje fekk ho opp!

Same året: 10 år gamal prøvde Sverre å røykja for første gong(!). Den munnlege tradisjonen fortel om at han og to kamerater, Ole Haukanes og Agnar Krabbedal, var ved vegen på Steinsland, då det kom ein bil med ein tysk offiser. Det var vegarbeid ved skulen/huset til "Kalle", og tyskaren måtte stoppa bilen og venta på å kjøra forbi. Då han tente ein sigarett, gjekk ut, og stod å røykte eit stykke frå bilen, såg gutane sjansen. Ole Haukanes med sine 11 år var den eldste av dei, det var han som lynraskt rappa sigarettpakken som låg igjen i førersetet.

Godt unna, oppe i "Sköte", vart fangsten utprøvd. Det vil seia, dei to yngste vart berre tildelt kvar sin sigarett etter å ha avlagt ed på ikkje å sladre til dei vaksne. Det enda med at alle tre vart dårlege og spydde!

Sjølve 10 årsdagen 16. oktober 1941, vart spesielt hugsa for det nye pennalet han fekk, laga av tre og i to etasjar. Det var Antonia "Tonå" Drevsjø som gav han denne gåva, ho var ei god venninne til Solveig og mor til "Nellen", bestevenninna til Berit. Speidarbeltet han fekk i gåve av tante Konstanse, var og særst vellukka.

I 1943, 11-12 år gamal starta Sverre med kaninavl. Med mat/varemangel og restriksjoner var kanin ei vanleg ekstra kjelde til kjøt. Dei var i bur i kjellaren om vinteren, om sommaren ute. På det meste var han eigar av 36 kaniner. Å væra kanineigar hadde sine utfordringar, Sverre var både mørkredd og redd for potet tjuvar, mora måtte rett som det var følgje han i kjellaren for å fore dyra. Om sommaren hoppa kaninane både over, og grov seg under, gjerda han sette opp.

Solveig likte lite å klargjere dei små dyra til mat. Ho tok dei med til Sofia Hansen på Haga, kona til "Stuerte'n" Hans Hansen. Ho flådde og reinska kaninene for ho.



Ein tysk offiser var blitt fortalt om kaninane, og kom på tunet for å kjøpa. Han heitte Hans Braun, snakka gebrokkent norsk og køyrde rundt på motorsykkel. Ryktet gjekk mellom gardene at "ein skulle vera forsiktig med Braun'en", han var mistenkeleg venleg mot lokalbefolkninga. Om denne tyskaren hadde "ærlege hensikter", eller var "spion" vart aldri klart, men at han likte kaninkjøt var sikkert, og Sverre hadde ein fast kunde i han.

Ein annan av kaninkundene hans var Mons Haga, "Skinn-Monsen". Han kjøpte opp skinn og pels av ulike dyr, som han selde vidare til ein butikk i Bergen.

Ei av Sverre sine faste arbeidsoppgåver heime, var å henta vatn til alle dyra. Vatnet henta han i bekken bak løa, 14 bøtter dagleg, som han tømte/samla i ei stor tre tønna. Om sommaren gjekk arbeidet lett, verre var det om vinteren, då måtte han først hakke hol på isen.

Farmora til Sverre, Bestå Brita, hadde svak helse og var mykje sjuk. Sverre hugsar han hjelte henne, mellom anna med å vaska golvet i stova til besteforeldra. Dette måtte gjerast skikkeleg, det vil seia, grønnsåpe- skrubbast to gonger. Brita Sævild Steinsland døydde 26 januar 1943. For barnebarna, Sverre 11 år og Berit 13 år, var dette det første nære møte med døden.

Minnebøker var populært. Utklipp frå Sverre si minnebok:



I desember 1943, mellom jul og nyttår hadde Sverre sin første bytur. Den 15 år eldre naboguten Alfred Steinsland, «Erika Alfred'en», synest det var for gale at han aldri hadde vore til Bergen, og tok han med.

Ei lang reis, først buss til Trengereid og derifrå med toget. Nistepakken med vaffelkakene mora hadde laga til, kom godt med.

På toget satt dei rett bak eit par tyske offiserer som røykte heile vegen. Tobakk var både dyrt og mangelvare, og Alfred følgde oppmerksomt med på alle «sneipane» som hopa seg opp i askebeget. Då dei kom til Bergen sa han til Sverre : «Eg går av og ventar på deg på perrongen, du venter til alle har gått ut, så samlar du opp alle sigarett- sneipane før du går av toget»

12 åringen Sverre gjorde som han fekk beskjed om, men midt i opp-plukkinga vart han stoppa av ei hand som greip han i nakken: «Slutt med denne grisinga gut!» Det var konduktøren som tok han på fersk gjerning.


Det var ein oppskremt gut som til slutt gjekk av toget og måtte fortelja at oppdraget ikkje gjekk etter planen... «Å ja, konduktøren ville ha sneipane for seg sjølv» var Alfred sin roande replikk.

Det var ordna med gratis losji for Sverre hjå ein onkel av Alfred som hadde rom på «Fylkesheimen», eit pensjonat på Nordnes. Men med alle dei nye inntrykka, uvante lydar og lukter, var han nesten for oppstemt til å få sova.

Dagen etter tok Alfred han med på omvisning, og Sverre var dyktig imponert over kor stort alt var! Teaterbygninga gjorde inntrykk, likeså ein gjeng med gitar som slåst på torget! Men, det han synest var det aller finaste var hamna med alle båtene; så mange ulike fartøy. Det eine større enn det andre!

Sverre kom heim att til Steinsland full av nye inntrykk, og som den stolte eigar av sine første to bøker: «Gutter med futt i» av Olaf Møller og «Skatten på Sjørøverøya» av R.L. Stevenson. Bøkene hadde han kjøpt for eigne pengar, tent på salet av kaninar.

Leselysta vart dermed grunnlagt, og skulle vare heile livet.





Bilete av Sverre som 13-14 åring, tatt på Nesodden. Sverre i midten, på venstre sida hans Trygve Steinsland og til høgre Gotfred «Gottemann» Haga.

Dei siste åra på skulen hadde Sverre Hans Tømmerbakk som lærar. Det var han som gav borna fri, 8. mai 1945, dagen tyskarane offisielt kapitulerte, og Noreg vart igjen eit fritt land. Sverre pynta sykkelen sin med grønn bjørk, sykla rundt og tok del/såg på gleda og feiringa i bygda. Ekstra stas var det å koma heim og få servert rømmegraut. Ein månad seinare, på Jonsok- kvelden, skipa Ungdomslaget til stor fest, med dans på Steinsland- skulen og stort bål på Nesodden.

Den siste tida av krigen minka det sterkt på talet av tyske soldater i Samnanger, fleire og fleire vart sende til Østfronten.

I Noreg var det over 300 000 tyske soldater då krigen tok slutt. Tyske styrkar vart pålagt å trekkja seg ut av byane og militære installasjonar, og samla seg i avgrensa områder. Ein slik "opsamlingsleir" av tyske soldater var etablert på Ådland, i påvente av å verta sendte tilbake til Tyskland, under delt norsk og tysk vakthald.

Det var forbod mot å ta kontakt med "krigsfangane", men det stoppa ikkje unggutane frå Steinsland. Dei var 3-4 gutar, Sverre mellom dei, som rodde frå Steinsland til Søvika, Herifra gjekk dei igjennom skogen til leiren på Ådland. Dei hadde forlengst lært seg dei "viktigaste" tyske glosene.

"Willst du tauchen?", var opningsreplikken, "vil du bytta?" Det var tyskarane interessert i. Då Sverre viste fram «kartofflane» - potetene han hadde tatt frå

potetkjellaren heime, uten lov. Den 13 år gamle Sverre var både tynn og liten av vekst, og då han svarte på spørsmålet om kva han ville ha: " rauchen", dvs. røyk/sigaretter, utbraut ein av tyskarane: "*Zehn Jarhe, rauchen! Bist Du verrucht?'*" *10 år og røyker! Er du gal?"*

Det enda med at potetene vart bytta mot å få 3 lærbelte. Sjølv om foreldra likte lite korleis han hadde fått tak i belta, kom dei svært godt til bruk. Dei vart nemleg til sele på hesten, laga av lær passa dei ypperleg til dette føremålet. Spenna på belta, med inskripsjonen "Gott mit uns", "Gud med oss" ,vart tatt av, og låg lenge i løa før dei rusta vekk.

Det høyrer med til historia at dagen etter, kom heimevernsoldater på besøk til Steinsland. Dei visste at gutane hadde besøkt leiren, og ville veta kva Sverre hadde bytta til seg. Dei vart vist den "nye selen" til hesten, og med lovnad om at det ikkje skulle gjenta seg, vart byte handelen godtatt.

Det dei eigentleg leitte etter, var kven som hadde bytta til seg ei skrivemaskin.


Året etter, i 1946, avslutta Sverre 7 år i folkeskulen på Steinsland. Etter å ha "gått for presten" heile sommaren vart han konfirmert om hausten, 29. september 1946.

Heime vart det laga til fest for konfirmanten, og fårikål stod på menyen. Det var Margit Tysseland som kokte og Agnes Drevsjø hjelpte til.

Utanom dei som budde på garden, var gjestene: fru Schøyen, tante Konstanse, tante Anna frå Vindenes med sonen Tor, "Stuerte'n/Hans Hansen frå Haga og naboen Arne Steinsland. Dei sist nemnde hadde óg vore fadder på Sverre.

Konfirmasjonsdressen hans var sydd av Marta Olsnes, gift med Andreas Olsnes (andre ekteskap, bruk 13 på Steinsland). Ho kom frå Sandvik/Gaupholm og var utdanna syerske. Ho sydde dresser/kjolar til mange av konfirmantene. Det vart fortalt at den siste dressen- den var til Olav Holmefjord - vart ferdig om morgonen konfirmasjonsdagen, då hadde ho sydd heile natta.

Av gåver til konfirmasjonen hugsar Sverre han fekk ny seddelbok og rundt 10-20 kroner. Han hugsar og at misunnelsen stakk litt, for dei fleste av kameratene hans hadde fått nok pengar til å kjøpa klokke, men ikkje han...



Nyt Testamentet Sverre fekk til konfirmasjonen, 29. september 1946.

Vinteren 46/47 gikk Sverre på Framhaldsskulen. Læreren var Johan Fagerli, som og var formann i Indremisjonen, og undervisninga skjedde på lemme/ 2. etasje av Tysse skule.

Frå Wikipedia: «Framhaldsskulen bygde på avslutta 7 årig folkeskule, og var eit mindre teoretisk og meir praktisk alternativ enn realskulen. I motsetnad til realskulen, kvalifiserte ikkje framhaldsskulen for gymnaset. Frå 1969 vart både framhaldsskulen og realskulen ein del av den nye 9 årige grunnskulen».

Framhaldsskulen på Tysse var teoretisk. Undervisninga likna mykje på det siste året på folkeskulen.

Dei var omlag 15 stykker i klassen, og undervisninga var gratis.



*Bilete av Sverre, sommaren 1947, nesten 16 år:
Carla, Sverre, Annemor, Berit*



Etter framhaldsskulen, gjekk Sverre to år på yrkesskule, såkalla "snikkarskule", i det som hadde vore ei "tyskarbrakke", på Ådland. Læraren var Lars Espelid. Skulen var kvar dag, inkludert lørdag, og Sverre veksla mellom å sykla, eller ta bussen til Ådland. Mange av kameratene hans tok denne utdanninga : Haukanes- gutane; Johannes og Sigurd, Alfred Steinsland og Anders Aldal.

Dei lærde å laga møbler, og mellom anna vart eit skap, to nattbord, ei seng, to kommodar og eit skrin snekra saman av Sverre! Ei veke var heile klassen dagleg til Gaupholm, der dei bordkledde eit hus. Det var berre gitar på snikkar skulen, jentene sitt parallell kurs var sy-skulen. Lærerinna deira var Anna Langeland. Dei to kursa var i kvar sin ende av den høvesvis store tyskar-brakka.

Dei hadde avslutningsfest i lag, og borddame vart bestemt ved uttrekning. Kvar jenta la ein av skoa sine i ein stor sekk, gutane måtte trekka seg ein sko. Sverre trekte lærerinna, Anna Langeland, sin sko! Kanskje ikkje den han helst ville hatt til borddame, men dei kom godt ut av det med kvarandre! Våren 1949 avslutta Sverre den 2-årige snekkerskulen. Ikkje lenge etter fekk han tilbod om arbeid, ikkje som snekkar, men på meieriet på Tysse!

Meieristen, Johan Langeland kom på besøk, han var på jakt etter ein arbeidsvillig ungdom, og hadde høyrte av Ole Bolstad at Sverre var ledig. Ein arbeidsavtale vart inngått, og 17 1/2 år gamal, 29. mai 1949, starta Sverre i sin fyrste jobb som hjelpegut på Samnanger Meieri. Løna var 180 kroner månaden. Etter eit år steig løna til 10 kr. dagen

Meieribygningen var ved kaien på Ytre Tysse, og meieriet var arbeidsplass for 8 personer: Meieristen sjølv og kona, Johan og Bergit Langeland. Dei var 3 hjelpegutar: Sverre Steinsland, Oddmund Totland (seinere lærar i Hardanger) og Vilmar Langeland (seinare lensmann i Os). Meierska var Marta Gåsdaal, og jentene som hjelpte henne, var Olga Lie og Hilda Svensdal.

Meieriet hadde 214 mjølkeleverandører, frå heile Samnanger utanom Nordbygda. Der hadde dei eit eige meieri. Bøndene frakta mjølkespanna sine til vegen, og mjølke bilen samla dei opp. Nokre plasser, som Tveit og Langeland, vart spanna frakta med hest og kjerre. "Mjølke båt" var der og. Den kom frå Solbjørg. Bøndene i Kvitingen, Dyrhovden og Grønsdal nytta rutebilen til si mjølkelevering, den gjekk kvar onsdag og lørdag.

Vitnemålet hans frå folkeskulen på Steinsland, underskrivne av Hans Tømmerbakk:

Sverre O. Steinsland
(Navnet på barnet.)

fødd 16/10 19 31 har gått igjennom folkeskulen og vart etter avgangsprøva utskreven
den 21/6 19 46 frå Steinsland skule,
med desse karakterane:

Kristendomskunnskap	Mykje godt.
Norsk skriftleg	Godt.
- munnleg	Mykje godt.
Soge	Mykje godt.
Geografi	Mykje godt.
Naturfag	Mykje godt.
Rekning og romlære	Mykje godt.
Skriving	Godt.
Teikning	Mykje godt.
Handarbeid	
Kroppsoving	Mykje godt.
Husstell	
) skriftleg	
) munnleg	
Orden	Mykje godt.
Åferd	Mykje godt.

Steinsland folkeskule i Samnanger den 21. juni 19 46.
(Navnet på kommunen.)

Hans Tømmerbakk
(Søner, lærer.)



Mjølke spannet (slik det ser ut i dag...) til Solveig og Ole Steinsland, leverandør nr. 48.

Sverre si første arbeidsoppgåve om morgonen var å lessa av og bæra inn dei fulle mjølke spanna. Det var meieristen sjølv som vog mjølka, og noterte i ein stor protokoll kor mykje kvar bonde leverte. Bøndene vart betalt ein gong for månaden, ikkje berre etter kvantitet, og etter kvaliteten, det vil seia feittprosenten.

All mjølka vart pasteurisert (oppvarming til 72 grader i 15 sekund, så nedkjøling til 4 grader). Dette auka holdbarheita og drap bakteriar/mikroorganismar .Etterpå vart storparten av mjølka, ca. 1000 liter, dagleg sendt vidare til Bergen med godsruta. Ein del vart seld på meieriutsalet, ein del vart separert og omgjort til smør og fløyte før salg. Frå gardene på Ulland, Jarland og Børdal, tok meieriet imot geitemjolk, og produserte brunost.

Prosessen å koka mjølka brun, tok 2-3 timer, og krevde mellom anna konstant omrøring, så mjølka ikkje la seg i botn. Denne røringa var ei av oppgåvene til unggutane, likeså å få kjelen rein igjen etterpå. Ingen lett jobb, det måtte skrubbekoster av stål til. Gutane tok av seg sokkar og sko, og brukte både føtter og armer i "skrubbeprosessen". I det heile mykje av arbeidet til Sverre var å vaska/reingjera kjelar, kar, spann, golv og dei ulike maskinene. Om det var dagar med mindre arbeid, var det alltid ein vegg som skulle kvitkalkast.

Ei arbeids-ulukke skjedde tidleg i meierikarrieren, då Sverre bar eit spann, med vatn på 70 grader, og det skvulpa over og oppi gummistøvelen hans! Etter førstehjelp med kaldt vatn, vart han sendt heim for å gå til legebehandling. Men mora/Solveig behandla brannsåret med eggekvite, og etter 3 dagar var Sverre på jobb igjen. Nokon doktor vart ikkje involvert .Meieristen sin bekymra replikk då ulykka skjedde høyrer med til historia: *"Og eg som ikkje har skrive deg inn i trygdekassen!"* Men, han var snartenkt, og tok ein rask telefon til kameraten, Josef Tveiten som var sjefen i trygdekassen, og Sverre vart innskriven retroaktivt!

Så lenge Sverre hadde gått i folkeskulen hadde det vore gratis tannlege besøk/ behandling ein gong for året. No var han blitt 19 år, og det var 5 år sidan siste gongen

Han prøvde lenge å ignorera murringa i tennene, men til slutt vart smertene for store og time vart bestilt hjå tannlege Brendefur som hadde kontor på Indre Tysse i Safa sine boliger. "Dommen" var hard: 24 hol og to tenner som måtte trekkjast.

Den første behandlinga var på to timer, (meieristen ringte midt i, og lurte på om han ikkje snart var ferdig? Det var mykje arbeid som venta på meieriet!) Etterpå gjekk

han kvar dag i ei veke, før all skade var retta opp... Tannlegerekninga kom på 240 kroner, men han fekk igjen 20 kroner på trygdekassen, 10 kroner for kvar tann som vart trekt, ingenting for all plomberinga.

Utanom å måtte betala tannlegeregninger, mykje av Sverre si lønning gjekk til kjøp av klede og sko, arbeidet på meieriet "sleit" hardt på begge. Han investerte og i fin klede. Lys bukse, blå genser og belte. Dette var antrekket laurdagskvelden då det vart arrangert dans i bygda, på omgang mellom Vonheim, Tveit og Nordbygda.

Året før hadde Samnanger Ungdomslag arrangert kurs i folkeviseleik/dans, kvar kveld i ei veke med ein tilreisande instruktør, Hvidtsten. Sverre likte godt å praktisere dansekunnskapene sine, og sjølvsagt kika etter fine jenter!

Ved juletider 1950, valde Sverre å avslutta arbeidet ved meieriet. Meieristen var ein grei arbeidsgjevar, men arbeidet var tungt, dårleg betalt og no om vinteren var det dagar det ikkje var behov for arbeidskrafta hans, (mindre arbeid i avsiningsperioden til geitene/ingen produksjon av ost).

3 dagar etter han hadde meldt seg arbeidsledig, fekk han ny jobb, denne gongen vart han tilsett hjå kommunen. På Tysse var det planar om nytt byggjefelt, og området skulle kartleggjast.

Det var ingeniør Børslid som fekk oppdraget, og Sverre vart assistenten hans.

Det var januar, og all oppmålinga skjedde sjølvsagt utandørs, det Sverre hugsar best frå dette arbeidet, var kor kaldt det var!

Mars 1951 vart Sverre Steinsland soldat i det norske forsvaret. Han hadde vore på sesjon sommaren før, reiste med bussen til Bergen i lag med alle Samnanger gutane som var fødd i 1931. Ein dag med lang ventetid for å gå igjennom dei forskjellige undersøkingene; skjermbildefotografering (tuberkulose screening), ein fysisk legesjekk og til slutt samtale med psykolog for å kartleggja den psykiske helsa. Det var den sistnevnte med sine inngående spørsmål som gjorde mest inntrykk;

"Svetter du i hendene?", "Er du mørkredd?", "Krangler foreldra dine ofte?", "Har du hatt intim kontakt med ei jente?"(!)

Sverre vart godtatt for militærteneste, innskriven som "Stridsdyktig A". Ei stund seinare kom det brev i posten; han var utteken til teneste i luftforsvaret, nærmare bestemt luftvernartilleriet i Soma militærleir ved Sola/Stavanger.

Fleire av kameratene hans vart sende lenger vekk, som Johannes Haukanes som hamna i Finnmark som grensevakt, eller Alfred Steinsland som kom i Tysklandsbrigaden. (Frå 1947-1953 var 50 000 norske soldater ein del av den allierte okkupasjonsstyrken i Tyskland, under britisk kommando).

12. mars 1951 var det 4 spente gitar frå Samnanger, som gjekk ombord i nattruta til Stavanger: Sverre, Otto Sjørusen, Olav Holmefjord og Svein Boga (dvs. Svein kom eigentleg frå Fusa).

Frå eit snødekt Stavanger vart dei køyrde i lastebiler til Soma. Denne leiren vart etablert under krigen av den tyske okkupasjonsmakta, og etter krigen blei leiren nytta som internering av tyske soldater til dei forlet landet juli 1946. Då vart Soma den sentrale utdannings leiren for luftvernsartilleri-gruppa på Vestlandet.

Dei var 170 nye rekruttar som vart delt i to bataljoner, 51A og 51B. 51A var for dei som kom frå Bergensregionen, inkludert Sverre. Dei budde 12 mann på kvart rom, i store brakker. Det var etasjesenger. Sverre hadde overkøye, og Kåre Hole frå Skyggestrand var i senga under.

3 ullteppe vart utdelt til kvar soldat, men ingen pute dei første to månadane, dei skulle læra å ha rett rygg!?





Frå venstre: Sverre Steinsland, Per Hitland frå Bergen, Hårvik frå Strandvik. Utanfor brakka dei budde i, før vaktteneste.

Bileta tatt av ein medsoldat, som hadde eit "kasseapparat". Sverre ytst til venstre i andre rekke. Oppstilling før utmarsjering/manøver øvelse.

Etter to månaders rekruttskule, med mykje marsjering og våpentrening, vart Sverre opplært - i lag med fem andre, til å bemanna ein luftvernkanon. Han var ansvarleg for sidevinkelen. Soma-leiren hadde 4 slike luftvernkanoner, "8,8 Flak", brukt av det tyske kystartilleriet i Noreg under krigen. Sannsynlegvis var dei ex- russiske, tatt som krigsbyte og ombygd av tyskarane frå 85mm (kaliber) til 8,8 cm.

Vel to år etter at Sverre avslutta militærtjenesta, vart denne luftvernkanona selt til "skrap". (Soma militærleir dvs. nokre av husa, er i dag Rogaland Krigsmuseum)



Døme på luftvern kanon, "Flak 88," bilde frå Internett

Om sommaren 1951, fekk Sverre innvilga søknad om bondeperm, han var ti dager heime på Steinsland og hjelpte til med slåttan. Det var ein ekstremt våt sommar, med mykje hesjing ...

Den neste permen var 4-5 dager i oktober, og heime på Steinsland hjelpte han til med håarbeidet og saueklippinga. Det vart og slakta ein sau, og Solveig laga mellom anna blodkaker. Nokre av kakene fekk Sverre med seg då han reiste, dei skulle han spara til bursdagen nokre dagar etter. Laurdag 16. oktober 1951 fylte Sverre 20 år, dagen vart feira med vakt tjeneste i vind og plaskende regn. Trøsten var at han hadde kjøpt ein Firkløver, som han midt i vakta gav seg sjølv som presang. Etter vakt skulle han kosa seg med blodkakene men oppdaga til sin store skuffelse at dei hadde mygla!

Løna til soldatene var først 1 krone dagen, seinare steig den til 1 krone og 50 øre. Av det måtte soldatene sjølv kjøpa nødvendige ting som barberblad og skosverte, Sverre hugsar seg sjølv som stadig blakk.

Det var i disse tider foreldra fekk brev frå soldatsonen, der han avslutta med " send meg en kake!"

Soldatane kunne sjølv avgjera om dei ville ha juleperm eller fri nyttår. Sverre valde nyttår, men har gode minner frå den militære julefeiringa. Julafta holdt feltpresten

andakt, der var underhaldning av ei sangerinne akkompagnert på gitar. Svinesteik vart servert til middag.

Dagen etter var dei til gudsteneste. Sverre har eit fint og høgtideleg minne av å vera ein av 20-30 soldater som marsjerte inn i Stavanger Domkirke 1. Juledag 1951, til reserverte plasser framme i kyrkja.



Menig Sverre Steinsland, militær nummer 44/20688/51.

Soma leiren hadde besøk av fotograf, hausten 1951. Merket på jakka var eit "marsj merke."

Soldatene under 20 år gjekk 20 kilometer; dei over 20 år gjekk 30 kilometer.

15. februar 1952, var dagen Sverre Steinsland, til sin store lettelse dimma frå militærtjenesten.

På nyttårsfest, då han var heime på perm, hadde Sverre møtt på Edvin Kulild. Han hadde arbeid i BKK dvs. Bergenhalvøen Kommunale Kraftselskap, i kraftutbygginga

av Bergsdals-vassdraget i Evanger kommune. (frå 1964 hørde Bergsdalen til Vaksdal kommune) Sverre bad han undersøkje om det var arbeidsmoglegheiter der for ein soldat som skulle dimme i februar, og eventuelt "leggja inn eit godt ord" for han. Dette hadde Edvin gjort med positivt resultat, og 25. februar 1952 begynte Sverre i BKK, og der skulle han ha arbeidsplassen sin i 44 år!

Bergen Kommune hadde kjøpt vassdragsretten til Bergsdalen i 1918 av Dale Fabrikker. BKK vart skipa i 1920, og året etter starta utbygginga på Dale. Det første aggregatet i Dale Kraftstasjon vart tatt i bruk i 1927, det siste/sjette i 1951.

Anleggsarbeidet for Fosse Kraftstasjon starta februar 1950, (då var allerede utbygginga av Hodnaberg Kraftstasjon i full gang). For å byggja Fosse Kraftstasjon måtte ein utnytta fallhøgda mellom Bergevatnet og Storefossen. Arbeidstyrken var 180 mann, og arbeidslengden skulle verta nesten 5 år. Ein 7,3 kilometer drifts tunnel vart bygd, den tok 30% av anleggskostnadene. (Opplysninger frå Vaksdal historielags nettsider, artikkel av Lars Ljone)

Utbygginga på Fosse hadde allerede pågått i to år då Sverre vart tilsett. Arbeidsplassen hans var på lageret: ut og innlevering, halda orden og oversikt over varelageret og utføra nye bestillinger. Han var operatør av ei lita taubane som transporterte mat/gods opp til den øvre røyrbana. Etter behov var han og sidemann på lastebilane, som transporterte varer frå toget på Dale. Løna var 3,01 kroner i timen, seinere steig den til 3,11 og den siste tida i Bergsdalen tente han 3,39 kroner i timen.

Arbeidarane budde i brakker, 22 mann i kvar, og Sverre hørde til i brakke nr. 14. Den var på sjølve Fosse, berre 2-300 meter frå lageret/verkstedet. Dei var to på kvart rom, og Sverre delte med Ole Haukanes, kameraten frå Samnanger som var mekaniker. Kvar brakke hadde eiga kokke, Berta Akselberg var i nr. 14. Løna hennar var 1 krone dagen frå kvar mann ho kokte for, pluss litt for vasking/reingjering frå BKK. Kvar mann betalte rundt 5 kr. og 20 øre dagen for kosten (varierte etter innkjøpa). Sverre som ikkje var bortskjemt i matveien, verken heimifrå eller frå militæret, var imponert over standarden. Til frukost kunne han velja om han ville drikke mjølk, kaffi eller kakao, og påleggutvalet var det største han hadde opplevd!

Sverre treivs godt, både med arbeidet og "brakke samfunnet" på Fosse, men helsemessig hadde han problem. Medan han framleis var i militæret - på ein utmarsj ein av dei siste dagene - glei han på isen og fekk eit kraftig slag. Sterke smerter i

ryggen med "stråling" ned i ein fot var resultatet. Han var framleis ikkje bra 14 dagar seinare, men valde å starta på det nye arbeidet. Han var redd han ville missa denne jobben om han ikkje møtte opp til avtalt tid/bad om utsetjing.

Utover våren og sommaren var det litt opp og ned, men ikkje verre enn at han takla det. Men ein morgon i oktober gjekk det ikkje lenger, med sterke smerter i rygg og fot. Han greide ikkje kome seg opp av senga.

Ulike "kjerringråd" vart utprøvd, som tjøredrev/stry dynka med parafin! (ein arbeidar hadde høyrte om dette rådet medan han arbeidde på Svalbard!). Men til lite nytte, og han vart sendt heim. Dr. Otterstad vart tilkalt, som konstaterte eit kraftig tilfelle av isjias, og Sverre vart sjukmeldt for 6 veker.

Tilbake på jobb gjekk alt bra nokre månader, til januar 1953, då skulle han måka snø og fekk eit nytt "knekk". Denne gongen sende Dr. Otterstad han til sjukehusbehandling, og han var innlagt på Hospitalet Betanien i Kalfaret/Bergen i 4 veker.



Operasjon var vurdert, noko Sverre var lite villig til, han hadde høyrte skrekkehistorier om dei som våkna opp att lamma! I staden vart han røntgenstråle-behandla 12 -14 gonger (!) og ellers skulle han halda seg mest mogleg i ro. Det var og tatt mål/ laga til han eit "støttekorsett" med stålpiler.

Dei var 7-8 mann på rommet, dei fleste med diagnosen magesår. Sverre hugsar greie medpasientar, og han fekk høyra mange interessante livshistorier.

Søster til faren, tante Konstanse, som budde i Bergen, kom på besøk annan kvar dag. Under opphaldet her, las han Morgenavisen kvar dag, og 28. januar 1953 las han til si forskrekking at våningshuset på nabogarden på Steinsland, bruk 6, "Erikane" hadde brent ned!

Ein måned seinare var han tilbake på jobb, noko "korsett" vart aldri brukt...

Sommaren 1953 var Sverre involvert i ei alvorleg ulukke: Han var sidemann på ein lastebil som hadde henta ei stor trelast frå toget på Dale, og skulle levera det på Berge. Vegen frå Dale og oppover Bergsdalen var både smal og bratt, berykta for sine skarpe hårnålsvingar. Lastebilen var høggeratta og sjåføren ny, og i "Bergsvingen" gjekk det galt. Den full-lasta lastebilen tippa over kanten, gjekk rundt to gonger før den vart stoppa av ein stor stein, og vart liggjande midt i den bratte lia. Ein mann som sat oppi lastekarmen greidde å hoppa av, det gjorde og arbeideren som stod på det høgre sidebrettet, men ikkje dei som sat inni, sjåføren og Sverre.

Ulykka skjedde nært Berge, og vart sett av arbeidere i tunnellaget. Dei ringte etter hjelp, og kom raskt til med tau og stigar. Sverre hugsar lite og ingenting av prosessen med å få dei ut av lastebilen og opp til vegen, men han har eit klart minne av at han vart boren inn i brakka på Berge, og utbrotet til den forskrekka danske kokka: "stakkars lille dreng! "

Både dokter og fleire frå "Røde Kors" var komen frå Dale, men til all lukka, både Sverre og sjåføren kom frå ulukka utan varige mein. Ei rift/sår i hovudet vart sydd med 4 sting, han var "blå slått", opphovna, oppskrapt og ikkje så lite "sjokkskada", men etter to dagers kvile i brakka på Berge, var han tilbake på jobb.

Den første tida i Bergsdalen reiste Sverre heim til Steinsland kvar helg. Frå Dale tok han tog til Trengereid, derifrå var det rutebil/haik med kjentfolk over Gullbotn til Samnanger. Seinare vart helga ofte tilbragt på Fosse. Romkameraten, Ole Haukanes, fekk låne ein jeep av BKK, og dermed vart det turer til Dale på kino og dans.

Det var eit tysk selskap som hadde levert dei største røyra til "røyrgata", og tre tyske montører budde ei tid på Fosse medan røyra vart samansveiste. Det var ein av dei, Herman Müller, som selde fotoapparatet sitt til Sverre for 15 kroner.

Det var denne sommaren det gjekk rykte i anleggsleiren på Fosse, at det var komen ungjenter på Øyestølen. Sverre og den tyske montøren, fann ut dei ville sjekke om dette var sant, og slik gjekk det til at Sverre Steinsland møtte Anne Mari Juvik for

første gong! Masfjordjentene, Anne Mari Juvik og Maria Birkeland hadde gått i lag på Fana Folkehøgskule, og etter avslutta skuleår fekk dei tilbod om sommerjobb; geitesti på Øyestølen i Bergsdalen. Dei var budeier for 105 geiter som dei mjølka morgon og kveld, og av mjølka laga dei ost.

Det var Johan Flatekval frå Eksingedalen som var eigar av geitene/arbeidsgjevaren. Dei hadde og med seg ein unggutt på 15 år, Kjell Steinestø, som gjetar. Jentene/budeiene, Anne Mari og Maria var to år eldre, 17 år.



Sverre ved Bergsvatnet og Anne Mari Juvik på Øye stølen, Bergsdalen sommaren 1954.

Lite visste Sverre og Anne Mari, at fem år seinare skulle dei gifta seg! 3 gonger gjorde Sverre seg ærend innom Øye-stølen, som låg ein halvtimes gange frå Fosse, og det første bekjentskapet vart etablert. Anne Mari var litt skeptisk til Samnangerguten som gjekk rundt å brifa med fotografiapparat, men han fekk poeng for både å væra morsom og sjarmerande, i tillegg imponerte han med kunnskap og erfaring med å laga ost! Fosse Kraftverk vart ferdig utbygd og tatt i bruk november 1954. Det hadde eitt aggregat og produserte 18 MV strøm.

Bilete av Fosse, kraftstasjonen midt på biletet, teke av Sverre, november 1954 Nede til venstre på bilde; Vakt og funksjonærbolig. Ved siden av kraft stasjonen: kontorbrakke, verkstedet, trelastlageret og det vanlege lageret. Brakke nr. 14 ser ein ikkje på bilde. Den låg litt lenger inne/oppi dalen.



Sverre hadde framleis arbeid på Fosse ei stund etter kraftverket var ferdig. Det var opprydding etter anleggsdrifta, og alt utstyr måtte bli ned pakka og sendt til bruk på det neste prosjektet.

Med andre ord, alt vart sendt til Matre i Masfjorden, der BKK si utbygginga av Matre og Haugsdals-vassdraget allereie var i full gang. Det var her Sverre fekk sin nye arbeidsplass, den første arbeidsdagen på Matre var 4. januar 1955.

Sverre kom til Matre sjøvegen, med båt frå Bergen. Dette var ein direkte ekstra tur/båt som «Nordhordland Dampelskap» hadde sett opp, for å dekke det store behovet for transport til alle BKK-arbeidarne, som skulle tilbake til arbeidet, etter jule/nyttårsferien. Billetten kosta 3 kroner og 75 øre. Ein tur på 6 mil som tok 6 timer, før dei kom til Matre, ei lita bygd innst i Masfjorden på veg til å verta eit stort "kraftsenter".

3. januar 1955, var ein kald vinterdag. Frå Eikemofossen måtte båten brøyta seg igjennom isen i fjorden.



Store og Little Matre, omlag 1915.

Allereie i byrjinga av 1900-talet vart heile Haugsdals og Matrevassdraget, kjøpt opp av forretningsmannen/spekulanten Blaauw. Han selde vidare til Fr.Hiort, som og kjøpte store deler av grunn arealet av sjølve Matre. Alt vart igjen selt til A/S Matrefallene, som starta kraftutbygginga, og planen var å byggja opp storindustri på Matre, der produktet skulle verta salpetergjødsel/kunstgjødsel!

Kort fortalt, to verdenskriger og dårlege tider stansa planene til A/S Matrefallene. I 1946 vart alt selt til Bergen Kommune, som igjen overførte alle grunn - og vassrettar til Bergenshalvøen Kommunale Kraftselskap - BKK.

Det første BKK- arbeidet starta på Matre i 1952, og då Sverre kom, januar 1955, var dei allereie komen langt i utbygginga av Haugsdalsvassdraget. Sjølve kraftstasjonen var under utgraving 120 meter inne i fjellet på Litle Matre, og likeså ein tunnel på 3 km som skulle frakta vatnet frå Gobotn -vatnet til Leinene, der røyrkata som gjekk ned til Matre, var under utbygging. I sommarhalvåret var det og veg, dam og tunnelarbeid på fjellet. Det var bygd bustad hus for dei tilsatte. I Einekavane to todelte, i tillegg til dei to BKK hadde overteke etter A/S Matrefallene. På Rabbane var det komt opp 5 hus, og 5 til var planlagt. "Hybelhuset" var bygd og der var 4 brakker på "tippen". I tillegg leigde BKK rom/heile Matre Hotell, og det var her Sverre budde den første natta på Matre. Han hugsar ei iskald natt i eit rom som ikkje var oppvarma, der han fraus under vatt-teppet sitt...



Matre Hotel vart bygd i 1911 av Ole S. Sandnes. Brukt først av A/S Matrefallene, og seinere BKK, i tillegg til sommerturister.

På Litle Matre hadde BKK bygd kontor og lagerbygning, med "kino salen" og taubana i øvre enden. I andre etasjen var der og nokre "hybel rom". Etter den første natta på hotellet var det her Sverre fekk plass. Med litt variasjon på kva rom og kven han delte det med, skulle han bu her dei neste ti åra!

Han hadde med andre ord kort veg på jobb, berre ned ein etasje, spesielt praktisk då han som køyrer av taubana vart tilkalt både kveld, natt og helg.



Taubana gjekk frå Matre til "Leinene", rett opp fjellveggen, her var det to brakker og innslag til tunnel/røyrgatebygginga.

Berre månader etter Sverre kom til Matre, mars 1955, vart den eine brakka teken av eit ras. Sverre hadde akkurat starta arbeidet ein morgon då han høyrde eit brak, og såg skredet av snø, iblanda delar av brakka med inventaret som senger, ovnar og komfyr, koma nedover fjellsida!

Heldigvis hadde brakka blitt evakuert nokre dagar før, på grunn av rasfaren og var tom for folk. Over den andre brakka vart det bygd «snø skjerm/plog», og arbeidet fortsatte... Det høyrer med til historia at dei «gamle» på Matre hadde åtvare mot å byggja brakka på denne plassen, då fleire snøras hadde gått nettopp på denne staden i tidligare tider.



Bilete teke frå Leinene,"det første stoppet til taubana, med utsikt ned på Matre.

Det var ikkje berre BKK som skapte aktivitet på Matre, "naboen" på Litle Matre var K -71. "Kull kompaniet av 1871" som beholdt namnet, men var blitt til eit sandkompani.

Uttak av sand på Matre vart først sett igang av tyskarane under den andre verdenskrigen. Dei trong mykje sand til bygging av ulike festningsverk og mellom anna ein svær ubåtbunker på Laksevåg. Arbeidet vart gjort av 200 russiske krigsfangar, vakta av 30 tyske soldater...

I 1951 fortsette K-71, eigd av Bergen kommune dette arbeidet, og store fraktebåter fulle av sand gjekk jevnleg frå Matre. Den utsorterte steinen av sanden vart samla på "tippen"/utviding av Tangen, ein kunstig oppbygd plass som seinere skulle bli brukt til fotball/idrettsbane og barne/ ungdomsskule.

For BKK var det praktisk å kjøpe sand av "naboen", og store mengder gjekk med til sementering mellom anna av kraftstasjonen og bygginga av dammar.

Arbeidsoppgåvene til Sverre var stort sett dei same som i Bergsdalen, berre at alt var i ein mykje større skala. På Fosse hadde han vore åleine om arbeidet på lageret, medan på Matre var dei 5-6 mann. Lagersjefen var Johannes Haukanes, ein av dei mange som og kom frå Samnanger. Løna til Sverre var 3 kroner og 39 øre i timen. Middag kjøpte han seg i ei av brakkene, ellers var det eit lite kjøken der han budde.

Heimreisa til Steinsland vart lengre, og utført 3. kvar helg, då han hadde fri laurdag - mandag. Han tok rutebåten frå Matre fredag kveld klokka halv tolv. Båten kom til Bergen laurdag morgon kl. 8. Frå Bergen var det buss til Samnanger.

Tilbaketuren starta mandag klokka 2 med buss til Bergen. Halv 5 gjekk rutebåten «Melanddrott» til Isdalstø, der var det buss til Fanebustsjøen. Siste etappe var rutebåten «Matredal» innover Masfjorden, som etter 6 timer la til kaien på Matre, halv tolv om kvelden.

Ikkje lenge etter Sverre kom til Matre, i ein samtale med arbeidskameratene om det var nokon som kjende lokale innbyggjarar, kunne Sverre fortelja om ungjenta frå Matre, han hadde møtt på geitesti sommaren før, i Bergsdalen. Då han fortalde at namnet på jenta var Anne Mari Juvik, vart han opplyst om både kor ho budde, og at ho arbeidde på telefonsentralen som var på hotellet.

Kort tid etter vart Anne Mari overraska av telefon frå Sverre Steinsland, og sakte men sikkert, utvikla kontakten seg til fast følge!



På «skomaker trappa», Matre, februar 1955. Sverre mellom venninnene Anne Mari Juvik og Dagny Fosse. Bilete var teke av Johannes Haukanes, kameraten frå Samnanger, (nevø til Johannes Haukanes som var leiaren på lageret) med Sverre sitt fotoapparat.

Anne Mari Juvik var fødd 21. mai 1937. Foreldra hennar var Jon Olaison Juvik og Svanlaug Martindotter Store Matre. Bror til Anne Mari, Ola, var 2 og eit halvt år, fødd 13. desember 1934, då søstera kom til verda.

Dei budde i Juvik, bruk nr. 10 under Haugsvær, nabobygda til Matre. Farfaren til Anne Mari, Olai Jonson, hadde fått skøyte på dette bruket i 1906, men det var tippoldefaren hennar, Ola Jonson som var den første som budde/bygde her, med festeseddel frå 1839. Han, og etterpå son hans, Jon Olson bygsla/var plassmenn, før Juvik kom offisielt inn i slekta i 1906.

Far til Anne Mari, Jon Olaison, f. 20.1 1908, var eldste guten av 7 søsken, og den som med tida skulle ta over garden.

Mor til Anne Mari, Svanlaug Martindotter, f. 2.2 1908, vaks opp på bruk nr. 1 på Store Matre. Frå 1744, då tipp tipp tipp oldefaren til Svanlaug, Sjur Knutson, fekk skøyte på bruket, hadde denne garden gått i arv frå far til son/dotter.

Jon Olaison Juvik og Svanlaug Martindotter Matre gifta seg i 1933, berre 6 år seinare døydde Jon i i ei fallulukke, desember 1939. Ein stor tragedie, som skulle bli endå større, då Svanlaug vart sjuk. 8 månader etter Jon sitt dødsfall. I august 1940, døydde Svanlaug Martindotter av kreft, 32 år gamal.



Jon Juvik



Svanlaug Matre.



Borna Ola og Anne Mari.

Spørsmålet vart, kven skulle ta ansvaret for borna til Jon og Svanlaug, Ola som var 5 1/2 år og Anne Mari på knappe 3 år ? Avgjerda vart tatt, at borna skulle veksa opp på Matre, hjå besteforeldra på mors sida, Martin Henrikson Matre og Anna Henrikdotter (Kringlebotn) Matre. Dei var i ein bedre finansiell situasjon, og dette var nok ein avgjerande faktor. Men vesle guten Ola fann seg ikkje tilrette på Matre, han lengta tilbake til Juvika, heimen han hadde vaksen opp i, og besteforeldra der, Olai og Sofia. Etter att Ola fleire gonger hadde tatt ut på eigen hand, der han forsøkte å «gå heim att», fekk han lov til det. Slik gjekk det til at bror og søster ikkje vaks opp i lag, men hjå kvar sine besteforeldre, Ola i Juvika og Anne Mari på Matre.

Kontakten mellom dei to familiane vart ytterlegare forsterka då søster til Svanlaug, Signy, gifta seg med bror til Jon, Håkon, og vart dei nye «ungfolka» i Juvika. Med tida vart Ola «storebror» til 4 doble søskenbarn. På Matre var det bror til Svanlaug og Signy, Hjalmar, som fekk skøyte på garden. Han og kona Åslaug fekk 3 born, som Anne Mari vart «storesøster» til.



*Anne Mari med kusinene, tvillingjentene Berit og Anne Margrethe Matre.
Ved trappa på Håjen/Hauen, sommar 1946*



Konfirmanten Anne Mari Juvik

Etter avslutta folkeskule, fekk Anne Mari sin første jobb, 14 år gamal. Ho var eit år på Talje, ei øy nær Stavanger, hjå Signe og Nils Gard. (Signe var dotter til Gina, søster til bestemora på Matre) Arbeidet var barnepass, hjelpe til i huset og i gartneriet.

Anne Mari Juvik var elev ved Fana Folkehøgskule 1953/54, den neste hausten begynte ho på syskulen på Frøyset , og etterpå fekk ho arbeid på telefonsentralen på hotellet på Matre. Det var her ho var då Sverre kom til Matre i januar 1955, og kjærleiken blomstra. Vinteren 1955/56 var ho elev på husmorskulen på Frekhaug.

Den første gongen Anne Mari kom til Steinsland var påskehelga 1956. Sverre tok ho med på ski/hyttetur til Breilia.



Breilia, påsken 1956 Begge med genser strikka av Anne Mari.



Sommaren 1956 besøkte Sverre og Anne Mari, søster til Sverre, Berit i Mandal.

Sverre Steinsland og Anne Mari Juvik ringforlova seg februar 1957.

Giftermål vart inngått 11. juli 1959. Eit skikkeleg «bondebryllaup» som vart feira i 3 dager. Rundt 130- 140 gjester var invitert, ei lett blanding av bygdefolk frå Matre, arbeidskamerater, venner og sjølv sagt familie og slekt.

Dei tilreisande gjestane kom til Matre fredag ettermiddag med innleigd direkte skøyte frå Fanebust. Dei vart innlosjert på Matre hotell og kveldsmat var servert på skulen: lettsalta fisk og flatbrød, rabarbrasuppe til dessert. Laurdag frakta rutebåten «Matredal» (og innleigd for anledningen) alle gjestene til Solheim, der kyrkja var. Både brur og brudgom var i nasjonaldrakt. Sverre hadde fått låna Malfred Vågset sin bunad. Kruna til Anne Mari var lånt frå Vindenes, bryststykke m.m var leigd frå Bergen. Bror til Anne Mari, Ola Juvik, som var flaggbærer, gjekk først i prosesjonen frå kaien på Solheim til kyrkja. Naboen frå Samnanger, Johannes Steinsland, var felespelar og kom som nummer to, før brudeparet og alle dei festkleddede gjestene.





Anne Mari Juvik og Sverre Steinsland vart vigde av misjon/vikar prest Hodneland.

Solheim kyrkja var ~ 25 år tidlegare blitt dekorert/rose malt av onkel til Sverre, målareren Hans Vindenes, gift med Johanna, eldste søster til Solveig. Han var ein av gjestene i bryllaupet, og seinare då han såg dette biletet, ytra ønskje om å måla det, men dessverre vart det ikkje utført... Tilbake på Matre, var det litt «fritid», som vart utnytta til fotografering, før alle samlast til festmiddag på skulen. Bilete av næraste familien: brudeparet, Solveig og Ole Steinsland, Berit og Ole Larsen med borna Reidar og Øyvind. Ola Juvik og Martin Matre.





Signy og Håkon Juvik med borna Jon, Astrid og Svanlaug/Tulla. Ola Juvik, brudeparet, foreldre og søster til Sverre, Henrik Matre (onkel til Anne Mari), Berit Matre

Bilete av (nesten) alle, samla i «Einleite bakken» Alle bileta teke av Otto Kolås. Han arbeidde på BKK og var i tillegg amatørfotograf. På oppfordring tok han oppdraget med å foreviga bryllaupsfesten.



Klokka to starta festmiddagen. Begge stovene på skulen måtte brukast for å få plass til alle gjestene. Svinesteik med tilbehør stod på menyen, kokt på hotellkjøkkenet.

Hjalmar Matre, onkel til Anne Mari var leiar for festen/var visevert, han brukte eit bukkehorn han bles i for å halde «styr» på forsamlingen! God mat og drikke, taler og songer, - stemningen var høg og timane for fort. Seinere på kvelden var det dans på låven, Johannes Asheim og Lars Schaathun var spelemenn, med hjelp av Alfred Rein og Johannes Steinsland. Trekkspel og fele var instrumenta. Klokka tolv om natta vart det servert nattmat; rømmegraut og spikekjøt, drikka var heimelaga øl.



Brura, Anne Mari, dansar med «Besten», Martin Henrikson Matre.

Dagen etter, søndag 12. juli vart det frukost på skulen til utenbygds-gjestane, og det siste felles måltidet var betasuppe. Klokka fem om ettermiddagen reiste dei siste gjestane, og vertskapet kunne pusta ut etter ein vellukka fest! Til all lukke var det strålende fint vår heile helga, regnet kom tilbake søndag kveld...

Midt oppi all feiringa var der og bekymring. «Besta» til Anne Mari, Anna Matre, var ved dårleg helse og svært svak. Ho hadde eit sterkt ønskje om å få ta del i seremonien i kyrkja. Det vart bestemt at sonen, Henrik, skulle køyre ho i bil til Solheim. Men då dei kom til Haugsvær vart ho så dårleg at dei måtte snu... Ho klarte ikkje ta del i feiringa, men gleda seg stort over brudeparet. Både ho og «besten» var godt fornøgd med valet til Anne Mari: den snille Samnangerguten med dei fine krøllene!



Brudeparet med Anna og Martin Matre, «besta og besten»

Anna Henrikdtr var fødd i 1882 , nummer to i ein søskenflokk på 12. Ho vaks opp på fjellgarden «Kringleboten». 1907 gifta ho seg med tremenningen Martin Henrikson Matre. Han var einebarn på gard nr.1 på Store Matre. Han hadde utdanning som underoffiser og hadde løytnant grad i kyst forsvaret. I tillegg til gardsdrifta var han ordførar i Masfjorden i over 20 år.

Anna og Henrik Matre hadde fire born: Svanlaug, Hjalmar, Henrik og Signy. Det femte «barnet» deira vart barnebarnet Anne Mari, frå ho var tre år til ho no flytta i eigen heim, 22 år gamal. Anna Henriksdtr Kringlebotten Matre døydde 5 månader etter bryllaupet, 12 desember 1959.

Nokre dager etter bryllaupsfeiringa kom Sverre og Anne Mari til Steinsland, og flytta «offisielt» inn i det nye huset dei hadde bygd. Søskenbarnet til Anne Mari, Jetmund Haugsvær, hadde bil og køyrde dei og «flyttelasset» til Samnanger. Nokon bryllaupsreise vart det ikkje, i staden vart sommarferien til Sverre brukt til slåttearbeid.



Våren 1958 starta hus prosjektet, huset stod ferdig sommaren 1959.

Huset dei bygde fekk altan, dette var ikkje vanleg og vart rekna for eit moderne innslag! I hagen vart det planta bringebær, rips, solbær og stikkelsbærbusker. Nye fruktrær vart kjøpt inn, og i tillegg til potet og gulrot dyrking, vart det laga jordbæråker. Det første barnet til Sverre og Anne Mari, ei jente, var fødd 24. september 1960. Ho fekk namnet Svanlaug, opptatt kalla etter mormora si.



Tre år seinare, 10. oktober 1963, kom ei jente til. Ho fekk namnet Grethe Kjerstin.

Sverre heldt fram med å arbeida på Matre. Han kom til Steinsland ei langhelg kvar 3. veke, i tillegg til feriane. Ingen ideell situasjon for den vesle familien...

Då det vart ledig bustad på Matre, vart avgjerda tatt, og Sverre, Anne Mari med dei to jentene flytta inn i Einekavane på Matre i januar 1966. Huset var eine delen av det huset som i dag er «Bjørn West museumet», som i si tid vart bygd av A/S Matrefallene. Dei kom ofte heim til Samnanger. Bilete frå påska 1966, på altanen på Steinsland: Svanlaug og Grethe på fanget til Solveig/ «Bestå» med «Besten»/ Ole bak. Tanta til Sverre, Konstanse, ved siden av Anne Mari. Framfor Sverre, Hans Morten Stensland. Det var mor til Hans Morten, Anna (Annemor) som var fotograf. (Søskenbarnet til Sverre, dotter til Hans Stensland, eldste bror til Ole) Dei budde i Oslo, og hadde tatt eit vestlands besøk.







Høsten 1968 flytta Steinslandsfamilien i ein ny todelt BKK bolig i Einekavane (huset ved siden av der dei budde først, bygd ~ 1952 då BKK starta opp på Matre). Nokre månader seinare, 22. februar 1969, var huslyden utvida med det tredje barnet, ein son. Han fekk namnet Per Ove, oppattkalla etter oldefaren og farfaren på Steinsland.



Over ; I hagen i Einekavane, mai 1969. Under: på Steinsland sommar 1969.






Fotografbesøk i Nordheimsund 1971: Grethe , Per Ove og Svanlaug.



I 1973 vart familien fotografert i peisestova i Juvika, under feiring av Jon, son til Signy og Håkon Juvik, sin konfirmasjon.

Det vart bygd 2 nye BKK hus på Matre i 1974, på «Kjerringholmen» ved elva/brua. Eit av dei vart i 1975 den tredje heimen til Sverre og Anne Mari på Matre. Her skulle dei bu dei neste 20 åra!





Matre, utsikt frå taubana. Foto: Y. Solt 1989

I godt vaksen alder tok Anne Mari hjelpepleierutdanning, og fekk arbeid i Masfjorden heimesjukepleie. Både Sverre og Anne Mari var aktive i bygdesamfunnet på Matre, med i ulike organisasjonar, dugnadsarbeid og festkomiteer. Sverre hadde vervet både som kasserar og formann av Idrettslaget Bjørn West. Han var til og med ei tid innvalt som styrar av indre Masfjorden Hagelag!

Anne Mari var medlem av Nasjonal foreningen for folkehelse, «Helselaget», og hadde vervet som formann i fleire år. Ho var innvalt ein periode i kommunestyret, der dei sosiale sakene var det ho engasjerte seg mest i - sat 8 år i sosialstyret/komiteen. Ho var og med i styret for Masfjorden Sparebank (seinare Sparebanken Vest). Kvar fredag var bridge kveld: Sverre, Oddbjørn Haugsvær, Olav Skulstad, og Alf Solheim var det faste firkløveret som møtest.

Sverre var ein ivrig fiskar, det vil seia garnsetjar. Han hadde båt liggjande i elva ved brua, og var eit fast syn i helga, enten på vei for å setje garnet eller dra det opp (dei populære plassene var Vågeneset og i straumen eit stykke utover Haugsdalsvegen).

Sjølvforsynte fiskemiddager i ulike varianter vart hyppig servert, Sverre sin spesialitet var plukkfisk av restane av gårdsdagens fiskemiddag!




Foto: Ivar Helge Matre

I slutten av 1970-talet skjedde det forandringar på tunet på bruk nr. 3 på Steinsland. Den gamle løa var på veg til å gå i oppløysing. Den eldste delen av bygningen var frå oldefar til Sverre, Knut Person si tid, og lite vedlikehald var blitt utført.



Over: Løa og huset, med Øyvind Larsen som 9-10 åring, ~ 1962

Under: Løa, sommar 1977



Den gamle løa vart riven ned i 1978, og sommaren 1979 stod ei ny «løe» på same plassen klar til bruk. Det var ein stor driftsbygning som i tillegg til hovudrommet hadde vedbu i eine enden og garasje i den andre.

1979 var og året den delen av huset Sverre og Anne Mari hadde bygd, igjen kom i dagleg bruk. 15 år etter att familien flytta til Matre kom no eldste dottera, Svanlaug, tilbake. Ho hadde gifta seg med Samnangerguten Svein Morten Tveit frå Tysse året før, og mai 1979 vart Lena, eldstebarnet deira, fødd. Den vesle huslyden budde her i 7 år, før dei bygde eige hus på «Bjørkhaugen» og vart naboer til gamletunet.

I desember 1979 døydde Ole Steinsland, far til Sverre, og fem år seinare, april 1984, mor hans Solveig. Den gamle delen/kårdelen av huset stod no tom.

I november 1986 flytta Svanlaug med sin familie til «Vesle Bjørkhaugen», og for første gong sidan bruket kom inn i slekta stod heile huset på garden tomt, utan folk!


I over 8 år hadde bruk nr. 3 på Steinsland «hytte-status», der Sverre og Anne Mari kom på besøk i helger og feriar. Det gamle naustet som bestefar til Sverre, Per Knutson, hadde bygd, var og i dårleg forfatning, og i 1990 vart det riven. Ti år seinare var det utbygging av molo i fjera, grunneigarane fekk utdelt tomt, og nytt naust vart bygd.



1995 var der igjen byggjeaktivitet på Steinslandstunet. No var det førebuing av «pensjonist- bustaden». Mellom anna vart stova utvida og nytt bad bygd. Dei to delane av huset vart avskilt, kvar med eigen inngang.

4. januar 1996, gjekk materialforvalter/lagersjef Sverre Steinsland av med pensjon, etter 42 år som BKK-medarbeidar, 40 år av dei på Matre.

Dei var 12 stykke av den gamle staben som gjekk av samtidig, og ein verdig avskjedsfest vart halden i «kinosalen».



Kontoret til Sverre var ved glaset nede til høyre.

Same månaden Sverre vart pensjonert, januar 1996, flytta han og Anne Mari tilbake til Samnanger. Dette hadde alltid vore planen, og Sverre var moden for å verta pensjonist, men sterke røter var blitt knytta til Matre, så det var med blanda kjensler dei reiste frå bygda. Tilbake på Steinsland fann både Sverre og Anne Mari seg fort tilrette. Gamle venskap vart fornya, og nye vart oppretta. Sverre deltok i kortspel/bridge her og. Begge var med på dei ulike aktivitetene Samnanger pensjonist lag arrangerte; den årlege vår/haust festen, felles turer i både inn/ utland, i tillegg til dei jevnlege/vanlege treffa. Anne Mari tok ekstra vakter på Aldersheimen i fleire år, før ho og vart pensjonist.

På nabogarden, bruk nr. 6, fortsette dei med dyr, dvs. sauer. Først Erling Steinsland, og etterpå sonen hans, Johnny, fekk graset/slo på bruk nr. 3 etter behov. Resten av «slåtten» gjorde Sverre sjølv, med hjelp av dei næraste. Den raude slåmaskina vart kjøpt «brukt» i 1968 (frå bruk nr. 2, då dette bruket vart selt til kommunen) og vart ein viktig del av garden dei neste 45 åra...





Bilete frå sommaren 1995: Anne Mari og Sverre, med barn, svigerbarn og 5 barnebarn. Det eldste barnebarnet, Lena, hadde fleire år hybel/budde i den gamle delen av huset til mormor og morfar.




20 år seinare hadde familien «utvida» seg, no hadde Anne Mari og Sverre 7 barnebarn og 2 oldebarn (november 2017 vart det tredje oldebarnet fødd).

November 2017 fekk Svanlaug, eldste dotter til Sverre og Anne Mari, skøyte på garden, og vart den nye eigaren av bruk nr. 3 på Steinsland.

I skrivande stund er ho og mannen Svein Morten i full gang med deira første byggjeprojekt på garden; ombygging og utviding av den gamle delen av huset.

Med andre ord; soga om garden og slekta går vidare...



*«Kår folka» på Steinsland, 2017
Sverre 86 år og Anne Mari 80 år*

Kjelder

Sverre Steinsland, Anne Mari Steinsland, Berit Larsen, Berit Sørensen, Margit Sjø,

Maria Løvskar, Solveig Røsseland, Borghild Sørås, Britt Haukanes

Samnanger bygdebok- Nils Lauskard

Samnanger historielag årbøker og fotosamling

Soga for Fusa, Hålandsdal og Strandvik - O.B.Skaathun.

Masfjordboka - Lars Nordland

Masfjorden sogelag; Fjon frå fjell til fjord

Digitalarkivet; kyrkjebøker, pante og grunnbokregister.

Ella Marie Vangsnes: Heilt andre tider, Fusa 1900-2000.

Vaksdal historielag nettsider

Norske gardsbruk, Hordaland fylke - oppslagsverk.

Atle Austestad: Nils Stålby- Karolinen i Samnanger.

Kunnskapsbasen Grind

Artiklar frå «Samningen» og «Os og Fusa posten»

Stor takk til alle kjelder, og ein spesiell takk til Anne Margrethe Hjemdal som las igjennom manuskriptet og retta opp ein litt «rusta» nynorsk!